

Smykke i to urbane miljø – ein komparativ analyse av smykke frå
mellomalderbyane Bergen og London



Susanne Iren Busengdal

Mastergradsoppgåve i arkeologi

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap

Universitetet i Bergen,

Våren 2012

Forord

Eg vil rette ein stor takk til professor Ingvild Øye for den gode rettleiinga og konstruktive kritikken eg har fått gjennom arbeidet med oppgåva. Eg vil også takke birettleiar Ole-Magne Nøttveit for mange gode råd og tips.

Eg vil takke dei ansatte på Bryggens museum, ein stor takk til Alf Tore Hommedal for god opplæring og tilrettelegging i magasinet. Eg vil også takke Tore Klyve for god hjelp med materiale som måtte hentast frå utstillingsmontrane. Stor takk til Espen Svendsen som var veldig hjelpsam med teknisk støtte då eg trengte det mest, eg er veldig takksam. Eg vil også takke førstekonservator på Bymuseene i Bergen, Trond Indahl, som var veldig hjelpsam angående informasjon om søljer med stempel.

Ein stor takk går også til medstudentar. Lesesalen hadde ikkje vore det same utan Ann-Kristin Dahlberg og Eirik Hjelmtvedt, tusen takk for oppturane og nedturane vi har delt saman. Ein stor takk grår også til vener, familie og kjærast. Eg vil takke systrene mine Silje og Henriette for god støtte. Eg vil også takke Jon Opedal Hove for språkvasking av oppgåva og til slutt Christian som har støtta meg gjennom medgang og motgang.

Bergen, 15.05. 2012

Susanne Iren Busengdal

Innholdsliste

Kapittel 1 Innleiing	1
1.1 Emne og mål	1
1.2 Dei to byane	2
1.3 Materiale.....	2
1.4 Undersøkingssområde og tidsavgrensing.....	3
1.3.1 Bryggen	4
1.3.2 London	5
1.5 Problemstillingar og perspektiv	6
2.1 Norske og nordiske studiar.....	8
2.2 London og Storbritannia	11
3.1 Teoretiske perspektiv	13
3.1.1 Stil som kommunikasjon	13
3.1.2 Materiell kultur og sosial identitet.....	14
3.1.3 Prangande forbruk	16
3.1.4 Mimicry	16
3.2 Metodiske tilnærmingar	17
3.2.1 Identifisering og klassifisering.....	17
3.2.2 Datering.....	17
3.2.3 Representativitet	19
3.2.4 Komparasjon	20
3.2.5 Skriftlege kjelder og bileteframstillingar.....	20
5.1.1 Fingerringar frå Bryggen	59
5.1.2 Fingerringar frå London	61
5.1.3 Bryggen og London	64
5.2 Kjeder	64
5.3 Perler.....	65
5.4 Anheng.....	65
5.5.2 Søljer frå London.....	67
5.5.3 Bryggen og London	69
5.6 Pilegrimsmerke	69
5.6.1 Bryggen	69
5.6.2 London	69
6.1 Handelsbyane Bergen og London	72

6.2 Smykke og kjønn	73
6.2.1 London	75
6.3 Status og sosial identitet.....	76
6.3.1 Bryggen	76
6.3.2 London	77
6.4 Materiell kultur og sosial identitet.....	77
6.4.2 Bryggen	78
6.4.3 London	78
6.5 Stil og materiell kommunikasjon	78
6.5.1 Stil og symbolbruk i Brygge-materialet.....	79
6.5.2 Stil og symbolbruk i London-materialet.....	80
6.5.3 Bryggen og London	81
7 Konklusjon	87

Figurliste

Figur 1.1 Kart over undersøkingsområda i Bergen, (Kart etter Elin Jensen 1994).....	S.4
Figur 1.2. Kart over dei undersøkte lokalitetane ved Themsen (Kart etter Egan & Pritchard 2002:2).....	S.5
Figur 3.1 Periodeinndeling basert på brannlagskronologi frå Brygge-utgravingane (1955-1969).....	S.18
Figur 4.1. Ringterminologi nytta av Egan og Pritchard (2002).....	S.22
Figur 4.2. Hammervold si gruppe- og undergruppeinndeling (Hammervold 1997).....	S.23
Figur 4.3 To gullringar med dekorert ringskinne.....	S.24
Figur 4.4 Gullring med ametyst og palmettforma skuldrer.....	S.25
Figur 4.5 Signetring med dekor av lothringenkross.....	S.25
Figur 4.6. Sølvring med spiralsnurra ringskinne og innskrifter.....	S.26
Figur 4.7. Messing/bronse ringar med dekor.....	S.26
Figur 4.8. Gullring med innskrifter av runer og latinske bokstavar.....	S.28
Figur 4.9 Tre gullringar med almandingranat frå London.....	S.30
Figur 4.10 Messingring med glascameo frå London.....	S.31
Figur 4.11. Kjede frå Bryggen.....	S.35
Figur 4.12 Molaug si gruppeinndeling av perler (Molaug 1998:27).....	S.37
Figur 4.13 Perler frå Bryggen, eit smykke og ei armlenke av rav og glas.....	S.38
Figur 4. 14. Ravperler funne på ei silkesnor frå London.....	S.39
Figur 4. 15. Ampulle frå Canterbury funne på Bryggen.....	S.40
Figur 4.16 Søljeterminologi i (Deevy 1998:6).....	S.42
Figur 4.17. Gullsølje frå Bryggen.....	S.43

Figur 4.18. Sølvsølje med innskrift og motiv av gripende hender.....	S.44
Figur 4.19. Bronsesølje med blomedekor.....	S.44
Figur 4.20. Sølje frå Bryggen med figurform av to dyr.....	S.45
Figur 4.21 .Rektangulær sølje med blomedekor.....	S.47
Figur 4.22.Søljor med stein og dekor.....	S.48
Figur 4.23 Sølje med motiv av ein hane og ei høne i paringsakt frå London.....	S.50
Figur 4. 24. Viser ein naken menneskelikande figur frå London.....	S.50
Figur 4.25. Pilegrimsmerke frå Lucca, Italia.....	S.55
Figur 5.1 Viser pilegrimer med ulike former for pilegrimsmerke	S.80

Tabelliste

Tabell 4.1. Oversikt over ringane frå Bryggen.....	S.29
Tabell 4.2. Ulike koparlegeringringar frå London.....	S.30
Tabell 4.3. Oversikt over tinn/bly-ringar frå London.	S.31
Tabell 4.4. Samanfating av ringmaterialet frå London.	S.34
Tabell 4.5. Gruppeinndeling av perlematerialet frå Bryggen.....	S.37
Tabell 4.6. Oversikt over perlematerialet frå London	S.38
Tabell 4.7. Oversikt over materiale og dekor i søljene frå Bryggen.....	S.46
Tabell 4.8. Oversikt over dekor på søljene frå London	S.47
Tabell 4.9 Tinn søljor frå London.....	S.48
Tabell 4.10 Bly-tinn søljor frå London.....	S.49
Tabell 4.11 Dekor i bly-tinnmaterialet.....	S.50
Tabell 4.12. Gir ei samla oversikt over rammeformene i søljene frå London.....	S.53

Tabell 4.13. Ei samla oversikt over dekor i søljematerialet.....	S.52
Tabell 4.14. Syner ei oversikt over pilegrimsmerker og ampullar frå London.....	S.56
Tabell 5.1. Samla kronologisk oversikt over materialet frå Bryggen.....	S.69
Tabell 5.2. Kronologisk fordeling av smykkematerialet frå London.....	S.69

Diagramliste

Diagram 4.1. Ringstorleikar i Brygge-materialet.....	S.27
Diagram 4.2. Vekt i Brygge-materialet.....	S.28
Diagram 4.3 Samla oversikt over ringmål frå London.....	S.33
Diagram 4.4. Storleiken av ytre mål på søljene frå Bryggen.....	S.46
Diagram 4.5. Storleiken til søljer frå London målt etter ytre diameter.....	S.52
Diagram 5.1 Kronologisk fordeling av ringar frå Bryggen.....	S.59
Diagram 5.2 Kronologisk fordeling av ringar frå London.....	S.61
Diagram 5.3 Kronologisk fordeling av søljematerialet frå Bryggen.....	S.65
Diagram 5.4 Kronologisk fordeling av søljematerialet frå London.	S.66

Kapittel 1 Innleiing

1.1 Emne og mål

I det europeiske mellomaldersamfunnet som var prega av hierarki og status, spelte smykke ei viktig sosial rolle (Campbell 2009:8-9). Å smykke seg som del av den ytre framtoninga uttrykte og symboliserte også sosial identitet. Sjølv om vi i dag ikkje veit kva dei ulike smykkene har betydd for mellomaldersmenneska, er det tydeleg at dei har hatt ei spesiell kommuniserande rolle gjennom stil, dekor og utforming.

I denne masteroppgåva vil eg ta føre meg og samanlikne mellomaldersmykke frå to ulike bysamfunn i mellomalderen, Bergen og London. Utgangspunktet vil vere funn frå Bryggen i Bergen og utgravingar frå hamneområdet ved Themsen, det såkalla «London waterfront». Med smykke meiner eg her lause prydgjenstandar med ei stilmessig rolle gjennom dekor og utforming, slik som fingerringar, kjeder, perler, anheng, søljer og pilegrimsmerker, men som ikkje funksjonsmessig var direkte knytt til klesdrakta. Både gjennom klede og ved å smykke seg kunne ein understreke si eiga rolle på den sosiale rangstigen, og kva slags gruppe ein søkte tilhøyr med. Ramma for masteroppgåva gjer at eg har avgrensa meg til dei lause smykkene. Med utgangspunkt i ulike smykke vil eg sjå etter trekk som indirekte kan gi indikasjonar på sosial og økonomisk status, kjønn, sivilstatus, yrke og kulturkontakter og om mogleg etnisitet.

Hovudfokuset i analysen av gjenstandane vil ligge på materialet frå Bryggen; dette fordi det er lettare tilgjengeleg og fordi materialet frå London i stor grad alt har vorte skildra og dokumentert med bilete. Når eg vel å analysere smykke frå Bergen og London er det fordi dei har fleire fellestrekk, dei var begge internasjonale, mangefunksjonelle storbyar i sine respektive land, og romma menneske med ulik bakgrunn og etnisitet. I begge områder har det vorte gjort omfattande utgravingar i nyare tid. Gjennom ei komparativ analyse i to ulike urbane miljø vil eg sjå etter likskapar og forskjellar i smykkematerialet og om det har vore ei felles eller ulik utvikling innan stil og mote i dei to byane. Eg vil også diskutere kva slags kommuniserande rolle smykke kan ha hatt i ulike sosiale samfunnsgrupper, og i kva grad smykke vart etterapa i billigare materiale. Mellomalderssamfunnet hadde mange normer og regelverk som forbaud menneske frå lågare grupper til å kunne smykke seg som i dei høgare sjikta. Eg er interessert i å sjå i kva grad dette var tilfelle. Eg vil også sjå på metallsamansetninga i dei ulike gjenstandsgruppene og om desse er like/ ulike i Bergen og London.

Smykka har i begge områda vore i bruk frå byrjinga av 1100-talet og fram til byrjinga av 1500-talet, som utgjer ein periode på 400 år. Samla utgjer studiematerialet 296 gjenstandar, der 124 gjenstandar er funne på Bryggen i Bergen og 172 frå Themsen-området i London.

1.2 Dei to byane

Bergen var ein forholdsvis ny by på byrjinga av 1100-talet og vaks raskt til å verte eit viktig handelssenter og den største byen i landet, medan London har ei betydeleg lengre historie. I løpet av 1100-talet etablerte Bergen og London eit nært handelssamband av eksport- og importvarer. Til Bergen kom handelsskip både frå nær og fjernt, mellom anna frå England. Skriftlege kjelder fortel at byen på dette tidspunktet hadde etablert handelssamband særleg med byar på austkysten av Dei britiske øyar, men òg til nordeuropeiske byar som Lübeck, Brügge og ei rekkje andre byar langs Austersjøen (Helle 2006:15, 364-65). Under Hansaen vart det etablert egne kontor både på Steelyard i London og på Bryggen i Bergen, det sistnemnde rundt 1360 (Helle 2006: 131).

I mellomalderen var London ein europeisk metropol, og med det høgaste innbyggjartalet var dei ein leiande by innan industri og handel (Keene 1995:226). London vaks raskt som by, særskilt på ei side av Themsen (Schofield 2011:4, 34). Sør i *Thames Street*, ved dagens Cannon Street togstasjon, låg det hanseatiske handelskvarteret, Steelyard. Hanseaterane fekk lisens til å drive handel alt i 1157. Steelyard vart frå slutten av 1100-talet eit senter for import og eksport og var i over tre hundreår knutepunktet til tyske handelsmenn i London (Schofield 2011:129f). Hanseaterane utgjorde likevel ikkje same økonomiske og politiske rolle i London som i Bergen (Keene 1995:226). Det er difor interessant å sjå i kva grad dette har sett merke i smykkematerialet og kva mønster som teiknar seg i dei to områda i desse firehundre åra frå 1100–til 1400- talet.

1.3 Materiale

Oppgåva tek utgangspunkt i tidlegare utførte studie i Bergen og London som eg vil dra nytte av for å belyse spørsmåla over. Tidlegare har Sonja Molaug (1998) skrivne ei hovudfagsoppgåve om smykke og draktutstyr frå mellomalderbyen Bergen. Ho har til ei viss grad også samanlikna med smykke frå London, men ut frå andre perspektiv og i mindre omfang enn eg har valt for mi oppgåve. Molaug har identifisert, klassifisert og datert eit stort gjendstandsmateriale, som

femner om 408 smykke og draktutstyr frå ulike utgravingar i Bergen. Ho har sett på materialet både på makro - og mikronivå, der ho har laga eit romleg oversyn knytt til bygningar og strukturar i Bergen og ho har sett etter endringar i materialet gjennom tid og rom, men òg den sosiale rolla knytt til gjenstand og brukar og i høve til draktmota i mellomalderen (Molaug 1998:67). I oppgåva vil eg særleg nytte meg av Molaug sin identifikasjon, klassifikasjon og datering av materialet. For å kunne samanlikne materialet frå Bryggen med materialet frå Waterfront-området i London har eg sjølv analysert smykkka frå Bryggen ut frå materiale, form og dekor. For typar som fingerringar og søljer har eg også sett på storleik og vekt. Det gjer det mogleg også å få rom til ei meir djuptgåande samanlikning med London-materialet enn det ho kunne gjere med sitt hovudfokus på Bergen og for eit utvida perspektiv på Brygge-materialet.

Når det gjeld London har dei engelske arkeologane Geoff Egan og Frances Pritchard i katalogen og boka *Dress Accessories* (2002) teke føre seg i smykke og draktutstyr av metall som har vorte funne under mellomalderutgravingar langs Themsen. Det er deira arbeid som vil vere basis for samanlikninga med Brygge-materialet. For å gjere dateringsarbeidet enklare har tidlegare utgravingsarbeid her vorte samanlikna med nyare undersøkingar, då hovudsakleg frå 70 og 80-talet. Dei fann at gjenstandar frå høgare sosiale sjikt i stor grad er fråverande, og materialet inneheldt mange einsarta og enkle former for dekor (Egan & Pritchard 2002:viii). Alle områda som har vorte undersøkte ved Themsen har òg gitt eit stort funnmateriale med generelt gode bevaringsforhold. Drakt og smykkematerialet funne ved Themsen viser i det heile varierende former. Eg vil altså særleg sjå på det sosiale aspektet ved smykkematerialet, for så å kunne knytte dette til ulike problemstillingar innan stil og mote, som uttrykk for sosial identitet.

Mitt utvalte materiale frå London omfattar smykketypane, fingerringar, kjede, perler, anheng, søljer, og pilegrimsmerke. Eg vil i hovudsak nytte studien til Egan og Pritchard, då desse gir ei grundig innføring i både funnstadene og gjenstandsmaterialet sin kontekst. Samtidig er dei også inne på emne som metallanalyse og kva slags metall som var vanleg å nytte innan dei ulike gjenstandsgruppene, då blant anna knytt til menneska si sosiale identitet.


1.4 Undersøkingssområde og tidsavgrensing

I Bergen er det gjort funn av draktutstyr og smykke frå heile 38 lokalitetar, medan ein i London har 17 lokalitetar knytt til nærområdet langs Themsen. Sidan dette er ei komparativ analyse med materiale frå London har eg avgrensa området i tid og rom. Det aktuelle materialet frå Bergen er datert til perioden ca. 1120 til 1476, medan London-materialet skriv seg frå ca. 1150-

1450. Materialet fell såleis godt saman i tid, som gjer det mogleg å sjå ei felles/eventuelt ulik utvikling i dei to bysamfunna. Sjølv om oppgåva vil måtte avgrensast i høve til klesdrakta, vil eg òg sjå om smykkestilen endra seg i takt med skiftande klesmote, men då på eit meir overordna nivå.

1.3.1 Bryggen

Med sine parallelle bygardar plasserte langs kaiområdet var Bryggen ein sentral del av mellomalderbyen Bergen. Eg har valt å avgrense smykkematerialet nett til dette viktige handelsområdet, både fordi det er her det er gjort dei mest omfattande utgravingane, og ein har ein sikrare funnkontekst her enn andre stadar i Bergen. Eg vil som nemnd nytte Molaug si områdeavgrensing som er frå Dreggsallmenning i nord via Bryggen til Øvregaten i aust og Vetrilidsallmenning i sør (Molaug 1998:95). Dette området er også det mest funnførande, då over 8026 m² har vorte utgrave her (Hansen 1994), med dei store Brygge-utgravingane (1955-1968) som den desidert største. I alt 251 av 408 smykke og draktgjenstandar har vorte funne på Bryggen (Molaug 1998: 95).



Figur 1.1 Kart over undersøkningsområda i Bergen, der nr 3, 4, 5, 6, 12, 13-14, 15, 16-19, 21 og 23 er dei lokalitetane eg vil sjå på i Bergen (Kart etter Elin Jensen 1994).

Brygge-området i Bergen har sidan 1950-talet hatt ei rekkje store utgravingar, der den største (BRM 0) pågjekk i heile 13 år etter ein bybrann i 1955. Dei fleste funna er frå denne gravinga. Eg vil her gjere greie for dei andre lokalitetane som er undersøkt på Bryggen, og museumsnummera knytt til desse. Lokalitet 3 er øvre Dreggsallmenning 2-4, og Dreggsallmenning 14-16 (BRM 237), medan lokalitet 4 er Dreggsallmenning, nedkjøring til SAS-hotellet (BRM 83). Lokalitet 5 er Sandbrugaten (BRM 39) og 6 er Brygge-utgravningene (BRM 0). Lokalitet 12 er Rosenkrantzgate 4 (BRM 79), 13-14 er Kjøpmannstuen grunn (To B-nr.), 15 er Leppengården (B-nr.), 16-19 er Tyskebyggen (4 ulike B-nr.). Lokalitet 21 er Finnegården 3A (BRM 110), medan 23 er Vetrilidsallmenning (BRM 342).

1.3.2 London

London Museum utførte på 70- og 80-talet ei rekkje utgravingar knytt til kaiområda og nærområdet til Themsen. Her vart det funne godt bevarte smykke og drakttilbehør, hovudsakleg i fylling og avfallslag som vart nytta til å utvide kaiområdet ved Themsen i mellomalderen. Gjenstandsmaterialet er gjennomgåande av god kvalitet og er godt bevart (Egan & Pritchard 2002:vii). I forhold til Bryggen med sin brannlagskronologi, er gjenstandane i London daterte ut frå stratigrafi, der ein har ved hjelp av myntar, dendrokronologi og keramikk har etablert keramikkkfaser. Gjenstandane her ser i hovudsak til å ha vorte dumpa på staden, men også nokre enkle funn tyder på at dei har vorte mista. Det dreier seg og til ei viss grad om produksjonsavfall (Egan & Pritchard 2002:2 ff). I alt 17 lokalitetar har vorte undersøkte knytte til smykke og mellomalderdraktmateriale her. Eg vil sjå på 11 av desse og konsentrerer meg om dei frå hamneområdet til Themsen. Stadane blir refererte til med initialane til området og årstalet dei vart utgravne.



Figur 1.2. Kart over dei undersøkte lokalitetane ved Themsen. Dei lokalitetane som er innafor den raude ramma er dei eg har valt å sjå på. (Kart etter Egan & Pritchard 2002:2).

Lokalitetane er: (BC72) *Baynard house, Queen Victoria Street*, «*Baynard Castle Dock*: To store avfallsdepot vart utgravne her, knytt til ei steinkai, kalla «*East Watergate*», som er datert til keramikffase 11 (ca1350–1400). Den eine depotgruppa inneheld gjenstandar som kan knytast til eit elitemiljø i London, men konteksten er usikker sidan det er enkle kvardagssmykke som dominerer i funnmengda (Egan & Pritchard 2002:4). (CUS 73), *Old Custom House, Lower Thames Street*: Her vart det grave ei sjakt med funn av både avfall og hamnedepot. (SH 74), *Seal House, 106-108 Upper Thames Street*: Fire brygger av tre er her vorte daterte frå 1133+ til 1193+, men funna her er i liten grad relevante for meg (Egan & Pritchard 2002:9). (TL 74), *Trig Lane, Upper Thames Street*: I hovudsak funn frå gjenvinnings- og hamnedepot frå ca. 1250 til 1440 (keramikffase 8-12). (SM 75), *St Magnus Church, Lower Thames Street* er eit smalt område ved elvebreidda (Egan & Pritchard 2002:11-12). (SWA 81), *Swan Lane, 95-103 Upper Thames Street*: Fleire draktgjenstandar er funne her og daterte frå seint 1200-tal til tidleg 1400-tal (Egan & Pritchard 2002:9). (BIG82), *Billingsgate Lorry park, Lower Thames Street*: Her er funne fleire avfallsdepot datert til keramikffase 6 og 8. Slam frå elva har somme stader lagt seg over landområdet, og det vart difor vanskeleg å vite kva som kjem frå avfallsdepot og kva som stammar frå elvekanten (Egan & Pritchard 2002:4). (BWB83), *Billingsgate lorry park*: Eit rikt funnmateriale frå hamneområdet og omrota depot funne i elva er datert frå keramikffase 6-12. (BOY 86), *City of London Boys' School*: Funn av avfallsdepot daterte til slutten av seinmellomalderen (Egan & Pritchard 2002:6). (SUN 86), *Sunlight Wharf, Upper Thames Street* består også av gjenvinnings- og hamnedepot (keramikffase 6-12). (TEX 88), *Thames Exchange, Upper Thames Street*: Rikt funnmateriale, mellom anna produksjonsspor av støypeformer til kopar, tinn og blylegeringar (Egan & Pritchard 2002:9 f)..

1.5 Problemstillingar og perspektiv

Målet for denne oppgåva er som nemnd å vurdere funn av smykke frå Bryggen og London frå eit sosialt perspektiv. Ved å samanlikne smykke frå to samtidige bysamfunn med handelssamkvem og kulturelle kontaktar i mellomalderen, vil eg undersøke i kva grad det finst likskapstrekk eller om det var store forskjellar. Det er særleg den symbolsk- kommunikative sida knytt til smykke eg vil sjå nærmare på i høve til sosial status, kjønn og gruppetilhøyrse til den som har nytta gjenstanden. Analysen av gjenstandar frå handels- og hamneområda til dei to byane opnar for mange spørsmål knytte både til både økonomiske og sosiale aspekt. Stil og

moteimpulsar er òg viktige i ein slik samanheng sidan begge var internasjonale handelsbyar med handelssamkvem. Det hanseatiske handelsforbundet var også representert i begge byane. Det er difor interessant å sjå om dette var med å skape ein felles stil og mote.

Stil leiår til vidare spørsmål om sosial identitet, og kva smykke kan fortelje om eigaren. Var det i bruk av ei kvinne? Eller var det mest menn som smykka seg i desse handelskvartera? Er der endringar over tid? For å kaste lys over desse spørsmåla vert det difor viktig å setje seg inn i kva slags kontekst smykka har vorte funne i og kva slags forfatning dei var i.

Følgjande problemstillingar vil ut frå dette bli analysert og drøfta i oppgåva der alle spørsmåla blir analysert og drøfta i eit jamførande perspektiv:

- Kva smykke finst i dei to byane frå perioden? Her vil eg gjere greie for smykka frå dei to byane og sjå om det er mykje likt materiale eller om det er forskjellar, og kva dei enkelte bestod i med omsyn til materialval, materialkategoriar og utforming.
- Er det teikn på felles/ulike trendar i dei to byane? Når dukka ulike gjenstandar og stilformer opp?
- Korleis har smykka sin stil inngått i ein materiell kommunikasjon? Eg vil her sjå om det er ei merkbar endring i stil i dei to områda, og korleis stil kan vere med på å vise smykka si kommunikative side.
- Kan smykka fortelje noko om personen som har bore dei, når det gjeld gruppetilhøyrslø kjønn og sosial status, yrke og urban identitet. Ved å analysere materialdekor og utforming i materialet ønskjer eg å sjå kva informasjon desse kan gi, om det er mogeleg å seie noko om brukaren og samfunnet rundt.
- Kven har smykka vorte laga til? Er det snakk om etterlikningar/kopiar av elitesmykke hos dei lågare sosiale gruppene?

I det neste kapitlet vil eg gjere greie for kva som tidlegare har vore gjort omkring desse spørsmåla, for å vise kva eg dreg nytte av i mi eiga framstilling.

Kapittel 2 Forskingshistorisk bakgrunn

Sidan oppgåva har eit komparativt perspektiv vil eg ta føre meg både nordisk og britisk forskningshistorie knytt til emne som har relevans for mine problemstillingar. Generelt har drakt og smykkestudia ei skildrande, klassifiserande og daterande tilnærming av kunsthistorikarar og arkeologar. Der ligg òg nokre meir populærvitskapelege tekstar føre som tek føre seg klesmota gjennom mellomalderen og som er viktige som bakgrunnskunnskap og kontekst.

2.1 Norske og nordiske studiar

Av eldre studie knytt til smykke som kan nemnast er av kunsthistorikaren Thor Kielland (1927) sitt verk *Norsk gullsmedkunst i middelalderen*. Sjølv om dette er eit verk i liten grad bli nytta i denne oppgåva, er den viktig som bakgrunnskunnskap sidan den omhandlar smykkemateriale og handel frå Noreg. I boka *Middelalderske byfund* tek arkeologen Sigurd Grieg (1933) føre seg smykke som til då var funne i Oslo og Bergen. Dette verket har eg nytta for å få ei breiare oversikt over smykkemateriale funne i Noreg, då hovudsak Bergen, men som altså treng oppdatering.

Eit viktig bidrag som derimot har direkte relevans for mi studie er Alf Hammervold si magisteroppgåve *Fingerringar frå middelalderen i Norge: en undersøkelse av fingerringar frå middelalderen og ringar av middelaldertype* frå 1997. Den tek føre seg funn av fingerringar og er dessutan ringar som er nemnde i skriftlege kjelder frå mellomalderen, mellom anna diplom. Han ser her på ringen sin bruksfunksjon, men òg som symbol og verdi. Han legg også vekt på ringane sin dekor. Han har vidare utarbeidd ein katalog over alle ringane nemnde i oppgåva, også med ringar frå Bergen, eit materiale som Molaug også har nytta i sin analyse. Arbeidet er såleis ei viktig kjelde for mi oppgåve, fordi han har dokumentert materialet på ein måte som gjer det mogleg å nytte det ut frå dei perspektiva eg ønskjer å ta føre meg, mellom anna ringen som symbol og statusobjekt.

Sonja Molaug sin analyse smykke og draktutstyr frå Bergen i hovudfagsoppgåva *Smykker og draktutstyr i middelalderens Bergen* (1998) er alt nemnd, og dannar eit viktig utgangspunkt for mi eiga oppgåve. Ho har som nemnd klassifisert og datert materialet og har i tillegg prøvd å knytte dette opp mot brukar, og ho er også så vidt innom handelsaspektet. Molaug har mellom anna prøvd å sjå det sosiale ved gjenstandane ved å dele dei i grupper, basert på materialet dei er laga av. Molaug prøvar å skilje gjenstandane sitt bruksområde knytt til kva slags sosial funksjon desse kan ha hatt. Særleg klassifikasjonen og dateringane til Molaug er viktig som

grunnlag for mi eiga undersøking. Molaug si undersøking gjer det dermed mogleg for meg å utvide perspektivet og nytte det i ei jamførande studie.

Meir enn ti år etter Molaug tok Synnøve Viken opp mykje av det same tema i si masteroppgåve *Å smykke seg. Draktilbehør og sosiale strategier belyst ved arkeologisk materiale frå middelalderens Trondheim* (2009). Her tek ho for seg draktilbehør frå Trondheim, som ho til ei viss grad samanliknar med materiale frå Bergen og London. Eit av måla er å sjå om det har vore eit etablert handelsnettverk i mellom desse, men er òg inne på sosiale perspektiv knytt til smykkematerialet, særleg knytt mot handel. Hennar oppgåve er likevel nyttig som referansmateriale sidan ho trekk inn til dels samemateriale som meg.

Visa Immonen har i boka og katalogen *Golden Moments: Artefacts of Precious Metals as Products of Luxury Consumption in Finland c. 1200–1600* (2009) skrive mellom anna om smykkegjenstandar like mitt materiale. Denne er relevant for meg for å få eit innblikk i dei ulike smykketypane, med hovudvekt på utforming og dekor.

Den svenske arkeologen Lars Andersson (1989) har i doktoravhandlinga *Pilgrimsårken och valfart* teke for seg pilegrimsmerke som også eg vil sjå nærmare på. Her dekkjer han Skandinavia, der også pilegrimsmerke frå Bergen er med. Han har undersøkt merka sin produksjonsstad, funnstad og geografisk spreining og vidare distribusjon. Viktig for min del er hans vurderingar av merka sin sosiale funksjon og har også nyttig informasjon om framstillingsstadane til merka som er funne på Bryggen.

I ei meir populærvitskapleg framstilling har Anne Ågotnes (1979) teke føre seg smykke og draktilbehør i utstillingskatalogen *Pryd for sin tid*. Denne gir eit godt oversyn over ulike smykke frå forhistorisk tid til og med mellomalder på Vestlandet, men vert her mest nytta for å danne meg eit bilete av smykkematerialet i eit lengre tidsperspektiv og frå ein arkeologisk synsstad.

For å kunne sjå materialet i ein vidare bykontekst er Knut Helle si bok *Bergen bys historie: Bind 1. Kongssete og kjøpstad. Fra opphavet til 1536* (1982) nyttig for å få innblikk i Bergen sitt handelsnettverk og korleis denne gjekk føre seg, særleg når det gjeld på Bryggen og hanseaterane som etter kvart spelte ein viktig rolle, og kjeldegrunnlaget som ligg til grunn. Første delen av boka *Norsk Byhistorie. Urbanisering gjennom 1300 år* (2006), som også er forfatta av Knut Helle, gir eit viktig oversyn over bydanning og byliv. Denne er særleg nyttig

når eg ser på dei sosiale sidene ved livet i mellomalderbyen i vidare samanheng.

Eg kjem i liten grad til å ta føre meg norsk og engelsk draktmateriale, men det er likevel nokre arbeid som er viktige som kontekst til smykkematerialet. Ein av dei eldste framstillingane, men likevel eit viktig referanseverk, er skriven av den danske arkeologen Poul Nørlund (1941), der gir han ein grundig og systematisk gjennomgang av draktmateriale frå førhistorisk tid til mellomalder. Her nemnar han også smykke knytt til klesdrakta. Sidan eg også vil sjå om smykkematerialet i høve til klesmota er dette eit relevant arbeid.

Den danske forskaren Elisabeth Munksgaard si bok *Oldtidsdragter* (1974) omhandlar også klesdrakter frå forhistorisk tid til mellomalder. Ho nemnar òg kort smykkebruken knytt til draktene. Dette er likevel i hovudsak smykke frå jernalderen, men er relevant sidan ho knyt drakt og smykkematerialet saman.

Tekstildesignaren Else Marie Gutarp (2001) tek i boka *Medieval Manner of Dress. Documents, images and surviving examples of Northern Europe, emphasizing Gotland in the Baltic Sea* føre seg mellomalderdrakter frå Gotland, men ho ser òg vidare ut mot Nord-Europa. Ho kjem i liten grad inn på smykke men omtalar fingerringar og pilegrimsmerke. Her viser ho òg korleis religiøs kunst frå svenske kyrkjer kan gje innsikt i korleis klesdrakta var i mellomalderen. Det kan vere til hjelp når ein skal vurdere smykke og utstyr i høve til klesdrakta.

I hovudoppgåva *Draktmaterialet fra Guddal: funksjon og visuell kommunikasjon* (1992) tek Marianne Vedeler Nilsen føre seg tekstilmateriale funne i ei grav frå Guddal i Sunnfjord. Ho er mellom anna inne på den visuelle og symbolsk-kommunikative sida til klesdrakta frå mellomalderen, noko som er eit viktig perspektiv også i mi studie. I doktoravhandlinga hennar *Klær og formspråk i norsk middelalder* (2007) studerer ho draktfunn i ein vidare kontekst og samanliknar desse med bilete ein har frå til dømes religiøs kunst frå perioden 1050–1400, også her ser ho på drakta som ei form for materiell kommunikasjon. Eg nyttar i hovudsak Nilsen, Vedeler si avhandling som inspirasjon når det gjeld perspektiv på korleis eit gjenstandsmateriale kan inngå i materiell kommunikasjon.

Ei anna doktoravhandling som også indirekte har relevans for min studie er *Sheats and scabbards from medieval Bergen: in a comparative perspective* (2009) av arkeologen Ole Magne Nøttveit. Sjølv om avhandlinga tematisk fell utanfor mitt arbeid har ho interesse både metodisk og teoretisk. Som min studie er det ei komparativ analyse av eit gjenstandsmateriale

til dels frå same område som i mi oppgåve. Nøttveit har òg mange av dei same perspektiva som eg sjølv vil nytte, då blant anna knytt til stil og diskusjon av urban identitet og status. Eg vil særleg nytte hans oppgåve som inspirasjon for korleis ein kan samanlikne materiale frå to ulike byar, og knytt til materialet sin stil og kommunikative side.

2.2 London og Storbritannia

Geoff Egan og Francis Pritchard har som nemnd teke føre seg draktutstyr og smykke av metall frå London i boka *Dress Accessories. Medieval finds from excavations in London* frå 2002, som gjeld perioden 1150-1450, der dei har laga eit oversyn over dei ulike gjenstandsgruppene, i alt 1784 gjenstandar. I boka tek dei føre seg datering og funnkontekst, metallanalyser, og kvar gjenstandsgruppe er skilt ut i eigne kapittel. Boka ber såleis preg som ein katalog, som gir oversikt over heile materialet, noko som er avgjerande for å kunne nytte ho i mi oppgåve.

Eg har òg nytta *London Museum Medieval Catalogue* (1940) i samband med *Dress Accessories*. Denne katalogen gir ei oversikt av gjenstandar, inklusive smykke, funne i mellomalderbyen London. Den syner også noko av det funnmaterialet eg er interessert i å sjå på, men den manglar funnkontekst og datering og gjeld altså berre funn som er gjort før 1940.

Eit anna arbeid av relevans for min studie er David Hinton si bok *Medieval jewellery from the eleventh to fifteenth century* (1982), basert på smykkemateriale samla frå fleire område i England. Her har han ordna smykkemateriale ut frå funksjon og samfunnskontekst. Han tek også føre seg korleis smykka vart lagd, og har særleg sett på materiale av gull, sølv og kopar.

Eit mindre arbeid *The Medieval London Waterfront* (1989), av Tony Dyson omhandlar to område som har vorte undersøkte ved hamneområdet til Thames, det eine er Baynard's Castle med fleire smykkefunn. Dette vesle heftet gir ein god oversikt over området og er nyttig for å kunne sjå korleis utgravinga vart utført.

Vidare har den irske arkeologen Mary B. Deevy i boka *Medieval ring brooches in Ireland. A study jewellery, dress and society* (1998) studert brosjer både med omsyn til funksjon og sosial rolle. Ho er inne på ulike sosiale aspekt som sosial status, kjønn, religion osv. På denne måten ønskjer ho å sjå kva desse kan fortelje om det irske samfunnet i mellomalderen. Sjølv om boka ikkje direkte omhandlar materiale som gjeld min studie, er det med på å sette materialet inn i ein vidare kontekst.

Brian Spencers *Pilgrim Souvernirs and Secular Badges. Medieval fins from excavations in*

London (1998), er den første katalogen i England som berre omhandlar pilegrimsmerke. Katalogen gir likevel ikkje berre informasjon om personane sitt religiøse liv, men også kor dei har reist for å skaffe desse merka. Dei var ofte masseproduserte og selt i store antal. Det er difor interessant å sjå om det finst like merke i Bergen og London og i kva grad det var forskjellar. Katalogen er nyttig når eg skal sjå på religiøse motiv og typar.

Av andre arbeid kan nemnast Marian Campbell si bok *Medieval Jewellery in Europe 1100-1500* (2009) som omhandlar smykke frå mellomalderen i Europa. Ho ser på deira rolle i dei ulike samfunna og er også inne på stil og mote knytt til skiftande klesmoter. Ho ser òg på kunst som skulpturar og bilete som viser smykke borne av ulike menneske. Denne boka har eit meir populærvitskapleg preg, og er særleg nyttig når ho er inne på emne som mote og stil.

Når det gjeld engelsk draktmateriale har drakthistorikaren Margaret Scotts, *Medieval Dress and Fashion* (2007), også skrive ei populærvitskapleg bok som gir kunnskap om drakt og motebilete i mellomalderen. Der ho mellom anna tek føre seg kunst frå mellomalderen som viser klesdrakt og smykke. Bileta gir ikkje berre informasjon om den gjeldande mota, men også kva eit moteskifte hadde å seie for drakta og sosial status. Klesmote både frå England og Europa elles vert illustrert ved hjelp av skildrande bilete, som ikkje berre tek for seg eliten i samfunnet, men også lågare stilte i samfunnet. Boka er nyttig for å få inntrukk av korleis smykka var plasserte på drakta, men også for å sjå endringar i smykkematerialet i høve til klesdrakta.

Endeleg gir John Schofield si bok, *London 1100-1600. The Archaeology of a Capital City* (2011) god informasjon om London si byutvikling, og gir også ei innføring det arkeologiske arbeidet som har vorte utført i byen sidan 1970-talet, inklusiv hamneområdet ved Themsen.

Samla ligg det såleis føre ein relativt omfattande litteratur som eg kan trekke vekslar på både når det gjeld materiale og utforming, men òg med omsyn til metodiske tilnærmingar og perspektiv som er temaet i neste kapittel

Kapittel 3 Teoretiske og metodiske tilnærmingar

3.1 Teoretiske perspektiv

Sidan målet med denne oppgåva er å undersøke materialet frå fleire perspektiv er det viktig å få fram kva smykka betydde for eigar og kva slags rolle dei symboliserte i mellomaldersamfunnet. Materiell kultur har mange sider. Den kan til dømes knytast til gjenstandar si kommunikative rolle. Kva mening hadde smykka i tillegg til å vere synleg dekor på drakta? Både deira praktiske, men også uttrykksfulle rolle er viktige for å stadfeste utforming, tyding og funksjon. Materiell kultur kan også vere eit symbol eller “materialisert teikn” (Nøttveit 2010:22). I nyare forskning vert det lagt vekt på kva slags rolle materiell kultur spelar i høve til ulike sosiale strategiar (Nilsen, Vedeler 2007:21). Smykke kan nett ha hatt ein funksjon som sosial markør, men også hatt ein symbolsk rolle som kunne signalisere langt meir enn brukaren sin status.

3.1.1 Stil som kommunikasjon

Smykke er sosiale- og kommunikative gjenstandar, deira rolle er i hovudsak å skape eit visuelt uttrykk, utover det reint funksjonelle, men også som pryd og understreking av stil og status. Det gjer at ein kan seie dei inngår i ein materiell kommunikasjon. Eg vil sjå på smykka sitt visuelle uttrykk for å kunne sjå kva dei kan seie om stil, og korleis denne kan opne for andre sosiale perspektiv.

Innan arkeologi og kunsthistorie har ein i ei årrekkje drøfta stil. Sjølv om stil er eit viktig konsept innan arkeologien. På slutten av 70-talet vart det utvikla ein teori rundt stilt kalla ‘information-exchange theory of style’ (DeMarrais et. al 2004; Damm 2008:147; Nøttveit 2010:33). Analyser av stil har stått sterkt innan arkeologi, men ein har ikkje klart å verte einige om ein definisjon. Ole–Magne Nøttveit har mellom anna drøfta dette i si doktoravhandling, ei drøfting eg vil trekkje store vekslar på, men der eg sjølv også har sett nærare arbeida som har vorte trekte inn i diskusjonane. Debatten går mellom anna ut på om stil kan sjåast som ei form for materiell kommunikasjon. I artikkelen ‘Stylistic behaviour and information exchange’ viser Martin Wobst sin misnøye ved å sjå på artefakta sine funksjonar, og dermed deler stil opp i mange delar slik at den mistar si mening. Han meiner stil er kommunikativ, og at gjenstanden overfører ‘stilistiske budskap’ (Nøttveit 2010; Wobst 1977). Wobst ser føre seg stil som den delen ved gjenstanden som overfører informasjon. Denne artikkelen ga seinare utgangspunktet for den såkalla ‘the information-exchange theory of style’, der antropologen Polly Wiessner utvikla stilomgrepet vidare (Nøttveit 2010:35f). Wiessner såg på stil som ein variabel innan

materiell kultur, som kan gi kunnskap om personleg og sosial identitet. Identiteten vert forma som ein del av ei gruppe, som igjen kan relaterast til individ innan gruppa eller til andre grupper, uttrykt gjennom den materielle kulturen. Wiessner skil her mellom to typar stil, *emblemisk* og *assertorisk*, eller «bekreftande» stil. *Emblemisk* stil er knytt til stiluttrykk som kan gi informasjon om t.d. tilhøyrse mellom sendar og mottakarar og etnisitet. *Assertorisk* stil er knytt til individet og vanskeleg verbaliserbar informasjon om individuell identitet (Olsen 1997:187;Wiessner 1983:257 f;).

Andre hevdar at stil vert forma saman med funksjon. Den amerikanske forskaren James R. Sackett viser her til pilspissar hos san-buskemennene i Kalahari-ørkenen. Desse meiner han kan fungere som etnisk markørar, men berre viss alle innanfor gruppa har vorte lært opp i korleis dei skal produsere pilspissar. Stil kan verte passivt reproduisert og kan mellom sjåast på som eit standardisert formuttrykk, som ofte er karakteristisk for eit bestemt område til ei bestemt tid (Sackett 1982:63). Sackett ser på stil som eit biprodukt av artefakta sin funksjon, og kallar den difor 'ikonisk stil' (Nøttveit 2010:35).

Debatten om stil enda utan at ein fekk noka endeleg oppklaring. Det vart tydlegare at materiell kultur gjennom ein 'passiv stil' kan utrykke ei meining sjølv om denne kanskje ikkje var intensjonell (Nøttveit 2010:37). Eg vil sjå på smykke i lys av denne debatten og gjenstandar med tydelege stilelement som i stor grad vart forstått som symbol og gjekk inn i ein materiell kommunikasjon. Sjølv om der ikkje har munna ut i ein definisjon på kva som er stil, er mange av dei som er nemnde ovanfor inne på viktige aspekt knytt til omgrepet. Desse vert relevante for meg når eg skal ta for meg stil, og diskutere i høve til smykka, i kvar grad materialet inngår i materiell kommunikasjon. Stil kan i somme tilfelle nyttast for å syne fellestrekk innanfor ein periode eller gruppe (Nilsen, Vedeler 2007:26). På grunnlag av stilen sin kommunikasjon ønskjer eg også å sjå om stil kan syne ulike sosiale grupper i smykkemateriala, mellom anna om smykkestilen endrar seg over tid og kva som kan vere grunnen til dette.

3.1.2 Materiell kultur og sosial identitet

Smykke kan sjåast på som ein identitetsmarkør. Spørsmålet er korleis identitet kan tolkast gjennom materiell kultur, til dømes når ein ser på gruppetilhøyrse og etnisitet. Stilstudie har som nemnd tidlegare vorte nytta i arkeologien for å kunne forstå korleis grupper og individ kommuniserer både i fortid og samtid (Nilsen, Vedeler 2007:34). Wobst skriv at materiell kultur i tillegg til bruk og materialitet også kan tolkast i lys av sosial identitet og informasjonsutveksling mellom menneske (Wobst 1977:317). Han hevdar at individuelle

avsendarar og mottakarar på ulike nivå sender stilistiske budskap til kvarandre. For å kunne forstå denne budskapet må ein dermed ha kunnskap om dei kulturelle fellestrekk innfor den aktuelle materielle kulturen.

Når ein skal sjå på kva smykka kan fortelje om dei som har borte dei, er det viktig å ha ei forståing av samfunnet rundt både før og no. Når ein tek føre seg spørsmål om sosial identitet er det behov for å kunne forstå den kulturelle differensieringa mellom sosiale lag. Den franske sosiologen Pierre Bourdieu har prøvd å definere dette fenomenet, og har også vore nytta som inspirator også når det gjeld å forstå tidlegare samfunn. Han tek mellom anna, føre seg korleis ulike uttrykksformer og kulturelt konsum kan variere på grunnlag av ulik sosial bakgrunn og utdanning i vår eiga tid. Dette vil igjen gi adgang til ulike typar samfunnsarenaer, og samtidig styre smak og preferansar. Bourdieu skil mellom folk sine økonomiske og kulturelle kapital, som han meiner er med på å skape ulike sosiale rom eller handlingsfelt, forskjellig for dei ulike sosiale laga (Schiefløe 2003:240–41). Slike handlingsfelt gir opphav til det Bourdieu omtalar som *habitus*, som fungerer som eit slags kulturelt livsrom. *Habitus* omfattar verdiar som kjem til uttrykk og vert disponerte gjennom ei rekkje handlingar. Ein kan seie at *habitus* er ei form for innlevd røyndom som er forskjellig for ulike delar av befolkninga. Dette kan gi seg utslag i språk, framtoning, omgangsformer, forbruksmønster og sosiale aspirasjonar. *Habitus* avgjer også kven ein føler seg tiltrekt av og likar og omgåast, og er dermed med på å forsterke skiljet mellom dei sosiale laga. Objektive sosiale forskjellar blir dermed også ein del av folk si subjektive bevisstheit. Den kulturelle kapitalen som blir til gjennom preferansar, språk, kompetanse og livsstil i forskjellige *habitus*, er i neste omgang med på å vedlikehalde den generelle sosiale ulikskapen, den er såleis reproduserande (Schiefløe 2003 240).

Sjølv om Bourdieu altså tek utgangspunkt i notida sin kultur kan desse perspektiva også ha relevans for tidlegare tilhøve og er ei tilnærming eg vil trekke vekslar på når eg vil sjå på smykke frå to forskjellige byar, *Habitus* vil verte brukt som ei forståingsramme når eg tolkar smykka i deira sosiale rom. Sjølv om gjenstandsmaterialet syner mange ulike visuelle uttrykk, er det likevel mogleg å skilje ut dominerande trekk, som i ettertid kan stå fram som noko som var typisk for tida, for ei gruppe eller eit område. Desse vert kalla kollektive koder som er eit resultat av individuelle handlingar og menneskeleg samhandling (Nilsen, Vedeler 2007:28). Det vert tenkt at desse handlingane skaper eit sosialt rom, der ein får kunnskap om kva som er fint, stygt og kva som er idealet. Formkunnskap vert til ved å delta i samfunnet og gjenstandar som vert produsert reflekterer då meir eller mindre ubevisst tillærte formoppfatningar (Nilsen,

Vedeler 2007:28).

3.1.3 Prangande forbruk

Smykke kan òg seie noko om mellomaldermenneska sitt forbruk. Det er meir enn hundre år sidan den norsk-amerikanske samfunnskritikaren og økonomen Thorstein Veblen skreiv boka *The Theory of the Leisure Class. An Economic Study of Institutions* (1899), men som fortsatt er aktuell og nytta som forskingsreferanse. Her tek han føre seg menneska sitt forbruk og kritiserer her mellom anna den moderne marknadsøkonomien i Amerika, som han meiner tok eigedomsretten vekk frå produksjonen, og på denne måten hamna makta i hendene på den mektige overklassa, «The Leisure Class», også kalla den arbeidsfrie klassa. Denne klassa meiner Veblen fortærer rikdommen i samfunnet samtidig som dei jaktar på status ved å etterlikne kvarandre. Dette kallar han *prangande forbruk* (*conspicuous consumption*). Mellom anna meiner han at menneska sine økonomiske handlingar er styrt av ønsket om å oppnå ære og status, der økonomien dermed er styrt av menneske sitt ønske om status. Det viste seg òg at når vanlege folk fekk pengar til overs etterapa dei overklassa (Banta/Veblen 2007:49 f). Veblen sine tankar har òg vore trekt inn som tilnærming i studie av mellomaldersamfunnet og opphoping av luksus og prangande forbruk. I forhold til mi studie kan dette perspektivet knytast til smykke av ulike materiale. Mellom anna kan edelt metall vise korleis nokre menneskje oppnådde status i samfunnet ved å skaffe seg smykke som folk flest ikkje hadde råd til. Denne atferda er mellom anna styrt av ønsket om å vise sosial status og markere seg i sosiale grupper. Denne teorien viser også til etteraping der smykke av dyrare materiale vart kopierte i billigare framstillingar, dette vil bli drøfta i punkt 3.1.4.

3.1.4 Mimicry

Kven har smykka vorte laga til? Er det snakk om etterlikningar/kopiar av elitesmykke hos dei lågare sosiale gruppene? Val av drakt og mote må ha vore eit aktivt uttrykk for å vise seg fram på den sosiale arenaen. Ved å smykke seg kunne ein også symbolisere og iscenesette si sosiale identitet. Sjølv om vi ikkje veit kva dei ulike smykka direkte kan ha betydd for mellomaldermenneska, er det tydeleg at dei har hatt ein spesiell kommuniserande funksjon ved hjelp av stil, dekor og utforming og ikkje minst dyrt metall.

Omgrepet *mimicry*, herming, presentert av den amerikanske professoren Homi Bhabha, tek føre seg nett dette spørsmålet. Dette fenomenet ser ein ofte i lågare sosial sjikt. For å bli godteke av sine eigne eller ei høgare sosial gruppe var det viktig å kunne kle og smykke seg korrekt for å

passe inn (Bhabha 1994:85–92). Ifølgje Bourdieu vil dette vere lett gjennomskodleg, då menneska vil mangle kulturell tilhøyrslø og økonomisk kapital. Slik etteraping kan likevel føre til at overklassa endra stil, for å kunne opprettehalde gruppeskiljet. Det er ikkje umogleg at lågare sosiale grupper etterlikna smykka til eliten i forsøk på å oppnå høgare sosial status eit trekk vi finn igjen i dagens samfunn. Eg vil sjå om eg kan finne teikn etter slike etterlikningar i mitt materiale, og på kva måte desse skil seg frå dei andre gjenstandane. Eg vil også sjå om det er mange gjenstandar som kan ha vorte produserte på denne måten eller om dei er i tal

Samla legg eg såleis ulike forståingsrammer til grunn når eg skal tolke materialet.

3.2 Metodiske tilnærmingar

3.2.1 Identifisering og klassifisering

Materialet eg vil nytte, er som nemnt alt identifisert og klassifisert av andre; materialet frå Bergen av Sonja Molaug i hennar hovudfagsoppgåve (1998), og det engelske materialet av Geoff Egan og Frances Pritchard for London (2002). Molaug har mellom anna delt materialet etter funksjon og form for å prøve å synleggjere deira bruksområde. Ved å dele materialet inn i hovudgrupper etter funksjon, og deretter i undergrupper, ut frå form og formelement har ho ordna materialet etter dei same prinsippa som Egan og Pritchard har nytta i boka *Dress Accessories*, ho finn også liskap med materiale frå England (Biddle 1990; Cox 1996). Dette gjer at klassifikasjonsmetodikken i dei to byane blir samanliknbare. Egan og Pritchard har klassifisert materialet etter funksjonsgrupper, der dei har sett på gjenstandane si form og materiale, som vidare er datert.

3.2.2 Datering

Brannlagskronologien som er etablert for Brygge-utgravingane (1955–1968), er basert på brannlag som har vorte identifisert og datert ut frå skriftlege kjelder og historisk kjende brannar og jamført med daterbare funn (Herteig 1990). Når det gjeld materialet frå Bergen vil eg, slik som Molaug, byggje på denne brannlagskronologien og det arbeidet Molaug har gjort knytt til smykke. Utgravingar ved lokalitetane der det er funne smykke har strekt over ein lengre periode eller har ulike utgravings- og dateringsmetodar er nytta, og som eg også vil måtte følgje. Sidan ein ikkje alltid med sikkerheit kan knytte dei ulike brannlaga til historisk kjende brannar, opnar dette også for problem innan dateringsarbeidet. Det har særleg vore knytt til den eldste brannen som ikkje er nemnd i skriftlege kjelder (Hansen 1998:85). Sjølv om denne brannlagskronologien kan by på problem, gir den i hovudsak eit godt grunnlag for å kunne setje

materialet inn i periodar som er absolutt datert. Denne metoden har også vorte brukt i andre gjenstandsanalysar frå mellomalderen i Bergen og eg har valt å avgrense oppgåva framover i tid til ca. 1500 for at denne skal bli samanliknbar med London-materialet som er datert til ca. 1150- 1450, eg vel difor å avgrense materialet frå Bergen til tidsrommet c.1120- 1476.

Fire	Date	Fire Interval Period	Building phase
O	1955		
I a	Prev. unknown	9	9.2 9.1 : 9.11
I	1702		
I b	Prev. unknown	8	8.2 8.1 : 8.11
II	1476	7	7
III	1413		
III b	1393	6	6.3 6.2 : 6.21 6.1 : 6.11
IV	1332		
		5	5.2 : 5.21 5.1 : 5.11
V	1248		
		4	4.2 4.1
VI	1198		
		3	3.2 : 3.21 3.1 : 3.11
VII	1170/71		
		2	2.2 2.1
VIII	1120s		
		1	1.2 1.1

Figur 3.1 Periodeinndeling basert på brannlagskronologi frå Brygge-utgravingane (1955-1969) (Herteig 1990:12; 1991:14)

Materialet frå London har hovudsakleg vorte funne i nærleiken av strandkanten ved Themsen, og der knytt til utfyllingar i elva og grøftefyllingar/ utbygging av strandsona. Herifrå føreligg ei stor funnmengde av godt bevarte metallgjenstandar og organisk materiale. Ved hjelp av ein relativ god stratigrafi og keramikkkfunn i laga har ein her klart å lage eit godt dateringsskjema for gjenstandsmaterialet, særleg knytt til keramikkkfasar. Saman med myntar og andre daterbare gjenstandar er det etablert sju fasar, som strekkjer seg frå ca. 1150 til 1450. Det at ein har ein høg frekvens av metallgjenstandar kan ha med å gjere at desse ikkje har vorte ført med vasstraumen slik lettare gjenstandar kan ha vorte (Egan & Pritchard 2002: 1-3). Dei fleste funna ser ut til å ha vorte kasta eller mista, men ein har også grupper med store antal funn som kan tyde på produksjonsspor. Hamneområdet ved Themsen var i mellomalderen eit område der ein bevisst kvitta seg med søppel og skrot for å gradvis kunne bygge ut dette området. Dette er ein av grunnane til at ein i London har ei så stor funnmengde knytt til området langs øvre og

nedre Themsen. Når det gjeld meir kostbare metallgjenstandar er det grunn til å rekne med at dei har vorte mista.

Periodeinndeling ved hjelp av keramikffasar frå London:

Fase 6 ca.1150–1200 Shelly sandy ware

Fase 7 ca. 1200–1230 London/ Rouen wares

Fase 8 ca. 1230–1260 Kingston ware

Fase 9 ca.1260–1350 Mill Grenn ware

Fase 10 ca. 1330–1380 Late medieval Hertfordshire glazed ware

Fase 11 ca. 1350–1400 Cheam ware

Fase 12 ca. 1400–1450 Coarse border ware/ bifid rims

3.2.3 Representativitet

Funnforhold og utgravingsmetodikk er avgjerande for kor representative dei ulike funna vil vere. Kor gode bevaringsforholda har vore er viktig å avklare når ein ser på metallmateriale, for mykje av det kan ha forvittra. Dei fleste funna ser ut til å vere gjenstandar som folk har mista ved eit uhell, men er også funne i søppeldepot frå mellomalderen. Mellom anna i Bergen ser ein at eit stort antal av det utgravne materialet skriv seg frå det som vart rekna som søppel, ofte masser frå brannar, som deretter gjerne har vorte nytta som fyllmasse i utbygginga av hamneområdet (Nøttveit 2010:57 f). det gjeld likevel i liten grad smykkefunn, som for det meste må ha vore mista. Medan Bergen for det meste viser spor av enkelte gjenstandar som har vorte mista eller kasta, har ein i London ei så stor opphoping av perler at ein kan tenkje seg at dette kan vere spor etter perleproduksjon. Sidan smykka ofte var av høg verdi, er det truleg at dei fleste har hamna på bakken ved eit uhell eller har vorte øydelagde. Funnforholda er også viktige; edle metall held seg like fine i jorda, medan t.d. koparlegeringar forvittrar enklare. Bevaringsforholda til dei ulike gjenstandane, då sær av metall, kan variere mykje avhengig av dei ulike laga dei ligg i og metallgjenstandane er laga av. Særleg ved hamneområdet Vågen i Bergen har det vore gode bevaringsforhold for organisk materiale (Nøttveit 2010:57).

3.2.4 Komparasjon

Ved å utføre ei komparativ analyse av materiala frå Bryggen og London vil eg som nemnd sjå etter både likskap og forskjellar i ulike smykke, form og stil, samt materialbruk og kulturkontaktar i to ulike bykontekster for å kaste lys over dei problema eg har reist. Eg vil undersøke korleis stil og sosial identitet kan belysast i dei to smykkemateriala. Indirekte vil eg bruke resultatata frå komparasjon til å undersøke korleis stil og sosial identitet kan belysast i dei to områda.

3.2.5 Skriftlege kjelder og biletframstillingar

Det arkeologiske materialet og konteksten det inngår i er hovudmaterialet for analysen. Skriftlege kjelder og biletframstillingar kan også bidra med informasjon om kva slags funksjon smykka har hatt i samband med klesdrakta, deriblant deira dekorative uttrykk og plassering, og ikkje minst samfunnskonteksten dei inngjekk i. Sidan ein knapt har noko biletmateriale som omhandlar norske drakter frå mellomalderen, må eg i tillegg til engelske kjelder óg sjå ut mot Nord-Europa. Sidan dei norske klesdraktene ikkje skil seg så mykje frå dei nordeuropeiske, skulle det vere mogleg å kunne hente informasjon herifrå (Molaug 1998:37). Slike ikonografiske kjelder der ein har avbilingar av materialet, som også er daterte avbilingar, kan gi ein god indikasjon på når dei ulike gjenstandane kom i bruk og korleis desse endra seg gjennom mellomalderen for å sjå smykka i ein vidare samfunnskontekst.

I det neste kapittelet skal eg samanlikne dei ulike smykketypane ut frå funksjon, materiale, form og dekor. Dette for å sjå etter likskap og forskjellar og deretter diskutere desse knytt til problemstillingane eg presenterte i kapittel 1.

Kapittel 4 Smykkematerialet frå Bryggen og London – ein komparasjon.

I dette kapitlet vil eg sjå på dei utvalte smykketypane fingerringar, kjede, perler, anheng, søljer og pilegrimsmerke. Her skal eg vurdere og samanlikne dei ulike smykketypane for å sjå om det er likskapar eller forskjellar i det utvalte materialet frå Bryggen og London, for å danne grunnlag for den vidare analysen. Ved å undersøke gjenstandsgrupper kvalitativt og kvantitativt er målet å datere og diskutere materialet i kap. 5 og 6.


Eg har nytta metalltype som utgangspunkt når eg studerer dei ulike smykka, i høve til form og dekor. Metallet kan seie noko om smykka sin verdi; det er ikkje minst relevant når eg seinare skal diskutere dei i høve til brukaren sin sosiale identitet og status. Sidan eg har valt eit samanliknande perspektiv, vil eg jamføre materialet frå dei to områda for kvar av smykketypane, ringar, kjede, perler, anheng, søljer og pilegrimsmerker, for lettare å sjå likskapar og forskjellar under kvar smykkegruppe. For å gje eit oversyn over materialet har eg utarbeidd ein eigen katalog som appendiks (I og II) til oppgåva. Materialet frå Bryggen er katalogisert frå B1–52, og London frå kat.no L1-159. Pilegrimsmerka frå London føreligg i publisert form og har difor ikkje vorte teken med i min katalog.

Smykkematerialet frå begge byane består av ulike material gull, sølv, koparlegeringar og tinnlegeringar. Eg vil difor gjere greie for metall nytta i dei ulike koparlegeringar. På Bryggen ser ein gjenstandar av bronse, messing og kopar, medan i London har ein i tillegg bronselegering. Frå slutten av jernalderen bestod koparlegeringar i hovudsak av eit eller fleire av metalla tinn, sink og bly. Bronse består av ei legering av kopar og tinn, medan messing er ei legering av kopar og sink. Bronselegering er eigentleg bronse, men på grunn av at denne legeringa ofte også inneheld nokre prosent med sink eller bly, vert den skilt ut som ei eiga legering (Egan & Pritchard 2002:13). Når det gjeld Brygge-materialet har eg bastert meg på analysar som har vorte utført av Sonja Molaug med hjelp av senioringeniørane ved Konserveringsavdelinga på Bergen museum, Kirsti Hauge Riisøen og Egil Severin Erichsen. Eg skal no gå inn på dei ulike kategoriane og byrjar med fingerringane. Desse er kat.no B1-16 og L1-36 som eg viser til i framstillinga under.

4.1 Fingerringar

Ringen si form, storleik og bruksområde skil den frå dei andre smykketypane, då denne ikkje er direkte er knytt til klesdrakta. Det er fingerringen sin dekorative funksjon som vert vektlagt her saman med materiale, storleik og vekt. Hammervold si klassifisering av ringar omfattar dei som


bruks- og verdigjenstandar, symbol, amulettar og gravgods (Hammervold 1997:12). Alf Hammervold (1997) har tidlegare identifisert og klassifisert 20 av dei 31 fingerringane som er funne ved utgravingar i Bergen. Seinare har Sonja Molaug (1998) behandla ytterlegare 11 ringar etter dei same klassifikasjonsprinsippa som Hammervold har nytta, basert på ein foranalyse av ringane. Ringane er der gruppert etter grad av kompleksitet og startar med dei som er formmessig enklast. Nummereringa stig ved ringen sin kompleksitet (Hammervold 1997:10). Hammervold nyttar ein ganske detaljert klassifikasjon med mange undergrupper. Dette opplegget er svært spesifisert i forhold til den engelske klassifikasjonen. Eg har difor forenkla inndelinga av ringane frå Bryggen for å kunne samanlikne heile materialet. Ved å skildre dei ulike variasjonane i Brygge-materialet i hovudformer har eg gjort det enklare å kunne samanlikne materialet frå Bryggen med London-materialet. Egan & Pritchard sin ringterminologi samsvarar med Hammervold sine formkategoriar, som eg også legg til grunn (fig. 4.1).



Figur 4.1. Terminologi nytta av Egan og Pritchard (2002). Ringen på biletet viser tre ulike formelement, ringhovud (bezel), skuldrer (shoulders) og ringskinne (hoop).

Egan og Pritchard har skildra ringane etter sine utformingar i følgjande formelement, skinne, hovud og skuldrer. Når det gjeld dei ulike ringelementa er skinna den delen som går rundt fingeren, medan hovudet er den øvre delen av ringen, som gjerne er utstyrt med dekor eller smykkesteinar. Skuldrene er den delen av ringskinna som støttar hovudet. Hammervold har delt ringane i tre grupper:

- Gruppe I: ringar som berre har ringskinne
- Gruppe II: ringar med hovud (kvar av gruppene har fleire formvariasjonar).
- Gruppe III: ringar som har hovud i tillegg til sidestykke (Hammervold 1997:43).



Figur 4.2. Hammervold si gruppe- og undergruppeinndeling (Hammervold 1997)

Figur 4.2 viser Hammervold sitt klassifikasjonssystem for fingerringane. Gruppe I og II består av fleire undergrupper, som har fått nummer etter kva hovudgruppe dei tilhøyrer, deretter ein bokstav som viser til undergruppe og så eit tal som referer til formvariasjonar. Til dømes IA1: ringskinna har ei jamn-brei form med rundt, halvrunder eller rektangulært tverrsnitt. Denne ringen har berre ringskinne, men forma på denne gjer at den hamnar i ei undergruppe (A). Dette opplegget vert som nemnd svært spesifisert i forhold til det engelske materialet, der eg berre refererer til hovudgrupper I og II utan vidare inndeling i undergrupper. For best å kunne samanlikne materiale, vel eg altså å dele både materialet frå Bryggen og London i gruppe I og II, og konsentrerer meg om ringane sine hovudformer og eventuelle formvariasjonar, som til dømes dekor og smykkesteinar. Gruppe III er fråverande i materiala frå begge områda.

Metalla i ringmaterialet frå Bergen er av gull, sølv, bronse og messing. Hammervold har sjølv materialbestemt dei ringane han har undersøkt. Molaug har materialbestemt ti av fingerringane, medan ein av ringane er materialbestemt av dei tekniske konservatorane Riisøen og Erichsen, som kontrollpunkt for Molaug si tolking (Molaug 1998:26).


Metallgruppene i London er gull, bronselegering, kopar, bly og tinn. Desse ringane er metallbestemt av dei som har stått for utgravingane ved dei ulike lokalitetane. I det følgjande grupperer eg ringane etter dei ulike metalla, for deretter å sjå på ulike formvariasjonar, storleik og så langt som det er mogeleg ringane si vekt. Ved å nytte metall som ein overordna kategori vil eg tilføre ein ny måte å behandle materialet på, men også få eit utgangspunkt til komparasjonen, og ikkje minst i høve til problemstillingane, der eg legg vekt på status, verdi og stil.

4.1.1 Bryggen

Ringar av gull

Av dei 16 fingerringane B1-16, som er funne frå Brygge-området, er ni av gull B1-9. Dei tilhøyrrer gruppe I og II, der gruppe II er den største gruppa.

Fingerringane i gruppe I (B1-4), består som nemnd berre av ringskinner, men varierer noko i form. B1 har ei glatt avrunda ringskinne, medan B2-4 har avrunda rektangulær ringskinne med utvendig dekor og innskrift. B2 har ei blanding av runer og latinske bokstavar, medan B3 har dekor av konkave fasettar og punkselmerker. B4 har ei fletta ringskinne. Gruppe I har dei breiaste ringskinnene av ringane i Brygge-materialet. B1 måler 4 mm, medan B2 måler 5,5 mm. B3 har den største skinnbreidda på heile 8 mm. Denne er også den einaste ringen der det er opplysningar om karat på gullet, 24 karat, som vil seie nesten reint gull (999/1000), og vert rekna å vere like mjukt som metallet bly (Hammervold 1997:14).



Figur 4.3 B3 har utvendig dekor av fasettar og punkselmerker. B4 har ei fletta ringskinne. Begge har no ei deformert ringskinne.

B5-9 i gruppe II har i tillegg til ringskinne også hovud/skuldrer. Denne gruppa viser størst variasjonar, der hovud, innfatningsmåte og steinane varierer. Berre to ringar, B5 og B6 har steinen framleis intakt. B5 har eit konisk hovud med ein sarieslipt (firkanta) ametyst og palmettforma skuldrer. B6 har eit ovalt hovud med ein blå cabochonslipt stein. Fire klør støttar steinen og skuldrene består av små plater (Hammervold 1997:81). *Cabochon*-teknikken er å slipe og pusse ein edelstein, slik at den vert flat på undersida og kuppelforma på framsida. Denne teknikken vert for det meste nytta på opake (ikkje-gjennomsiktige) edelsteinar



Figur 4.4 B5 har ametyst og palmettforma skuldrer.

Ringane B7 og B8 har dekorerte hovud og skuldrer. Desse kan ha vore signetringar. Signetringen hadde gjerne eit flatt hovud som var dekorert med eit seglmotiv, som kunne variere i utforming. I mellomalderen var signetringen sin funksjon å besegle dokument og var av administrativ og juridisk karakter (Hammervold 1997:12).

B7 har eit kvadratisk hovud med ei flat toppflate. Dette har ei konisk nedsenking som danner eit stjernedekor i toppflata. Den har breie kvadratiske skuldrer, som er dekorerte med eit diagonalt rutemønster. B8 har eit åttekanta hovud (fig. 4.5). Dette har dekor av eit såkalla lothringenkross, også kalla Lorraine, patriark eller dobbeltkross. Denne krossforma har to tverrarmar plasserte parallelt på krossarma, den øvste er mindre enn den nedste. Ringen har kvadratiske skuldrer dekorerte av tverrgåande riller under eit diagonalt rutemønster (Hammervold 1997:66). B9 er ein glatt ring med eit rundt hovud. Denne har ifølgje utstillingskatalogen hatt ein safir som no er mista.



Figur 4.5 B8 er ein signetring med dekor av lothringenkross.

Ringar av sølv

B10 er den einaste ringen frå Bryggen av sølv. Denne er forgylla og tilhøyrrer gruppe I. Ringskinna består av spiralar som er snurra rundt på begge sider av skinna. Den har også utvendig innskrift. Ringen har ei skinnebreidde på 10 mm (Hammervold 1997:48).



Figur 4.6. B10 er forgylla med ei spiralsnurra ringskinne og innskrifter.

Ringar av bronse/messing

B11-16 høyrer til gruppe I og II. B11 av bronse høyrer til gruppe I og består av ei avrunda ringskinne som har dekor av ein enkel strek langs skinna. B12 og B13 er av bronse, medan B14-16 er av messing. B12 og B13 har ei avrunda ringskinne med kvadratisk og rundt hovud, medan B14 er ein forgylt messingring. Denne har eit rundt hovud med fire små innfatningar plassert på utsida av hovudet. B15 og B16 har ei smal ringskinne som endar i eit rundt innebygd hovud, B16 har i tillegg sirkeldekor på skuldrene.




Figur 4.7. B14 har hatt fleire steinar, medan B16 er den einaste i gruppe II med dekor på ringskinna.

Storleik

Dei ulike storleikane i ringmaterialet kan fortelje noko om brukaren, om det har vore ein kvinne- eller ein mannsring. Ringane har vorte målt etter indre diameter og for lettare å kunne få eit inntrykk av kva storleikar som kan knytast til kjønn, har eg målt dei i høve til moderne ringmål. Dette målesystemet baserer seg på indre diameter og viser til ein ringskala, der kvinnestorleikane i snitt utgjer måla 10–19 mm, som samsvarar med nummer 50-59. For menn er måla i snitt 20-30 mm, som tilsvarar ringmåla 60-70. Ein må ta i betraktning at dette målesystemet er basert på ulike ringefingermål, og kan dermed ikkje gi eit fasitsvar. Storleikar i Brygge-materialet har eg framstilt i diagram 4.1.

Diagram 4.1. Ringstorleikar i Brygge-materialet. N=16



Tre ringar av gull og ein av bronse i gruppe I (B1-4, 11) strekkjer seg frå 20 til 23 mm. Dette svarer til nummer 60- 63; det vil seie normalt mannsstorleikar. Ringane i denne gruppa har i tillegg til store storleikar også breie ringskinner frå 4-8 mm.

I gruppe II har mindre storleikar. Ingen av ringane måler mellom 10-15 mm, medan to ringar av gull og bronse (B9 og B13) måler 16 mm. Desse svarar til storleik 56, som i snitt utgjer ein kvinnestorleik og kan difor vere kvinneveringar. Åtte ringar har mål frå 17-19 mm (57– 59). Dette er ein mellomstorleik som kan vere lik for kvinner og menn, og det vert difor ikkje enkelt å stadfeste kjønn her. Gullringane B5 - 6 med intakte steinar måler 18 mm (58) og er også vanskeleg å bestemme til eit kjønn. Fem ringar (B10, 12, 14 - 16) måler 19 mm (59). B8 av gull er den største ringen i gruppe II og måler 20 mm. Det er likevel ikkje sagt kva slags fingrar ringane har vore brukt på, dette gjer at måla kan variere for begge kjønn. Det er likevel mogleg at ringane med måla (20–23 mm) mest sannsynleg har vore mannsringar. Materialet viser få tydelege kvinnestorleikar, då berre to ringar måler 16 mm. Ein ser at dei største storleikane er å finne i gullmaterialet, medan sølv, bronse/ messing i stor grad består av ringar som har mellommålet 19 mm.

Vekt

For å kunne sjå kor mykje metall som er nytta i ringane, med hovudvekt på dei av edelt metall, har eg valt å vege ringane frå Bryggen. Dei lettaste ringane veg <2 gram, medan den tyngste veg 7 gram.

Diagram 4.2. Vekt i Brygge-materialet (N=16).




Diagram 4.2 viser størst vektvariasjonar i gullmaterialet, frå <2 til 7 gram. B1 - 3 utgjer dei tyngste ringane i materialet og veg 5-7 gr. B4-9 er noko lettare og veg <2-4 gr. Amuletringane med innskrift B2 og B10 veg begge 5 gr. Bronse/messingringane B11-16, er dei lettaste i materialet og veg frå <2-2 gr.

Innskrifter

B2 (gull) og B10 (sølv) har religiøse innskrifter på ringskinna. Begge ringane har av Hammervold vorte tolka å vere amuletringar. Innskriftene kan vise at ringane skulle ha ein beskyttande rolle. B2 har innskrift av fem runer, latinsk skrift med store bokstavar og nokre teikn « M runeteikn THEU runeteikn RCUSLUS (***) runeteikn NNE runeteikn ». Denne innskrifta står for dei fire evangelistane: Matteus, Markus, Lukas og Johannes (Liestøl 1980:69). B10 er som nemnd forgylla og har innskrifter og majusklar plassert på utsida av den spiralsnurra ringskinna. Her står det: ET INCLINATO + CAPITEO + TRADIDIT + SPIRITUM + CONSVVMATVM EST SI * DEUS * PRO NOBIS QVIS CONTRA NOS ANNO 1501. Omsett vert dette: « Og (då han hadde) bøygd hovudet, overgav han ånda, « det er fullbragt». Dette sitatet er henta frå Johannesevangeliet: kap. 19, vers 30 og viser til Jesu siste ord på korset. Det andre bibelsitatet lyder slik: «Viss Gud er for oss, kven er så imot oss». Dette er henta frå Pauli brev til romarane, kap. 8, vers 31. Ringen vart truleg laga i 1501 (omsett av professor Lars B. Mortensen) i (Molaug 1998:63).



Figur 4.8. B2 har innskrifter av runer og latinske bokstavar.

Materiale, form og dekor

Ringane har fire former for ringskinne. Desse er glatt, avrunda, rektangulær og spiralsnurra.

Under er ei samanfatting av materiale, gruppe, hovudform og dekor (tabell 4.1).

Tabell 4.1. Oversikt over ringane frå Bryggen, N=16.

Materiale	Gruppe		Hovud				Steinar		Dekor		Totalt
	I	II	Rund	Oval	Kvadratisk	Åttekanta	Bevart	Mista	Innskrift	Mønster	
Gull	4	5	2	1	1	1	2	1	1	3	9
Sølv/ forgylt	1								1		1
Bronse	1	2	1		1			2		1	3
Messing/forgylt		3	2		1			3		1	3

Tabell 4.1 viser at gruppe I består av seks ringar og metallgruppene gull, sølv og bronse. Denne gruppa viser forseggjorte former av dekor og religiøse innskrifter. I tillegg har ringane i gruppe I dei breiaste ringskinnene i materialet. Gruppe II utgjer ti ringar, der fem er av gull og fem er av bronse/messing. B 5, 6 og 9 har fatta inn steinar, men berre to er bevart. B5 har ein ametyst, medan B6 har ein blå opak stein. B12-16 av bronse/messing har vore pryda med steinar, der alle no er mista. B14 som er ein forgylt messingring skil seg ut ved at den har fem innfatningar. B7–8 er truleg to signetringar. Desse har dekor både på hovud og skuldrer. B2 og B10 er dei einaste ringane i materialet som har innskrifter, og som vert rekna som amuletringar. I prosent utgjer gullringane i materialet 56 %, sølv 6 % og bronse/messing 38 %.

4.2 London

Frå undersøkingar ved Themsens er det funne 36 fingerringar. Materialgruppene er her gull, bronse, bronselegering, messing, kopar, bly og tinn. Steinane i materialet er edle, halvedle og imiterte steinar av glas med høgt blynivå (Egan & Pritchard 2002: 325). Ringane er her også presentert i eigen katalog, appendiks II (kat.no L1-36), og grupperte i same formgrupper som ovanfor. Gruppe I og II kan begge ha dekor, men det er gruppe II som viser mest dekor sidan denne også har dekor i form av hovud med stein.

Ringar av gull

I London er berre fem ringar (L1-5) av gull. Alle ringane høyrer til gruppe II, der alle har intakte steinar og ei glatt ringskinne. To av ringane har eit rundt hovud, ein ring ovalt hovud,

medan to ringar har mangekanta hovud. L1, 3 og 4 har ein bleik cabochonslipt almandingranat. Granatar vert rekna som halvedle steinar (Egan & Pritchard 2002:326). L2 har hatt to steinar, den eine ein grøn smaragd, medan ein er mista. Denne kan ha vore ein trulovingsring (Egan & Pritchard 2002:325). L5 har ein cabochonslipt safir. Denne ringen har også støypte skuldrer (Egan & Pritchard 2002:327). Metallanalyser av gullringane frå London viser at gull er blanda i ei legering med kopar og sølv. L1 består dermed av 75 % gull, L2, 3 av 45 %, L4 av 55 %, og L5 75-85 %. 75 % gull svarer til 18 karat (Egan & Pritchard 2002:327, 390).



Figur 4.9 L1, 3 og 4 har almandingranat. (I venstre hjørne L1 m/ rundt hovud, i høgre hjørne L3 m/ rektangulært hovud og fremst L4 m/ parallelogramforma hovud (Egan & Pritchard 2002: Plate 2, 2:1).

Ringar av bronse, bronselegering, messing og kopar

Femten ringar (L6–20) er av bronse, bronselegering, messing og kopar. Av desse høyrer sju ringar til gruppe I (L6–12) og åtte ringar til gruppe II (L13–20).

Tabell 4.2. Bronse, bronselegering, messing, og koparringar frå London. N=15

Materiale	Gruppe		Hovud			Stein		Dekor	Totalt
	I	II	Rund	Rektangulær	Åttekanta	Bevart	Mista		
Bronse		2	1	1		1	1		2
Bronselegering	1	1		1		1		1	2
Messing	6	3	2		1	2	1	4	9
Kopar		2		2			2		2

I gruppe I er L6 –11 av messing og L12 av bronselegering. L6 og L7 har ei trapesforma glatt ringskinne, L8 og L9 har dekor av tverrgående riller, medan L10 er laga av ein tvinna metalltråd. L11 har dekor av Anderaskors på skinna og L12 er dekorert av perlemønster.

I gruppe II er L13–15 av messing, L16–17 av bronse, L18 av bronselegering og L19–20 av kopar. Desse har ei glatt og tynnringskinne og hovud med og utan stein/dekor. Fire (L13, 15, 16, 18) av åtte ringar har framleis steinar, alle av glas. L13 har ein opak glas-cameo, blå og kvit med små raude striper, og er forma som ein figur med hovud, seks bein og ein hale. Denne er meint til truleg å vere ein skorpion eller ei krabbe og kan ha vore ein amulett (Egan & Pritchard 2002:325). L15, 16 og 18 har cabochon-slipte steinar av glas (Egan & Pritchard 2002:329).



Figur 4.10 L13 med glascameo som truleg er ein skorpion eller ei krabbe (Egan & Pritchard 2002:Plate 12 A, 2:1).

Ringar av bly og tinn

Ringar av bly og tinn er berre funne i London, men blir likevel tatt med sidan form, dekor og storleik kan samanliknast med ringar frå Bryggen. Det er funne i alt 16 ringar, 15 av tinn og 1 av bly og alle fell innanfor gruppe II, med hovud med stein/dekor. I dette tilfellet har også nokre av ringane dekorerte hovud og ringskinner. Tabell 4.3 samanfattar ringane av bly og tinn i høve til gruppe, hovudform, steinar og dekor.

Tabell 4.3. Oversikt over tinn/bly-ringar frå London.

Materiale	Gruppe		Hovud					Stein		Dekor	Totalt
	I	II	Rund	Oval	Rektangulær	Rombe	Figur	Bevart	Mista		
Bly		1			1				1		1
Tinn		15	5	1	2	3	4	6	2	9	15

Tabell 4.3 viser at fem ringar har rundt hovud, ein er oval og fem ringar har firkanta hovud. Fire ringar har hovud med ulike figurformer. L25 har eit blomeforma hovud, medan L34-36 har hovud forma som andletsmaske, religiøst hovudplagg og eit menneskehovud med krune.


To ringar, (L22, 24) har intakte steinar av glas. L23, 26 og 31-33 har dekor som imiterer steinar og dekorert ringskinne. Dekoren består av tverrgåande riller, perlemønster, Andreaskross og

rombemønster fylt med kryssmønster (Egan & Pritchard 2002:334). L32 er den einaste ringen med flettemønster. L27-30 har både dekorert hovud og ringskinne. Hovuda er dekorerte med kryssmønster og tverrgåande riller, medan ringskinna har dekor av tverrgåande riller og eit horisontalt v-mønster (Egan & Pritchard 2002:334).

Storleik

For å kunne sjå ringar i høve til kjønn, vil eg også her samanlikne måla mot moderne ringmål for å sjå kva slags storeikar i materialet inneheld, og om det er forskjellar innanfor materialgruppene. Som nemnd ovanfor, er kvinnestorleikar i snitt 10-19 mm (50-60), medan mannsstorleikane er 20-30 mm (60-70). Der er storleikar som kan vere like både for kvinner og menn, desse ligg på 17-19 mm. Storleikane er lista i diagram 4.3

Diagram 4.3 Samla oversikt over ringmål frå London. N=36.



Gullringane L1-4 måler 17 mm, medan L5 måler 18 mm. Dette vil seie i moderne mål, 57 og 58, der begge ligg mellom begge kjønn. Fire av bronse/messingringane (L7, 10, 14, 15) har mellommålet 17-19 mm (57-59), og er difor også vanskeleg å stadfeste i høve til kjønn. Messingringane, L8, 11, 13, måler 15 mm, medan L6 er 16 mm (55-56). Desse måla utgjer i snitt kvinnestorleikar og har difor truleg vore kvinneringar. L9 er den største messingringen og måler 20 mm, i moderne storleik 60, som i snitt utgjer ein mannsstorleik.

Fire ringar, L12, 18 av bronselegering, L16 av bronse og L19 av kopar har mellomstorleikane 17-19 mm. L20 av kopar er den minste ringen i materialet, 11 mm (51) og mest sannsynleg ein kvinnevering. Tinnringane viser størst variasjon i mål, og i alt ni av femten ringar utgjer i snitt kvinnestorleikar. L29 og L36 måler 12 mm (52), L28 og L35 13 mm (53), medan L23, 25 og 33 måler 14 mm (54). L30 og L32 måler 16 mm (56) mm. Storleikane til desse ringane tyder på at dei truleg har vore til kvinner. L21, 26 og L31 har mellomstorleiken 17-19 mm (57-59). L22

og L24 måler 20 og 21 mm (60-61) og er truleg mannsringar.

Materiale, form og dekor

Tabell 4.4 gir ei samla oversikt over ringmaterialet frå London i høve til materiale, gruppe, hovudform og dekor.

Tabell 4.4. Samanfating av ringmaterialet frå London. N=36

Materiale	Gruppe		Hovud				Stein		Dekor	Totalt
	I	II	Rund	Oval	Div. firkantar	Åttekant/figur	Bevart/imitert	Mista		
Gull		5		1	2		5	1		5
Bronse		2	1		1		1	1		2
Bronselegering	1	1			1		1		1	2
Messing	6	3	2			1	2	1	4	9
Kopar		2			2			2		2
Bly		1			1			1		1
Tinn		15	5	1	5	4	6	2	9	15
Sum	7	29	8	2	12	5	15	8	14	36

Prosentvis utgjer gull 14 %, bronse, messing og kopar 42 %, medan bly utgjer 2 % og tinn 42 % av ringane frå London. Seks ringar av messing og ein av bronselegering høyrer til gruppe I, medan 29 ringar høyrer til gruppe II. Åtte ringar i materialet har runde hovud, to ringar har ovalt hovud, medan tolv ringar består av hovud med diverse firkantar. Fire ringar har figurforma hovud, medan ein ring har hovudet forma som ein åttekant. I alt 10 ringar har bevarte steinar, der fleirtalet er steinar av glas. Fem tinnringar har dekor som imiterer steinar. Edelsteinar er berre nytta i ringane av gull. L13 som er av messing er den einaste i materialet som har ein glascameo, som truleg førestiller ein skorpion eller ei krabbe.

Av fjorten ringar med dekor, er ni er av tinn. Det er berre tinnringane som har ei blanding av dekorert hovud og ringskinne. Denne dekoren består i hovudsak av tverrgåande riller, kryssmønster og Andreaskross. Fire ringar har òg figurativ utforming, noko ein ikkje finn i dei andre metallgruppene, ein blome, ei andletsmaske, eit religiøst hovudplagg og eit menneskehovud med krune.

4.2.2 Fingerringar frå Bryggen og London – ei samla vurdering

Fem metallgrupper er funne på Bryggen, medan i London har ein heile sju ulike metallgrupper i materialet. Sjølv om det er funne fleire ringar i materialet frå London er det funne fleire gullringar i Brygge-området, ni mot i alt fem frå London. Ringane frå Bryggen viser formvariasjonar både i gruppe I og II. Fire ringar har breie ringskinner med utvendig dekor. Dette er ikkje å sjå i London-materialet. Medan ein gullring frå Bryggen er 24 karat, dvs. nesten reint gull, er den edlaste gullringen frå London 18 karat. To gullringar frå Bryggen viser likskap med tre av gullringane frå London. Desse har rundt og ovalt hovud med smal skinne. Medan alle dei fem ringane frå London har edelsteinar av almandingranat, safir og smaragd, er det på Bryggen berre bevart to ringar med stein, ein ametyst og ein blå opak stein. To signetringar (B7-8) av gull har dekor på skuldrer og hovud, denne forma ser ein ikkje likskap til i London. Sølv er berre representert på Bryggen.

Tinn og bronse/messing/kopar utgjer dei desidert største gruppene i London, til saman 30 ringar, medan Bryggen berre har seks ringar av bronse/messing. Tinn finst ikkje i det heile mellom ringane på Bryggen. Bronse/messingringane frå Bryggen og London høyrer både til gruppe I og II. Frå London har fem ringar i gruppe I har dekorert ringskinne med tverrgåande riller, perle og kryssmønster. Dei to ringane frå Bryggen med dekor har sirkclar og ei rett line langs skinna. I materialet frå London er det tinnringane som viser størst variasjon når det gjeld form og dekor. Tinnringane under gruppe II har hovud med dekor og steinar av glas, men også dekor som imiterer steinar.

Materiale, form og dekor har vist likskapar mellom ringane frå Bryggen og London, men forskjellane er likevel størst. Kraftige ringar av edelt metall er berre representert på Bryggen, fire ringar av gull, ein av sølv og ein av bronse med ringskinnebreidde på 4 - 10 mm. Bruken av kraftige ringskinner med dekor gir ringane ein prestisjefylt utsjånad. Både frå Bryggen og London ser ein at materialet ringar med hovud får ei tynnare utforming ved ringar med hovud. Både når det gjeld dekor og steinar er ringane frå London best representert, der ringane er utstyrt med fleire dekorformer og fleirtalet har framleis bevarte steinar. Bruken av imiterte edelsteinar ser ut til å ha vore stor i London. Dette tilhøvet er ikkje mogleg å avgjere ved Bryggen, då få ringar har intakte steinar. Ein stor forskjell mellomringane frå Bryggen og London gjeld bruken av tinn i ringar. Dei finst ikkje i Brygge-materialet.

Brygge-ringane viser mindre variasjon i storleik og strekkjer seg over seks ringmål og elleve frå London London står for dei minste måla, 11-15 mm, der den minste ringen som er av kopar

er 11 mm. Dei største ringane er funne på Bryggen og måler 22-23 mm. I begge byane er eit fleirtal av ringane i mellomstorleiken 17–19 mm, likt representert med to ringar som måler 20 mm. Tre ringar frå London og ein ring frå Bryggen er deformerte og difor ikkje målbare.

4.2 Kjede

Berre eitt kjede er funne frå Bryggen, medan ti kjede er funne i Themsen-området.

Ingen av desse kjedene kan direkte knytast til klesdrakta, men ein kan heller ikkje utelukke at dei har vore ein det. Kjede av edelt metall med dekorative element tyder på at dei var meint som halskjede, men ein har ingen sikre kriterie som kan stadfeste dette (Egan & Pritchard 2002:318). Kjedene frå begge byane er enkle i utforming, og berre eitt er av sølv. Dette kan ifølgje Egan og Pritchard tyde på at dei ikkje har vorte brukt rundt halsen, men kan til dømes ha vore nytta som nøkkelring eller til å halde andre verdifulle gjenstandar samla. Kjedene kunne også nyttast til å feste spennepar eller til å snøre saman klesdrakta. Kjedene består i hovudsak av runde ringar, som enten er enkle eller doble og s-forma. Kjedet frå Bryggen er av bronse/messing, medan kjedene frå London er av sølv, kopar, messing og jern.

4.2.1 Bryggen

Kjede av bronse/messing

B17 som er det einaste kjedet frå Bryggen, Dette består av enkle s-forma ledd og måler 306 mm. med ein ring festa i eine enden og ei lita festeordning på andre enden. Diameteren til ringen er 25 mm.



Figur 4.11. B17 har s-forma ledd og ein ring med diameter på 25 mm.

4.2.2 London

I alt ti fragmenterte kjede (L37-46) er funne ved Themsen. Desse består i hovudsak av enkle ringar, doble ringar og s-forma ledd. Eit kjede er av sølv, fem av kopar, eit av messing og tre er av jern. Kjedene vert ikkje rekna som moglege halskjeder, då dei er av enkel utforming og fleirtalet av uedelt metall (Egan & Pritchard 2002:318).

Kjede av sølv

L37 består no berre av to runde ringar med ein diameter på 22 mm og ei vekt på 1,80 gram.

Kjede av kopar/messing

L38 består no av fem ringar er forma av ein trippel spiralsnurra metalltråd som er festa til fire ringar som dannar eit dobbelt spiralmønster. Kjedet har ei lengde på 107 mm.

Fem kjede L39-43, har s-forma ledd. L39 har ein metalltråd snurra rundt midten av ledda, noko som gir ei sløyfeform. Total lengde er 140 mm+. L40-43 som er like har enkle ledd festa saman av doble s-forma ledd. Desse måler 110-190 mm, medan L43 som er av messing er sterkt deformert, og har no ei bevart lengde berre på 13 mm

Kjede av jern

Tre kjeder er av jern (L44-46). L44 og L45 har same utforming som kjedene ovanfor. Desse har ei lengde på 78 mm og 250 mm+ (Egan & Pritchard 2002:320). L46 består av ein tjukkare metalltråd og dei S-forma ledda festa i kvarandre. Kjedet har ei lengde på 200 mm.

4.2.3 Kjede frå Bryggen og London - ei samla vurdering

Kjedet frå Bryggen er det einaste i materialet frå begge byane som fortsatt er intakt. Med ein ring på eine enden og ei festeordning på den andre kan dette ganske sikkert knytast til klesdrakta, enten som eit snørekjede, eller som feste til gjenstandar, til dømes nøklar.

Kjedene frå London viser enkle, doble og s-forma ledd, der det er den siste forma er brukt på i alt åtte kjede med formlikskap til kjedet frå Bryggen. Alle er no fragmenterte og har ikkje festeordningar som kjedet frå Bryggen. Dette er også det desidert lengste kjedet på heile 306 mm, medan det lengste kjedet frå London har ei estimert lengde på 250+ mm.

Det er likskap i bruken av metall, utforming av s-ledd. Sidan alle kjedene frå London er fragmenterte er det heller ikkje mogleg å sjå om dei har hatt festeordninga som Brygge-kjedet.



4.3 Perler

Perler hadde i mellomalderen fleire bruksområder. Desse vart nytta på ulike smykke, mellom anna på spenner, søljer, fingerringar, men også sydde direkte på klesplagg og tekstil kyrkjekunst (Molaug 1998:50). Fleire perler frå London og Bryggen stammer truleg frå rosenkransar, knytt til religiøs aktivitet, bønner og andakt. Det var reglement for storleik og samansetning av perler i rosenkransen (Egan & Pritchard 2002:305) og ein ser mellom anna eit oppsett av fem gongar ti perler, ei gruppe som vert kalla dekade. Fem perler hang ned frå sjølve

kransen og hadde ofte anheng av religiøse motiv, til dømes jomfru Maria eller eit krusifiks (KLNIV XIV:418). Materialet i perlene frå Bryggen består av rav, glas, tre, og bein, medan ein i London har funne perler av rav, bergkrystall, tinn og glas.

4.3.1 Bryggen

I alt 82 perler er funne frå Bryggen. B22-27 er her funne i to hovudkonsentrasjonar, medan nokre få er enkeltfunn. Perlene er på ca. 10-30 mm i diameter med eit gjennomgåande hol. Dei har vorte klassifisert i tre hovudgrupper av Sonja Molaug. Gruppe A er perler med rund overflate, gruppe B har fasettert overflate, og gruppe C viser andre overflateformer (Molaug 1998:51). Ho har også nytta undergrupper, men sidan det ved London har vorte gjort ei enkel klassifisering basert på form og farge vil eg her berre nytte hovudgruppene. Gruppeinndelinga til Molaug er vist i fig.4.12, medan antal perler er å finne i tabell 4.5.

	
A= Perler m/ sirkulær overflate	B= Perler m/ fasettert overflate

Figur 4.12 Molaug si gruppeinndeling av perler (Molaug 1998:27).

Tabell 4.5. Gruppeinndeling av perlematerialet frå Bryggen. N=82.

Materiale	Gruppe		Totalt
	A	B	
Bein	5		5
Glas	3		3
Rav, glas (same konsentrasjon)	21	4	25
Rav, glas, tre (same konsentrasjon)	49		49
Totalt	78	4	82

Fem perler er av bein alle under gruppe A. B18 består av fire like perler. Dei har ei flat rund form og er farga kvite. L19 er ei rund brun perle med seks runde utvekstar plasserte utvendig på perla. B20 er ei perle av blåst glas, medan B21 er av ein grågul stein. B22-24 består av ein funnkonsentrasjon på 25 perler som truleg har vore ei armlenke. 21 perler er av rav og fire er av glas. Perlene av rav er runde og høyrer til gruppe A, medan glasperlene er fasettert, gruppe B. To perler av rav er større og har ei flatare form enn dei andre perlene. B25-27 utgjer ein funnkonsentrasjon på 49 perler av gruppe A. Desse perlene kan ha vore ein del av ein rosenkrans, der 46 av perlene er av rav med noko ulik fargevalør. Dei varierer også noko i

utforming. Den store ravperla har ein diameter på 35 mm, medan dei mindre perlene ligg på rundt 10-15 mm. Perlene av tre og glas måler 15 mm.








Figur 4.13 Perler frå Bryggen, der B25-27 utgjer eit smykke av rav, glas og tre. B22-24 ei armlenke av rav og glas. Perlene har blitt rekonstruerte.

4.3.2 London

Langt fleire perler er funne ved Themsen, men i dette området er det funne i alt hundretals uferdige perler, tolka som produksjonsavfall, der heile 162 perler er ikkje vorte fullførte eller har vorte skada under produksjonen. Desse har vorte klassifiserte i grupper frå A-E som referer til dei ulike produksjonstega, til dømes er A perler som har vorte trimma med kniv. B er perler som har vorte øydelagt under boring av hol osv. Då desse ikkje har fått ferdige former er dei ikkje samanliknbare og vil difor berre bli nemnd her (Egan & Pritchard 2002:305).

I alt 46 perler er rekna som ferdige perler (L47-78). Desse består av materiala rav, bergkrystall, glas og tinn. Formene i perlematerialet frå London er samanfatta i tabell 4.6. I alt 35 perler har ei sfærisk form, fire er ovale og to er kvadratiske. Tre perler er bikonvekse og to perler er forma som eit polyhedron.

Tabell 4.6. Oversikt over formene i perl materialet frå London (N=46).

						Totalt
Materiale	Sfærisk	Bikonveks	Oval	Kvadratisk	Polyhedron	
Rav	30	2	3	2	2	39
Glas	2					2
Bergkrystall	1	1	1			3
Tinn	2					2
Totalt	35	3	4	2	2	46

I alt 39 perler er av rav. L47 og L53 er dei einaste funnkonsentrasjonane her, og desse består av sju og åtte ravperler, medan fleirtalet er enkeltperler. L47 består av åtte ravperler som vart funne på ei silkesnor i to lengder på 116 og 66 mm. Den lengste har fem runde perler, medan den minste har tre perler av ulik storleik, form og farge. Variasjonen i perlene og ytre feil gjer at dette ikkje vert rekna som eit statussmykke etter moderne standard, ifølgje Egan & Pritchard (2002:306). Perlene av rav har ein storleik frå 7-16 mm.



Figur 4. 14. L47 er åtte perler rav funne på ei silkesnor, og har truleg vore ein del av ein rosenkrans (Egan & Pritchard 2002: Plate 8:H, målestokk ikkje oppgitt).

L72-74 er av bergkrystall. Ei perle har ei sfærisk form, medan ei perle er oval. L74 skil seg frå dei andre ved å bestå av to cabochon-slipte bergkrystallar som deretter er festa saman av ein opak rosaraud materie, som gjer at perla får ein svak rosa farge. Perlene måler frå 11-13 mm (Egan & Pritchard 2002:317). L75 og 76 er dei einaste perlene av metall funne i London. Desse er av tinn og er no deformerte, men har truleg hatt ei sfærisk form. L77 og L78 er dei einaste glasperlene i materialet og har ein gulgrøn farge, og har ei sfærisk form med mål 4-5,5 mm.

4.3.3 Perler frå Bryggen og London – ei samla vurdering

Rav utgjer den største materialgruppa. Bryggen har 67 perler av rav (82 %), medan London har 39 perler (85 %). Brygge-materialet har to konsentrasjonar av ravperler, som truleg har høyrd til ei armlenke og eit smykke. London har funn av 31 enkeltperler, medan ein konsentrasjon på åtte perler på ei silkesnor, truleg ein del av ein rosenkrans. Bryggen har ni perler av glas, medan London berre har to. Perlene frå Bryggen har ei fasettert overflate med ein svak transparent grå/kvit farge, medan begge perlene frå London er grønne. Fem perler er av bein og ei av tre er funne på Bryggen, medan London har ingen funn av slike perler. London har derimot tre perler av bergkrystall og to av tinn, noko som ikkje funne på Bryggen.

4.4 Anheng

Anheng har ofte eit gjennomgåande hol på øvre del, slik at dei kan hengast på eit kjede eller ei snor. Molaug har klassifisert anheng etter form og dekor i gruppene A, B og C. Berre eitt anheng er funne på Bryggen; dette tilhøyrar den poseforma gruppe A (Molaug 1998:33). Materialet frå London består av åtte anheng som truleg kan ha vore delar av øredobbar, armlenke eller smykke (Egan & Pritchard 2002:321).

4.4.1 Bryggen

Anheng av bly

B29 er det einaste anhenget som er funne på Bryggen og er ein såkalla ampulle med form som ein pose eller ei flaske, forma for å kunne romme heilag vatn eller innvia olje (Andersson 1989:137). Den er 93 mm høg og veg 58 gram. Ampullen frå Bryggen har tosidig dekor. På den eine sida ser ein ei avbiling av mordet på erkebiskopen av Canterbury, Thomas Beckett (Herteig 1969:208 f), der fire av kongen sine menn under leiing av Richard le Bret halshogger erkebiskopen. Bak biskopen kan ein sjå hans fortrulege ven Edmund Grim med ein krosstav i handa. Den andre sida viser truleg hendingar i livet hans, henta frå Thomas-legenden (Andersson 1989:57).



Figur 4. 15. Ampulle frå Canterbury funne på Bryggen., med motiv som viser mordet på erkebiskop Thomas Beckett. Bildet til høgre viser teikning av ampullen (Herteig 1969:208).

4.4.2 London

I alt åtte gjenstandar, L79-86, frå London kan vere anheng. Dei er materialbestemt av Ancient Monument Laboratory og London Museum Conservation Dept. og er av kopar, messing, tinn og bly-tinn.

Anheng av kopar/messing

L79 har ei trekantform og måler 34 x 36 mm. Anhenget har ein nedre kant forma som eit kamskjel med fire fordjupingar. Fire liner dekte med trekantmønster strekkjer seg frå nedre til øvre del av anhenget, der er det ei smal horisontal line med likt mønster. Anhenget viser spor av forgylling og på midten ei klo som vert haldt på plass av ei klinke. Denne kloa har hatt ein stein som no er mista. Øvst har den eit rundt feste (Egan & Pritchard 2002: 321).

L80 er av messing. Dette anhenget er laga av ei tynn rombeforma metallplate og er utan dekor, med ei lengde på 44 mm. På festet har den også eit ledd av eit s-forma kjede

Anheng av bly-tinn

L81 er eit fragmentert plateforma anheng med har ein diameter på 23 mm og øvst eit lite rundt feste. Dekoren syner eit grovt mønster av ein fugl. L82-84 er forma som lauv. Desse har ei lengde frå 20,5-22 mm.

Anheng av tinn

L85 er eit fragmentert rundt anheng med ei høgde på 32 mm+. Det syner nedre del av kroppen til ein hane. Brystet og vingane er dekorerte med kryssmønster, medan ytre del av vingane er

markerte med perleutformingar. Føtene er intakte og har tre tær. Den har eit rundt feste på midten av ryggen. Hanen har også eit tredje bein, dette er utan tær og vert rekna som ei støtte slik at anhenget kunne ha ein ståande posisjon, uvisst kvifor. L86 er forma som ein likesida trekant utan dekor og måler 16 x 28 mm (Egan & Pritchard 2002:321f).


4.4.3 Anheng frå Bryggen og London - ei samla vurdering

Anhenget frå Bryggen er eineståande og kan knytast til pilegrimsmaterialet som blir nemnd under. Det har truleg vorte bore rundt halsen i ei snor/kjede. Frå London er det fire figurative anheng, med tre lauv og ein hane som motiv. Fire anheng har geometriske former. Materialet frå London viser ein større bruk av anheng enn det som er påvist på Bryggen, med det eine anhenget funne her. Ingen av anhenga frå London har same markante religiøse tilknytning som anhenget frå Bryggen. Materiala er òg ulik, då London har ei legering av bly-tinn, medan anhenget frå Bryggen er av bly. Form og dekor skil seg naturlegvis nok også frå kvarandre. London-materialet viser i hovudsak figurformer som avbildar planter og dyr og er mindre med ei lengd på 44 mm, medan anhenget frå Bryggen er dobbelt så stort, 93 mm.

4.5 Søljer/brosjer

Søljer frå mellomalderen består i hovudsak av ei opa metallramme og ei nål, såkalla torn, til å tre gjennom tøyet. Søljer vert i arkeologiske tekster kalla ringsøljer/brosjer sidan fleirtalet har ei ringforma ramme. Denne «ringen» kan også variere i form, mellom anna ser ein ovale, rombeforma, rektangulære, heksagonale og figurative former (Deevy 1998:5). Søljene vart nytta til å feste klede saman, gjerne i halsopninga av ei skjorte eller ei kappe, men dei var også

dekorative smykke som vart nytta av såvel barn, kvinner som menn i mellomalderen (Egan & Pritchard 2002:247).



Figur 4.16. Terminologi nytta av Deevy. Figuren syner sølja sin ytre diameter, rammebreidde, innsnevring på ramma og torn (Deevy 1998:6).

Søljer og spenner med runde rammer kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre. Ein måte å skilje dei på, tek utgangspunkt i sjølve pinnen ein nyttar til å feste sølja med. Er denne festa ved ei innsnevring på sjølve ramma og ikkje kan røyre seg fritt, er det truleg ei sølje framfor ei spenne; dette fordi den er tilpassa klede framfor eit belte. Dersom gjenstanden manglar dette trekket, vert den rekna som ei spenne. Frå London er det to typar søljer, som kan skiljast frå kvarandre ut frå ramma. Den første har ei opa ramme med ei innsnevring til torn. Den andre typen har ein integrert torn på baksida av ramma, og ofte med ei udefinierbar ramme. Tornen på søljene med opa ramme kan festast gjennom tekstil på begge sider av ein krage, eller gjennom ein enkel fald i plagget. Den andre typen vart festa enten vertikalt eller horisontalt i stoffet (Egan & Pritchard 2002:247 f). Søljene frå Bryggen har i hovudsak vorte materialbestemt av Sonja Molaug, medan Riisøen og Erichsen har materialbestemt åtte søljer til kontroll. Søljene består av gull, sølv, bronse/messing, kopar, bly og tinn. I London har Ancient Monument Laboratory og London Museum Conservation Department stått for metallanalysene av søljene. Desse er av sølv, bronse, bronselegering, messing, kopar og bly-tinnlegering. Form og dekor kan ofte vere vanskeleg å skilje, då dekoren er integrert i forma. Denne problematikken gjeld særleg for London, der fleire av søljene har figurutformingar.

4.5.1 Bryggen

I alt 19 søljer er funne ved Bryggen (B30-48), som har ei rund opa ramme med torn. Molaug har klassifisert søljer som A, der dei med rund ramme er kalla AI og ei sølje med figurform er kalla AII (fig.4.16) Ut frå storleik og indre diameter har Molaug klassifisert søljene som skjortesøljer (<2,5 cm) og kappesøljer (> 2,5 cm), basert på kor mykje tekstil som skal til for å kunne lukke skjorta/kjolen og kappa. L33, 38 og 44 er klassifiserte som kappesøljer, der ei er av sølv, ei av bronse og ei av messing (Molaug 1998:19 f).

Sølje av gull

B30 er den einaste sølja av gull og består av ein liten glatt ring som er hamra og har to rifler på tornen der den er festa til ringen. Den måler 16 mm i ytre diameter og veg 2 gram.



Figur 4.17. B30 med glatt ring og torn .

Sølje av sølv

B31-34 er alle av sølv. B31 har triangelmønster fylt med kryssmønster, og på baksida ei innskrift. Den måler 30 mm og veg 4 gram. B32 har flettemønster langs heile ramma. Den måler 23 mm og veg 2 gram. B33 måler 51 mm i ytre diameter og veg 21 gr. Ut frå storleik er denne tolka som ei kappesølje. Den har innskrift «JASPA MELCHIOR BALTA», som viser til namna til dei tre heilage kongane Kaspar, Melkior og Baltasar (Molaug 1998:62). På midten av ringen, både på øvre og nedre del er den utforma med to gripande hender. B34 har eit bogemønster og er dekorert med sju forgylte lauv. Den har ein integrert nål på baksida av ramma og måler 35 mm i ytre diameter. På baksida er den stempla med ein H og talet 44, men desse har ikkje tidlegare vorte tolka.



Figur 4.18. B33 med innskrift av dei tre heilage kongane og to gripande hender

Søljer av bronse/messing og kopar

I alt ti søljer (B35-44) høyrer til denne kategorien, der B35-43 er av bronse/messing og B44 av kopar. B35 har dekor av ni rosettar. Mellom desse er der to variantar av runeliknande teikn. Blomane er markerte med ein svart kant rundt og langs kronblada. Den måler 40 mm i ytre diameter. B36 og 37 er funne saman. Desse har lik dekor, som består av tverrgåande riller. Den minste måler 19 mm og den største 25 mm. Desse har begge innsnevringar på ramma, og er då

truleg ikkje to delar av same sølje. B38 og B43 er no fragmenterte med utydeleg dekor. Ut frå storleiken på ramma er dei tolka som kappesøljjer. B39, 40 har dekor i form av sirkclar og tverrgåande riller. Desse måler 12, 19, og 34 mm. B42 har delt dekor, der øvre del av ramma er fletta og nedre del er glatt. Denne måler 22 mm. B44 er av kopar og har ei enkel ramme 25 mm i diameter og med åtte små groper.



Figur 4.19. B35 med dekor av ni rosettar og runeliknande teikn.

Sølje av bly

B45 er av bly og måler 29 mm. Den er utforma av to tynne ringar, der den inste er festa til den utanpå ved hjelp av seks runde kuler.

Søljjer av tinn

B46-48 er alle av tinn. B46 har delt dekor, der øvre del er fletta og nedre del glatt. Denne måler 21 mm. B47 har ei rund ramme som måler 33 mm med fire sirkulære kuler. B48 (fig.4.20) viser to dyr i profil. Hovudet deira er vent kvar sin veg. Dei har dekorert auge og munn og lineære linjer som fortsetter ned til halsen, noko som kan førestille ei tunge. Dekoren viser parallelle boga linjer som truleg etterliknar kvar sin fot som er bøygde like ved halsen. Dette motivet minner om ein heraldisk positur, kalla rampant, der dyr er avbilda med hovudet i profil og forbeina er løfta. Sølja måler 35 x 35 mm.




Figur 4.20 B48 Sølje frå Bryggen med figurform av to dyr

Storleik

Eg har valt å måle søljene frå Bryggen etter ytre diameter for å vise storleiken på dei. Diagram 4.4 viser ein storleiksskala gruppert i fem målgrupper ca. 10 mm.

Diagram 4.4. Storleiken av ytre mål på søljene funne ved Bryggen. Den figurative sølja er ikkje heilt rund og måler 35 x 35 mm, men har vorte tatt med i målgruppa 30-39 mm. N=19



Diagrammet viser at fire søljær måler frå 12-19 mm, seks frå 20-29 mm. Det viser at over halvparten er under 30 mm. Fem søljær måler frå 30-39 mm, og utgjer ein firedel av materialet. Berre to søljær er større enn 39 mm. Fleirtalet av søljærne frå Bryggen er altså relativt små, og ha truleg vorte nytta som skjortesøljær. Tre søljær, ei av sølv som måler 51 mm og to fragmenterte søljær av bronse/messing har ut frå rammestorleiken truleg vore kappesøljær.

Materiale, form og dekor

Tabell 4.7 gir ei samla oversikt søljærne frå Bryggen med utgangspunkt i materiale og dekor.

Forma er her i fleirtal rund, med unntak av B48 av tinn som har ei figurativ form.

Fem søljær av er edelt metall og ti søljær er av bronse, messing og kopar. Berre ei sølje er av

bly, medan tre søljær er av tinn. Prosentvis utgjer edelt metall 26 %, bronse/

messing/kopar 53 %, bly 5 % og tinn 16 % av søljærne frå Bryggen.

Tabell 4.7. Oversikt over materiale og dekor i søljene frå Bryggen. N=19.

Materiale	Dekor				Totalt
	Glatt	Mønster	Innskrifter	Figur	
Gull	1				1
Sølv		2	2		4
Bronse/messing/kopar	1	9			10
Bly		1			1
Tinn		2		1	3
Sum	2	14	2	1	19

Berre to søljer har glatte rammer, medan 14 søljer har dekor av ulike mønster og to søljer har innskrifter. Dekoren i materialet består av tverrgåande riller, flette, triangel- og kryssmønster. Ei sølje har blomemotiv, medan ei sølje er dekorert av sju forgylte lauv. I tillegg til innskrift har ei sølvsølje utforma to gripande hender på øvre og nedre del av ramma. Denne har ut frå storleiken truleg vore ei kappesølje. Tre søljer har delt dekor av flettemønster og glatt ramme. To tinnsøljer skil seg frå dei andre. Ei har ei glatt ramme med fire runde kuler, medan ei er forma som to stiliserte dyr. Denne er den einaste sølja som er utprega figurforma.

4.5.2 London

I alt 72 søljer (L87-159) er funne ved utgravingar ved Themsens-området. Materialet består av sølv, bronse, bronselegering, messing, kopar, tinn og bly-tinnlegering. Nokre av søljene har også vore pryda med steinar av glas. Som i Bergen er søljer med runde rammer målt etter ytre diameter, medan søljer med andre former er målt etter breidde og høgde. I London er det òg problematisk å skilje form og dekor frå kvarandre, når det gjeld figurative former.







Søljer av sølv

L87 og 88 er begge av sølv. L87 har eit flettemønster med perleutformingar. Den måler 1,6 cm og veg 0,75 gram. L88 har innskrifter av lombardiske bokstavar «IE2V2 NAZARENV2». Z er spegelvend. Innskrifta tyder «Jesus frå Nasaret». Sølja måler 2,5 cm og veg 2,4 gram (Egan & Pritchard 2002:255).

Søljer av bronse, bronselegering, messing og kopar

I alt 24 søljer (L89-112) høyrer til denne kategorien. Her er L107-110 er av bronse, L96-106 er av bronselegering, L111-112 av messing, medan L89-95 er av kopar. Søljene har rund ramme med unntak av to søljer, ei av kopar og ei av bronse.

Tabell 4.8. Oversikt over dekor på søljene frå London i kategori ovanfor. N=22

						
	Glatt	Tosidig dekor	Sikksakkmønster	Flette/ spiralmønster	Sirkelmønster	Innskrift
Totalt	5	3	3	5	4	2

Dekoren syner eit variert mønster frå enkle glatte søljer til søljer med tosidig dekor. Mønstera består av tverrgåande riller, sikksakk, flette og spiralmønster (Tabell 4.8). Runde groper av ulike storleikar ser ein på to av søljene, medan to søljer har hatt steinar av glas plassert på spennhylser og på tornen. To av søljene har blomeutformingar. L95 har fire blomar med seks kronblad plassert på ramma, medan L110 er forma som ein blome med dekor av tverrgåande riller.








Figur 4.21. L95 har rektangulær ramme med blomedekor (Egan & Pritchard 2002: Plate 6, 2:1).

Søljer av tinn

21 søljer er av tinn (L113-133). I dette materialet ser ein fem ulike utformingar av rammer (tabell 4.9).

Tabell 4.9 Syner rammeformene av tinnsøljer frå London

					
	Rund	Blome	Rombe	Femkant	Sekskant
Antal	12	3	1	1	4

Tolv søljer har rund ramme, tre søljer har blomeform og seks søljer består av fleirsida geometriske figurar. Dei runde søljene har ulike dekor. L113-115 er dekorerte av tverrgåande riller. L117-118 har flettemønster, medan L124 har flettemønster og har hatt stein fatt i tornen.

L120,122 og 130 har blomeform/dekor. L119, 123, 126 har fire runde knottar. L125 har ei innskrift av lombardiske bokstavar «AVEMARIAG/ RCIAPLCNA: [INVAN]». Første del av innskrifta viser til Ave Maria, medan den siste delen er ikkje nemnd (Egan & Pritchard 2002:255).

Dei mangeanta søljene L128-132 har lik dekor. Denne består av sirkulære knottar som varierer i storleik. L127 er rombeforma og har fleire steinar fatta i ramma (fig. 4.16). Tre av fire sirkulære innfatningar har framleis gulgrøne glassteinar. Dekoren består av kryss og triangelmønster med eit perleband langs rammekanten. I tillegg har den fire runde kuler plassert utanpå ramma (Egan & Pritchard 2002:256 f).











Figur 4.22. Bilde til venstre viser L127 med gulgrøne glassteinar. Bilde til venstre viser L116 og L121 med dekor som etterliknar steinar. Denne består av oppheva sirkclar og rektangel (Egan & Pritchard 2002 Plate 6:B og E, 2:1).

Søljjer av bly-tinnlegering

I alt 25 søljjer er av bly-tinnlegering (L134-159). Åtte ulike rammeformer er representerte her. I tillegg til dei geometriske figurane som er nytta i dei andre metallgruppene ser ein fleire utformingar av blomar, fuglar, dyr og ein antropomorf figur. Desse er lista opp i tabell 4.10






Tabell 4.10 Tabellen under syner ei oversikt over form og storleik på bly-tinnsøljjer frå London. N=25

								
	Rund/ plateforma	Rund	Rektangulær	Åttekant	Blome	Dyr	Fuglar	Menneskeliknande
Totalt	9	1	1	1	5	2	5	1

Her finn ein berre ei sølje med opa rund ramme, medan fleirtalet består av ei plateforma ramme med torn på baksida. To søljjer er rektangulære og åttekanta, medan åtte søljjer figurativt utforma. Dekoren på dei figurforma søljene er ein integrert del av figuren og kan difor ikkje

skiljast ut på same måte som ein kan ved dei runde søljene. I tabell 4.11 vert både dekor og form knytt saman.

Tabell 4.11 Dekor i bly-tinnmaterialet. N=16

					
	Fleur de lis (iris)	Fiolar	Åttekanta stjerne	Griff	Sirkel/perlemønster
Antal	9	4	1	1	1


Ei sølje er forma som to dyr, L136. Denne manglar nedre del av ramma og torn. Dekoren er lineær og viser to dyr i profil med hovudet vendt kvar sin veg. Boga linjer viser at begge dyra har ein bøygd fot ved halsen. Den har ei estimert lengde på 37.5 mm (Egan & Pritchard 2002:260). L135 og L152-155 er forma som fuglar, der fire søljer no er fragmenterte. L135 består no av ein kryssmønstra venge. L153 viser ein fuglekropp dekorert av tverrgåande riller. Hovudet manglar, men rundt halsen har den eit band dekorert av oppheva sirkclar. L154 viser eit krona rovfuglhogvud som har same halsband som L154. L155 består av halen til ein hane. Denne er dekorert med tverrgåande riller. L152 er i stor grad intakt, berre hanekammen er mista (fig.4.17). Denne utforminga finn på fleire søljer frå England. Desse har tidlegare vorte tolka som to hanar i slåsskamp, men i følge Egan og Pritchard er dette ein hane og ei høne som utfører ei paringsakt (Egan & Pritchard 2002:266)



Figur 4.23 L152 viser ein hane og ei høne i paringsakt (Egan & Pritchard 2002:265, 2:1).

L157 er forma som ein menneskeliknande figur (fig.4.18). Figuren har på seg ei hette dekorert av kryssmønster. Armane er plassert rundt ei stampe, medan han urinerer. Berre ein fot er framleis intakt. Mannen er naken og kroppshåra er dekorert av horisontale riller i relieff. Sølja

har truleg målt 29 x 33 mm, dette er basert på ei lik sølje frå Salisbury og South Wiltshire Museum Collection (Egan & Pritchard 2002:266 f).




Figur 4. 24. Det første biletet viser L157, medan det andre biletet viser ei lik sølje frå Salisbury og South Wiltshire Museum collection (Egan & Pritchard 2002:267, 1:1 og 2:1).

Både form og dekor i bly-tinnmaterialet skil seg frå dei andre metallgruppene. Ein finn mellom anna ikkje den typiske runde sølja med opa ramme og torn her. Søljene med rund form er forma som ei plate og har torn på baksida av ramma. Søljene som er utforma som fuglar, dyr og den menneskeliknande figuren har dekor av kryssmønster, tverrgående riller og sirkeldekor. Ei sølje forma som to dyr har ein lineær dekor.

Storleik

I alt 53 søljer frå London har vorte målt etter ytre diameter og vorte grupperte i same målgrupper som ein såg på Bryggen (diagram 4.5).

Diagram 4.5. Storleiken til søljer frå London målt etter ytre diameter. N=53.



Diagrammet viser at ti søljer er mellom 12 og 19 mm medan over halvparten av søljene måler frå 20-29 mm. Elleve søljer måler 30-39 mm og ei sølje er over 40 mm. To søljer skil seg ut i

storleik og måler 80-89 mm. Søljer med ein ytre diameter frå 12-39 mm er såpass små at desse må ha vore skjortesøljer. Tre søljer kan ha vore nytta som kappesøljer ut frå storleiken på over 40 mm.











Søljene som har andre former enn runde er målt etter og høgde. Tolv av nitten søljer har ei breidde frå 13,5-27 mm, medan sju har ei breidde frå 28-51 mm. Ei sølje har breiddemål 51 mm og kan ut frå storleiken ha vore ei kappesølje. Når det gjeld høgde måler 14 søljer 21-32 mm, medan ti søljer måler 33-36 mm.

Materiale, form og dekor

Dei ulike rammeformene i søljematerialet frå London er her samla i tabell 4.13.

Tabellen viser at i alt 37 søljer har runde opne rammer, medan ti søljer består av ei rund plate og sju søljer er forma som fleirsida geometriske figurar. 18 bly-tinn søljer har figurformer som syner blomar, fuglar, dyr og ein menneskelikande figur. Sølv utgjer 3 % av materialet, bronse/messing/kopar 33 %, tinn 29 % og bly-tinn 35 %. Samla er bronse/messing/kopar og bly-tinn dei største materialgruppene i søljematerialet frå London. Tabell 4.14 gir ei samanfating av dei ulike dekormønster på søljene frå London.

Tabell 4.12. Gir ei samla oversikt over rammeformene i søljene frå London.

Rammer	Rund	Plate	Rektan- gulær	Rombe	Femkant	Sekskant	Åttekant	Blome	Fugler	Dyr/ Menneske	Totalt
Materiale											
Sølv	2										2
Kopar	6		1								7
Bronselegering	11										11
Bronse	3							1			4
Messing	2										2
Tinn	12			1	1	2		5			21
Bly-tinn	1	10	1				1	4	5	3	25
Totalt	37	10	2	1	1	2	1	10	5	3	72

Tabell 4.13. Ei samla oversikt over dekor i søljematerialet.

Materiale	Glatt	Flette/ kryss- mønster	Tverrgåande riller, sirkel, sikksakk- mønster	Tosidig dekor	Triangel, spiral- mønster	Runde groper/ kuler	Fugl, dyr, menneske	Blom	Innskrift	Imiterte / ekte glas- steinar	Total
Sølv		1								1	2
Bronse, bronse- leg. messing og kopar	4	5	2	3	3	2		2	2	1	24
Tinn		3	3			8		3	1	3	21
Bly-tinn		1	1			1	7	15			25
Totalt	4	10	6	3	3	11	7	20	3	5	72

Fire søljer er glatte, ti har flette/ kryssmønster, seks har dekor av tverrgåande riller, sirkel og sikksakkmønster. Tre søljer har tosidig dekor, som består av riller, sikksakk og bogemønster. I alt 20 søljer har dekor/form som blommar, medan sju søljer er forma som fugl, dyr og menneske. Fem søljer har dekor av steinar på ramme/torn, og to av desse har dekor som etterliknar steinar.

4.5.3 Søljer frå Bryggen og London- ei samla vurdering

Av dei 19 søljene som er funne ved Brygge-området er fem av edelt metall (26%), medan av dei 72 søljene som er funne i Themsens-området er berre to søljer av edelt metall (3 %).

To av søljene av sølv frå Bryggen og London har likskap i form og dekor med runde rammer med innskrift, medan ei i London også har ein ytre perlekant; begge med religiøse innskrifter. Elleve søljer frå Bryggen (58 %) og 24 søljer (33 %) frå London er av bronse/messing/kopar. Med unntak av ei rektangulær koparsølje og ei blomeforma bronsesølje frå London er alle søljene i denne materialgruppa runde. Dekoren viser fleire likskapstrekk. Mellom anna ser ein flettemønster, kryssmønster, tverrgåande riller og blommemotiv representert i begge materiala.

Tre søljer frå Bryggen (16 %) og 21 søljer frå London er av tinn (29 %). Tinnsøljene B47 og L123 er like. Desse består av ei rund ramme med fire kuler. Ingen av søljene frå Bryggen er av bly-tinn, men B47 av tinn viser stor likskap til L136 av bly-tinn frå London. Desse er begge forma av to stiliserte dyr med ein rampant positur nytta i heraldisk kunst. Søljene er nokså like i storleik. B47 måler 35 x 35 mm, medan L136 manglar nedre del og har truleg målt 37,5 mm. Religiøse innskrifter ser ein på ei sølje frå Bryggen og to frå London. Nokre av søljene frå London har også hatt steinar fatta i ramma og på tornen; dette ser ein ikkje teikn til frå Bryggen.

Dei minste søljene (12-19 mm) fordeler seg nokså likt, der 21 % av søljene frå Bryggen og 19 % av søljene frå London har denne storleiken. Over halvparten av London-søljene og ein tredel

av søljene frå Bryggen er 20-29 mm. Søljer med mål frå 30-39 mm er også nokså likt fordelt i dei to områda. Større søljer enn 40 mm utgjer få søljer på begge plassar.

Fleirtalet av søljene frå Bryggen og London viser er altså små og må ut frå ytre storleik vore nytta som skjortesøljer. Tre søljer frå Bryggen, to fragmenterte og ei sølje av sølv (51 mm) er truleg kappesøljer på grunn av si store ramme, medan fire søljer er truleg kappesøljer frå London. Skjortesøljer er mest vanleg i begge materiala, og sjølv om materialet frå London er mykje større enn frå Bryggen er begge områda ganske likt representert.

4.6 Pilegrimsmerke

Pilegrimsmerker frå Bryggen er tidlegare analysert av Lars Andersson i hans doktoravhandling *Pilgrimsmärken och vallfart. Medeltida pilgrimskultur i Skandinavien* (1989).

Pilegrimsmaterialet frå London har vorte gjennomgått av Brian Spencer i boka *Pilgrim Souvenirs and Secular Badges* (1998). Menneske valfarta i mellomalderen til heilage stadar i den katolske verda. På desse reisene kunne dei kjøpe «suvenerar» som vitna om valfarten dei hadde gjennomført. Merka skulle berast synleg på den valfartande si klesdrakt, hatt eller veske. Målet med merket var å avbilde reisemålet, knytt til helgendyrking, kultbilete eller relikvie. Ofte er reisemålet også gravert på merket som er utforma som einsidige, heile og opne relikviar. Forma varierer frå rund, oval, fleirsida til figurative utformingar eller arkitektoniske preg (Andersson 1989:9). Pilegrimsmerka blir her inndelt etter proveniens framfor materiale, slik eg har gjort for dei andre smykketypane.

4.6.1 Bryggen

Fem pilegrimsmerker B49-53 er funne på Bryggen og viser religiøse motiv knytt til fire ulike valfartsreiser. Ampullen B29, i kap.4.4 høyrer også til dette materialet, men er på grunn av si form rekna som eit anheng.

B49 er frå Lucca i Italia, der Jesus er avbilda på krosset med ein fotsid tunika, sandaler og ei krone. Merket måler 48 mm og veg 9 gram (fig.4.20). Merket har åtte hemper, slik at den kan syast fast på klede. Ei innskrift lyder «SLTI LUCEII». Det første ordet er ikkje vorte tyda, medan siste del av teksten tyder Lucca (Andersson 1989:99). B50 er frå Köln i Tyskland og motivet viser dei tre heilage kongane saman med Maria og barnet. Andersson har tolka ramma rundt figurane som ei bygning med tre spisse gavlar over ei arkaderekkje. Desse tre toppane kan også tolkast som skrina til dei tre heilage kongane. Merket har ei høgde på 49 mm og veg 12 gram



Figur 4.25. B49 frå Lucca, Italia.

B51 er frå Roma, der to menn er avbilda med skjegg, lange kjortlar og krosstavar i hendene. I den andre handa har ein av mennene eit sverd, eit symbol for St. Paulus. Medan den andre mannen held ein nøkkel som er symbolet for St. Peter. Rundt kanten ser ein innskrifta « SIGNA APOSTOLORUM PETRI ET PAULI», dvs. signeten til apostlane Peter og Paulus. Merket måler 40 mm (Molaug1998:60).

B52 -53 er frå Frankrike. B52 er frå Rocamadour, der Maria med barnet er avbilda i midten av eit ovalt segl. Langs kanten er innskrifta: « SIGILLVM BEATE MARIE DE ROCAMADOR». Dvs. seglet til salige Maria av Rocamadour. Seglet har fire runde hemper og måler 48 mm (Grieg 1933:18, Andersson 1989:97 ff).

B53 er frå Tours og har ei opa rund ramme, der Sankt Martin er avbilda ridande på ein hest saman med ein tigger, som er plassert i bakkanten av motivet (Andersson 1989:94).

4.6 2 London

Eit hundretals gjenstandar som kan knytast til pilegrimsferder både innan- og utanlands er funne i London. Eg har difor avgrensa meg til dei merka og ampullar som kan knytast til dei same stadane og helgenmotiva som pilegrimsmerka frå Bryggen (tabell 4.14).

Tabell 4.14. Syner ei oversikt over pilegrimsmerker og ampullar frå London

Proveniens	Dekor/motiv	Total
Canterbury, England	Ampullar, pilegrimsmerker som avbildar St. Thomas Beckett (N=33), Same gjenstandar relaterte til Canterbury (N=103)	136
Rocamadour, Frankrike	Maria med barnet, segl	6
Tours, Frankrike	St.Martin og tiggaren	1
Roma	Sankt Peter og Paulus	9
Lucca, Italia:	Jesus på korset	3
		155

Ampullar frå Canterbury som avbildar Beckett viser fleirfaldige former. Mellom anna finn ein seks ampullar, forma som kamskjel. Den poseforma utforminga som ein såg på B29 frå Bryggen finn ein i resten av materialet, men mange av dei har rammer rundt posen. Desse er rektangulære, runde og figurative. Ampullane med rund ramme har mellom anna dekor av *fleur de lis* og andre blomemotiv. Ein ampulle er forma som eit skip, medan mange er forma som eit helgenskrin (Spencer 1998:41f). I alt seks ovale segl med motiv av Jomfru Maria og barnet frå Rocamadour i Frankrike er funne i London. Tre av desse er intakte, medan tre har vorte deformerte. Segla har lik utsjånad som seglet B52 frå Bryggen. Eit segl har ei innskrift som er ei blanding av lombardiske bokstavar og latin «SIGILLVM BEATE MARIE DE ROCAMADOR», som tyder seglet av Jomfru Maria av Rocamadour. Eit fragmentert pilegrimsmerke frå Tours i Frankrike viser likskap til B53, her er St. Martin til hest, men tiggaren har vorte borte.

Ni pilegrimsmerker frå Roma avbildar St. Peter og Paulus. Tre av desse har ei rektangulær utforming med innskrift langs kanten, same som ein såg på B51 (Spencer 1998:248 f). Tre pilegrimsmerker er frå Lucca i Italia. Desse har lik utforming som B49. Jesus har på seg ein lang kjortel dekorert av vertikale riller og eit belte rundt livet. Berre eit av merka har innskrift, «S (IGNVM SANCTI) VV/LTI/ (LV) CEN/SIS», dvs. seglet til det heilage andletet frå Lucca (Spencer 1998:254). I alt 90 pilegrimsgjenstandar frå London er elles frå heilage stadar og kultstadar i England, medan tre pilegrimsmerke er frå Skotland. Spania og Tyskland er likt representert med åtte pilegrimsmerker, og seks pilegrimsgjenstandar er frå Belgia og Nederland. Slike er ikkje å finne på Bryggen.

4.6.3 Pilegrimsmerke frå Bryggen og London- ei samla vurdering

Pilegrimsmaterialet frå Bryggen viser stor likskap med det engelske. Mange har same proveniens og er truleg laga i same verkstad. Ein ser riktignok fleire utformingar i London enn på Bryggen. Det at alle fire av fem pilegrimsmerke frå Bryggen viser like utformingar i motiv som pilegrimsmerka frå London, viser at det var faste utformingar som vart nytta på fleire av pilegrimsmerka.

4.7 Kort samanfatting

Dei ulike smykketypane frå Bryggen og London har ut frå materiale, form og dekor vist både likskap og ulikskap. På Bryggen er det relativt fleire gullringar enn i London. Desse er ringar med dekor og breie ringskinner. I London er det særleg tinnmaterialet som viser kombinasjonar av dekor og glassteinar. Ringar, tolka som amulettar, finn ein i begge byar. To ringar med innskrifter frå Bryggen og ein ring med glascameo, forma som ei krabbe eller ein skorpion, frå London kan ha hatt ein beskyttande rolle. Når det gjeld ringmål som kan knytast til kjønn viser Bryggen fleire mannstorleikar enn dei frå London. Medan kvinnestorleikar er meir gjeldande i London, særleg i tinnringane. Ringane frå Bryggen har vorte vegd for å kunne sjå kor mykje materiale som er nytta. Dette har ikkje late seg gjere for ringane frå London. Berre ein gullring er nemnd karaten på, med sine 24, som er resten reint gull. Den edlaste gullringa frå London var berre 18 karat.

Kjedet frå Bryggen er det einaste bevarte og har truleg vore eit snørekjede eller feste til personlege gjenstandar. Alle kjedene frå London er fragmenterte og det vert dermed vanskeleg å knytte dei til bruksområde. Perlene frå begge områda viste eit fleirtal av rav. Medan Bryggen har funn av to store perlekonsentrasjonar, som truleg har vore ei armlenke og eit perlekjede, er det berre funne ein slik konsentrasjon frå London. Perlene frå Bryggen er truleg frå ein rosenkrans, det same gjeld ravperlene frå London som vart funne på ei silkesnor.

Canterbury-ampullen funne på Bryggen er ut frå form vorte gruppert som eit anheng med religiøst motiv. Anhenga frå London viser ikkje nokon klare religiøse motiv, slik ampullen gjer. Søljene frå Bryggen og London viser mange fellestrekk både i form og dekor. Søljene frå Bryggen, unntatt ei, har rund form, medan berre halvparten av søljene frå London er runde. Dekoren på desse viser stor likskap i mønster, særleg flettemønster, tverrgåande riller, sirkeldekor osv. To søljer frå begge byane har identisk form og dekor: Ei med ei glatt ramme med fire runde kuler, ei anna som viser to stiliserte dyr med ein heraldisk positur. Søljene frå London viste også varierte former av firkantar og mangekantar, og figurative former mellom

anna blome, fugl, griff og ein menneskelikande figur. Nokre har også vore pryda med stein. Dette finn ein ikkje parallellar til på Bryggen.

Av søljer til skjorter og kappe syner begge byane at skjortesøljer har vore mest nytta. Berre få søljer er tolka som kappesøljer i begge områda. Når det gjeld pilegrimsmerke er det funne same typar begge stadar med unntak av at London er det ikkje funne pilegrimsmerke frå Köln. London har riktig nok eit fleirdobla antal funn knytt til pilegrimsmateriale. Fleire av funna er knytte til engelske heilage stadar og kultar. Samla sett ser ein at Bryggen og London har nokre likskapar i form og dekor, mellom anna best representert i søljematerialet. Ulikskapen er likevel stor då London viser eit fleirtal av tinngjenstandar, noko som er lite representert på Bryggen. London skil seg også ut ved at såpass mange gjenstandar er dekorerte og fleire pryda med imiterte edelsteinar. Eg vil ut frå dette seie at byane er meir ulike enn like når det gjeld materiale, form og dekor. I neste kapittel vil eg sjå korleis materiala fordeler seg over tid og i kva grad dei endrar seg utover i perioden.

Kapittel 5 Datering av smykkematerialet frå Bryggen og London

Datering av materialet kan syne gjenstandane sin bruksperiode og om dei endra seg i form og materiale over tid. Dette gir igjen grunnlag for å kaste lys over mine problemstillingar som er knytt til brukar, stil og mote. Dateringane frå Bryggen er henta frå Sonja Molaug sin katalog (1998), medan dateringane frå London er frå Egan & Pritchard (2002) og Brian Spencer (1998). Som nemnd i 3.2.2 er gjenstandane frå Bryggen datert i høve til periodar mellombrannlag, medan gjenstandane frå London datert etter keramikkkfasar. Eg har i tillegg sjekka nærare nokre av dateringane av Molaug i høve til dagbøker og funnkatalogar.

5.1.1 Fingerringar frå Bryggen

Hammervold har datert ringmaterialet i stor grad på grunnlag av stilanalyse og typologi, basert på form og dekor. Problematikken med denne forma for datering er at gjenstandar i seinare tid kan verte kopierte og ein stil kan ha vore i bruk over ein lengre periode (Hammervold 1998:102). B10 er den einaste ringen som kan ut frå ei innskrift absolutt daterast til årstalet 1501.


Sonja Molaug har datert ringane ut frå brannlagskronologien på Bryggen og samanlikna dateringane med Hammervold sine dateringar (Molaug 1998:80 f). Då det til tider manglar samsvar mellom dateringane frå Molaug (1998) og katalogdata, spesielt frå Brygge-utgravingane har eg valt å basere meg på dei sistnemnde. Eg vil her sjå kva dei kan seie om moglege endringar over tid. Eg har framstilt dateringane av ringane frå Bryggen i diagram 5.1, der ringane ut frå form er delt i gruppe I og II. Fargekodane til dei ulike metallane er vist til under, og viser tidsrepresentasjon i høve til brannlagskronologien på Bryggen, forenkla til ein tidsskala på hundreår for lettare å kunne samanliknast med London-materialet, og for også å fange inn materiale frå dei andre utgravingane på Bryggen som ikkje er tilpassa brannlagskronologien fullt ut.

Diagram 5.1 viser at ringmaterialet er datert frå periode 4 til 7 (1198–1476).

Ringar av gull skriv seg frå heile dette tidsspennet. Sølvringen er datert til periode 7 (1413–1476), men har er ut frå innskrift datert til seinast 1501. Den må difor ha fått påført feil lagkontekst, og må tilhøyre perioden etter periode 7, periode 8 (1476–1702). I

bronse/messingmaterialet er to ringar, begge datert til periodane 4 og 5 (1198–1332) og fire ringar har ei grovare datering til 1200/1300-talet, som såleis fell innanfor same tidsrommet. Formmessig ser ein at ein bronse- og fire gullringar i gruppe I, dvs. med enkel ringskinne, er datert til periodane 4 og 5 (1198–1332), og periode 7 (1413–1476). Ein sølvring er som nemnd absolutt datert til etter 1501.

Diagram 5.1 Kronologisk fordeling av gruppe I og II. Den svarte linja viser dateringane, medan ringane i høve til materiale er plassert under. N=16



I gruppe II er ein bronsering datert til periode 4 (1198–1248), tre ringar av gull og ein av bronse datert til påfølgjande periode 5 (1248–1332) og to ringar til periode 7 (1413–1476). Dei tre øvrige ringane av bronse/messing er grovare datert til 1200/1300-talet. Vi ser då at både ringar av gruppe I og II fordeler seg nokonlunde likt i tid.

Endrar bruken av dekor, steinar og innskrifter seg over tid? I gruppe I har fem ringar dekor. B3 og B4 av gull har to ulike dekormønster, og er begge datert til periodane 4 og 5 (1198–1332). B11 av bronse som har ein enkel strek lang skinna, er datert til 1200/1400-talet. Ringar frå gruppe II som har/hatt steinar, er datert til periodane 4–7 (1198–1476), og dermed eit langt tidsspenn. Berre to ringar har bevart stein, B5 med ametyst er datert til periode 7 (1413–1476), medan B9 med ein blå opak stein er tidlegare, datert til periode 5 (1248–1332). Ein ser dermed at dei to ulike gruppene i ringmaterialet er nokonlunde likt representert og har difor truleg hatt ein nokså samsvarande bruksperiode, frå omkring 1200 til slutten av 1400-talet. Utforminga av ringane viser nokså få endringar i hovedformer, men i dekor ser ein tydlegare endringar over tid. Dei to moglege signetringane, B7 og 8, er begge datert til periode 5 (1248–1332). Dei to ringane med religiøse innskrifter, er begge funne i lag frå periode 7 (1413–1476). B10 har ei innskrift som daterer ringen til tidlegast 1500-talet, og må vere frå periode 8 (1476–1702), utan at ein kan slå det nærare fast når i denne lange perioden på over to hundre år. Dette kan

moglegvis tyde på at skriftdekor på ringar ikkje vart vanleg før i seinmellomalderen. Ein ser altså at enkle ringskinner og ringar med hovud er å finne gjennom heile perioden, medan dekoren endrar seg noko over tid. Då mange av ringane manglar steinar, er det ikkje like lett å slå fast om det var endringar på dette området. Ut frå hovudform nesten alle ringane like gjennom heile denne perioden. B5 med firkantslipt ametyst og palmettforma skuldrer, har ei kraftigare utforming enn dei andre ringane med hovud. Denne er, likeins med B9 med ei enkel skinne med rundt hovud, datert til periode 7 (1413–1476). Dette kan tyde på at det i seinmellomalder skjedde ei viss endring i gruppe II, eventuelt at ein ser nye impulsar.

Når det gjeld forgylling av ringar, ser ein at ein ring både frå gruppe I og II er forgylte. Av desse har B10 av sølv ei spiralsnurra ringskinne, medan B14 av forgylt messing har hatt fem steinar, som no er mista. B14 er datert til 1200/1300-talet, medan B10 er tydeleg yngre absolutt datert til 1500-talet. Dette tyder på at denne forgyllingsteknikken føregjekk over ein lengre periode, og vart brukt på ulikt metall.

I kapittel 4.1 knytte eg ringmål til kjønn. Her vil eg ut frå dateringane av ringane sjå korleis presumptive mann- og kvinneringane fordelar seg over tid. Ppå Bryggen kan i alt sju ringar, B1-4, 10 og 11, ut frå måla 20-23 mm ha vore mannsringar. Ein deformert gullring og ein sølvring kan også ha tilhørt menn ut frå breidda på sjølve ringskinna. Av desse er fem gullringar datert til periodane 4 og 5 (1198–1332), medan to gullringar, B2 og B10, er funne i lag frå periode 7 (1413–1476), der den siste må vere yngre pga. innskrifta som viser til 1501. Det viser at gullringane fordeler seg i tid som rinmaterialet som heilskap, med eit tyngdepunkt i tida før ca. 1330. Det er få klåree kvinnestorleikar i Brygge-materialet, berre to ringar, B9 (gull) og B13 (bronse), med målet 16 mm.ar.Her er gullringen, B9, yngst, er datert til periode 7 (1413–1476), medan bronseringen, B13, er langt eldre, frå periode 5 (1248–1332). Fordelinga er dermed ikkje ulik mannsringane, men er langt svakare respresentert.

5.1.2 Fingerringar frå London

Ringmaterialet frå London er datert ut frå keramikkkfaser, som nemnd i kapitel 3.2 og e strekkjer seg frå fase 6-12. I diagram 5.2 har eg vist til dei ulike fasane knytt til årstal, e for å kunne samanlikne med Bryggen. Fase 6 er frå ca.1150–1200, fase 7 ca.1200–1230, fase 8 ca. 1230–1260, fase 9 ca.1270–1350, fase 10 ca. 1330–1380, fase 11 ca. 1350–1400 og fase 12 ca.1400–1450 (Egan & Pritchard 2002:xi).




Diagram 5.2 Kronologisk fordeling av ringmaterialet frå London. Fire ringar er ikkje datert. N=32




Diagram 5.2 viser at ringmaterialet frå London er datert til fase 6–12 (ca.1150–1450). Dei fem ringane av gull er alle datert til fase 11 (ca.1350–1400). Dei 12 ringar av bronse, bronselegering, messing og kopar er datert til fasene 6–12 (ca.1150–1450). Vidare er dei 15 ringane av bly og tinn datert til fasene 8–12 (ca.1230–1450). Ut frå dateringane ser ein då at gruppe I har noko kortare bruksperiode enn gruppe II. Ringane i gruppe I består av messing og bronselegering, ein ring er datert til fase 9 (1270–1350), medan seks ringar er datert til fase (ca.1350–1450). Gruppe II, med hovud, viser to ringar daterte til fase 6 (ca.1150–1200), men fleirtalet er frå fasene 7–11 (ca.1230–1450). Ein ser då at ringar av ulike rimelege legeringar har ei lengre bruksperiode enn dei andre metalltypene, medan gullringane er konsentrert til ein kort tidsperiode, til siste halvdel av 1300-talet., medan bly- og tinnringane er funne over ein periode på nærare to hundre år, frå første del av 1200-talet og utover. Det er vanskeleg å sjå noko klårt mønster når det gjeld fordelinga mellom gruppe I og II, begge grupper er representert forholdsvis tidleg og seint i mellomalderen

Er det ei endring av form og dekor over tid? I gruppe I ser ein at fem av sju ringar frå London er dekorert med enkle dekorformer, som også går igjen i gruppe II. Desse er datert til fase 9–12 (ca.1270–1450). Ringar med hovud i gruppe II er å sjå gjennom heile perioden (ca.1150 – 1450). Av dei fire ringane av koparlegeringar har bevart stein av glas, av desse skil , L13 seg ut ved at den har ein glascameo forma som ei krabbe eller ein skorpion, og er datert til fase 9

(ca.1270– 1350). Gullringane med edelsteinar av almandingranat, safir og smaragd er alle daterte til fase 11 (ca.1350–1400).

Ringar både med imitert edelstein og dekor finn ein berre i tinnmaterialet. Desse er datert til fase 8–11 (ca.1230–1400). Fire tinnringar har både dekorert hovud og ringskinne, og er datert til fase 7 og 9–12 (ca.1200–1230, 1270–1450). Fem ringar har dekor som etterliknar steinar, dei er datert til fase 9–11 (ca.1270–1400). Figurforma hovud ser ein på fire tinnringar; desse er datert til fase 11 og 12 (ca.1350–1450).

Dateringsresultata viser at gruppe I og gruppe II er ganske likt representert i tid, men gruppe II noko tidlegare. Ringane i gruppe I og II viser også ei enkel form, begge gruppene har ei tynn ringskinne som endrar seg lite. Dekormønster nytta på ringmaterialet er også det same utover perioden. Ringar med steinar endrar seg likevel noko. Ein ser mellom anna at ringar av koparlegeringar frå fasene 6–12 (ca.1150–1450) er utstyrt med glassteinar, medan fleire av tinnringane frå noko seinare faser, 9–12 (ca.1270–1450), har dekor som etterliknar steinar. Er det slik at materialet er forskjellig, medan utformingane er temmeleg like? Mellom anna ser ein at tre ringar, L1, L15 og L26 av ulikt metall – gull, messing og tinn – har lik form. Ringen av gull har ein cabochon-slipt almandingranat, medan L15 av messing har ein cabochon-slipt grøn glasstein og L26 av tinn har dekor som etterliknar ein stein. Desse ringana samsvarar også i tid. To av ringane er datert til fase 11 (ca.1350-1400), medan tinnringen med dekor som etterliknar ein stein, er datert til fase 9 (ca.1270–1350). London-materialet viser i det heile fleire ringar med lik form og dekor. Sidan såpass mange av ringane har så lik form kan det tyde på at nokre av ringane har vorte masseproduserte.

Eg vil her også for London sjå korleis ringane som kan knytast til kjønn, fordeler seg over tid.. I motsetnad til Bryggen er mannsringar lite representert her, då berre tre ringar har mål på 20–21 mm. Desse daterte frå fase 8 (ca.1230–1260) og fasene 11 og 12 (ca.1350–1450), dvs i tid frå første del av 1200-talet til midten av 1400-talet. Kvinneringar utgjer eit langt større materiale. Fire ringar av messing, ein av kopar og seks tinnringar måler 11-16 mm.

Den eldste kvinneringen er datert til fase 7 (ca.1200-1230), medan resten skriv til fasene 9–12 (ca. 1270-1450), dvs omtrent same tidsmønsteret som for menn, men ein kvinnering er då noko tidlegare datert ein mannsringane.

5.1.3 Bryggen og London

Ringane frå dei to områda viser ein del forskjellar også i tid, sjølv om hovudmønsteret ikkje er så forskjellig. Sjølv om det er funne langt fleire ringar frå Themsen-området enn frå Bryggen, er det funne betrakteleg fleire ringar av gull frå Bryggen enn det er i London. Gullringane frå Bryggen skriv seg òg frå ei lenger tidsperiode, frå slutten av 1100-talet til siste del av 1400-talet, medan gullringane frå London er berre representert i seinmellomalder.

Bronse/messingringane frå Bryggen har lik datering som gullringane, medan ringane av fire ulike koparlegeringar frå London har to ringar datert til midten av 1100-talet til 1200-talet, medan fleirtalet er yngre, frå slutten av 1200-talet til midten av 1400-talet. Tinnringane har nokså lik datering.

Form, dekor og bruk av steinar på Brygge-materialet og London-materialet har vist seg ut frå dateringane at begge materiala i gruppe I samsvarar nokså godt i tid. Brygge-ringane er datert til slutten av 1100-talet til midten av 1400-talet. Londonringane i gruppe I er noko yngre, datert til slutten av 1200-talet til midten av 1400-talet. To gullringar, ein med bevart stein, frå Bryggen er datert til 1400-talet, noko som samsvarar godt i tid med gullringane frå London, der alle er frå midten av 1300-talet til byrjinga av 1400-talet.

Storleikane viste ut frå datering at mannsringar og kvinneringar i stor grad er representert frå 1200- til midten av 1400-talet. I London ser ein et mykje større materiale som kan knytast til kvinner, medan mindre mannstorleikar enn på Bryggen, men dateringane strekkjer seg ganske likt som på Bryggen.

5.2 Kjeder

Det eine kjedet, B17, av bronse/messing som er funne på Bryggen, er datert til periode 7 (1413–1476), dvs. seinmellomalder.

Kjedene L37-46 funne i London, viser fem faser. Koparkjedene viser eldst datering i materialet, der L38 er datert til fase 6 (ca. 1150–1200), medan L39-42 til fase 9 og 11 (ca. 1270–1400).

Samla var dermed slike kjeder i bruk frå midten av 1100-talet til inn på 1400-talet. L37 av sølv og L43 av messing viser lik datering med dei yngste dateringane, og er datert til fase 11 (ca. 1400–1450). L44 av jern er eldre, datert til fase 7 (ca. 1200–1230), og L45–46 til fase 9 og 11 (ca. 1270–1400), også desse med ei samla bruksperiode frå ca. 1200 til 1400..

Sjølv om det berre er funne ei kjede frå Bryggen er datert til 1400-talet, fell det innan tidramme for kjedene som er funne i London.

5.3 Perler

Berre 30 av 82 perler frå Bryggen har vorte datert ut frå brannlagskronologien her. B28 av glas er den eldste daterte perla og er grovt datert til ca.1250. B22–24 som er ein funnkonsentrasjon av 25 perler av rav og glas er datert til periode 6 (1332–1413). B18 som består av fire perler av bein er datert til periode 7 (1413–1476). B19–21 og 25–27 som består av rav, glas, bein og tre manglar datering.

Alle perlene frå London har vorte daterte. L47–71 av rav er datert til fase 9–11 (ca.1270–1400). L72-74 av bergkrystall viser lik datering som perlene av rav. L75-76 av tinn er datert til fase 12 (ca.1400-1450). L77- 78 av glas er datert til fase 7 (ca.1200-1230), og fase 12 (ca.1400–1450).

Ravperlene frå Bryggen er datert frå 1300 til byrjinga av 1400-talet. I London ser ein at ravperlene datert til slutten av 1200-talet til midten av 1400-talet. Samla ser ein at ravperlene frå Bryggen og London har ein nokså lik bruksperiode. Ei glasperle frå Bryggen er datert til ca.1250 og samsvarar godt med ei glasperle frå London som er datert til byrjinga av 1200-talet. Då mykje av materialet frå Bryggen er udatert vert det vanskeleg å teikne eit komplett tidsbilete her.

5.4 Anheng

Blyampullen frå Canterbury er datert til periode 5 (1248–1332) (Andersson 1989:57). Anhenga frå London, L79-86, er datert til fire ulike faser. L79 av kopar er datert til fase 7 (ca.1200-1230). L80-83 av tinn er datert til fase 11–12 (ca.1350-1450), medan L84 av tinn er datert til fase 9 (ca.1270-1350). L85 og L86 er daterte til fase 11(ca.1400-1450). Anhenget frå Bryggen samsvarar her i tid med L84.

5.5 Søljer

5.5.1 Bryggen

Søljene frå Bryggen har også vorte daterte ut frå brannlagskronologien. Diagram 5.3 viser ei kronologisk fordeling av søljematerialet frå Bryggen over tid.




Diagram 5.3 Kronologisk fordeling av søljematerialet frå Bryggen. To søljer manglar datering. N=17




Diagram 5. viser at søljematerialet frå Bryggen er datert til periodane 2– 8 (1170/71–1702), eit svært langt tidsspenn. Her søljene av gull og sølv er daterte til periode 4, 5 og 7 (1198–1476). Søljene av bronse/messing og kopar er datert frå periode 3–7 (1170/71-1476) og to søljer til periode 8 (1476–1702). Ei sølje av bly og tre søljer av tinn er datert til periode 5 og 6 (1248–1413). Søljene har ut frå storleik på ramma vorte tolka som skjortesøljer og kappesøljer. Skjortesøljene utgjer fleirtalet av materialet og er representerte frå periode 3 (1170/71–1198) til periode 8 (1476–1702), medan tre søljer er moglege kappesøljer og er datert til periode 7(1413–1476), noko som kan tyde på at denne søljefunksjonen var noko som kom inn på slutten av seinmellomalderen.

Er der ei endring over tid i bruk av dekor? Bruken av innskrifter ser ein på to sølvsøljer Frå Bryggen, B31, er grovt datert til 1200-talet, medan B33 er datert til periode 7 (1413-1476). Elleve søljer med dekor med kryss/ flettemønster, tverrgåande riller og sirkeldekor er daterte til periodene 3–7 (1170/71-1476). To like søljer med dekor av tverrgåande riller som er funne saman, er datert til periode 8 (1476–1702). Fire søljer skil seg dekormessig frå dei andre. Ei bronsesølje er den einaste med blomedekor og runeliknande teikn, og er datert til 1300-talet. B34 av sølv med sju forgylte lauv er datert til periodane 5–7 (1248–1476) av Molaug (1998:78). Denne har stempel på baksida, noko som ikkje var vanleg før 1500/1600-talet. Stempelet bestod som regel av gullsmedinitialar og årstalet gjenstanden vart laga (Sølvskatten - Bergens gullsmedkunst/stemplingen 2009: 1 avsnitt)¹. Dette viser at sølja vart laga i 1844 av gardeinen Christen Hoff (1821–1860). Sølja blir dermed eit godt døme på korleis gjenstandar

¹ (Munnleg kjelde: Førstekonservator Trond Indahl, 07.05.2012).

frå nyare tid har vorte feilregistrert. Då denne strekkjer seg langt utover min periode blir den ikkje tatt med i vidare diskusjon. Tinnsøljene som viser likskap med to søljer frå London, B48 med fire runde kuler og B46 med to stiliserte dyr, er begge datert til periode 5 (1248–1332).

Ein ser at søljene med enkle dekorformer err uendra gjennom perioden. Til dømes har ei sølje av sølv, B32, og ei anna, B41, av bronse/messing med lik fletta ramme, berre at sølja av bronse/messing er noko grovare utforma. B32 er datert til periode 4 (1198–1248), medan B41 er datert til periode etter, periode 5 (1248–1332). Dette kan vere eit teikn på at faste stilformer vart vidareførte til søljer av ulike materiale. Ein ser også bruken av delt dekor, fletta og glatt ramme, er å finne på to søljer, B42 av bronse/messing, og B47 av tinn. Desse viser at B42 er noko tidlegare datert (1248–1332), medan B47 er datert til periode 6 1332–1413.

Søljematerialet frå Bryggen viser i stor grad at dei same dekormønster vart nytta gjennom heile mellomalderen. Det er ar også tilfelle der nokre skil seg ut. Då mellom anna bronsesølja med blomedekor og runeliknande teikn og tinnsølja med dyremotiv som er datert til midten av 1200- talet og utover på 1300-talet.

5.5.2 Søljer frå London

Av 72 søljer er det berre to tinnsøljer som manglar datering. Søljene viser ein kortare dateringsperiode enn frå Bryggen. Diagram 5.4 viser den kronologiske fordelinga av dei ulike materiala over tid i London.

Sølv	■	Bronselegering	■
Bronse/messing	■	Kopar	■
Bly-tinn	■	Tinn	■

Diagram 5.4 Kronologisk fordeling av søljematerialet frå London. N=70.




Diagram 5.4 viser at søljematerialet frå London er representerte frå fasene 6–12 (ca.1150–1450). Dei to sølvsøljene, L87, 88, er datert til fase 7 (ca.1200-1230), og fase 11 (ca.1350-1400). Søljene av ulike koparlegeringar, L89-112, er daterte til fasene 6–11 (ca.1150-1400). Medan ei rektangulær koparsølje, L94, er datert til fase 12 (ca.1400-1450). Tinnsøljene, L113-133, er datert til fasene 6–8 (ca.1150-1260), og fase 9–11 (ca.1270-1400). Tre bly-tinnsøljjer, L135-137 er daterte til fase 7 (ca.1230-1260) og fasene 9–11 (ca.1270-1350). Medan heile 16 søljjer er datert til fase 12 (ca.1400-1450).

I alt 68 søljjer er ut frå storleik tolka som skjortesøljjer og er å finne frå fasene 6–12 (ca. 1150-1450). Fire søljjer er ut frå storleiken tolka som kappesøljjer og er datert til fasene 9– 11 (ca.1270- 1400). Kappesøljene frå London har dermed tidlegare datering enn kappesøljene frå Bryggen, men begge områda viser ein kortare bruksperiode av kappesøljjer enn for skjortesøljene.

Runde søljjer med dekor av flette/kryssmønster, tverrgåanderiller, sirkel/sikksakkmønster og liknande er representerte gjennom heile perioden frå 1150–1450. Flettemønster ser ein mellom anna er nytta på ei sølje av sølv og fleire av tinn. Desse viser likskap i datering. Sølvsølja er datert til fase 7 (ca.1200–1230), medan tinnsøljene er datert til fasene 8–11 (ca.1230–1400). Det viser noko det same som ein såg på Bryggen, der bruken av flettemønster er å finne i fleire materialgrupper gjennom dei ulike periodane. To runde søljjer med religiøse innskrift av lombardiske bokstavar er datert til fase 8 (ca.1230-1260), og fase 11 (1350-1400). Dette kan tyde på at denne type innskrift var vanleg først på 1200-talet, og var framleis i bruk i slutten av 1300-talet. Søljjer som har form av firkantar, mangekantar og blomeform/dekor er daterte til fasene 8–12 (ca.1230–1260, ca.1270–1450). Dei figurative søljene viser nokre få dateringar til fase 8 (1230-1260), medan fleirtalet er datert til fasene 11–12 (ca.1350-1450). Søljjer med dekor av imiterte steinar/ ekte glassteinar er å finne i materialet i frå fasene 9–11 (ca.1270–1400).

Dekoren på dei runde søljene endra seg lite gjennom perioden. Innslaget av dei firkanta og figurative søljene er derimot markant. Desse dukkar opp rundt byrjinga av 1200-talet og når det gjeld dei figurative, er flest datert til fase 11 og 12, frå midten av 1300-talet og fram til ca.1450. Denne stilforma skil seg ut frå det ein har sett tidlegare og vitnar truleg om nye stilimpulsar, både i høve til form og dekor.

5.5.3 Bryggen og London

Ein har sett at dekorformer som mellom anna flettemønster, tverrågande riller, sirkeldekor osv. i stor grad er uforandra gjennom mellomalderen. Desse mønstera ser ein også er nytta på søljer av ulikt materiale. Innskrifter finn ein på to søljer frå Bryggen og to søljer frå London, der begge er daterte frå 1200- og 1400-talet. Den same dateringa ser ein på søljer med flettemønster frå begge områda. Dei to søljene som viser likskap med to søljer frå Bryggen, L123 med fire knottar, og L136 med ei utforming av to dyr, ser ein at desse er daterte til fasene 9–11 (ca.1270-1400), og viser der noko yngre datering enn søljene frå Bryggen som er datert til periode 5 (1248–1332).

Medan Bryggen har eit innslag av figursølje er det dei runde som utgjer fleirtalet gjennom perioden, medan i London ser ein særleg frå slutten av 1200-talet og byrjinga av 1300-talet er det eit stor innslag av figurative former.

5.6 Pilegrimsmerke

5.6.1 Bryggen

B49 frå Lucca i Italia er datert til periode 5 (1248–1332) og samanfell godt i tid med andre like funn som er daterte til 1200-talet (Andersson 1989:77). B50 frå Köln og B51 frå Roma er også datert til same periode. B51 vert basert på andre funn tolka av Andersson til å vere frå 1200-talet (Andersson 1989:103). B52 frå Rocamadour og B53 frå Tours i Frankrike er datert til 1300-talet, då det ikkje har latt seg gjere å spesifisere denne dateringa (Andersson 1989:94, 98; Molaug 1998:80).

5.6.2 London

Pilegrimsgjenstandane frå London er daterte ut frå dei same keramikfasene som har vorte nytta ovanfor og er henta frå Brian Spencer (1998). Gjenstandane knytt til St. Thomas Beckett og Canterbury er datert fasene 6–12 (ca.1150–1450) Pilegrimsmerka frå Lucca manglar datering, men er truleg frå overgangen mellom 1100/1200-talet. Merka frå Roma er datert til fasene 6–7 (ca.1150-1230). Pilegrimsmerka frå Rocamadour har også ei usikker datering, men er truleg frå 1300-talet (Spencer 1998:237). Merket med St. Martin frå Tours manglar datering.

5.7 Fordeling av smykkematerialet over tid– samla vurdering

Ved å datere dei ulike smykketypane etter materiale, form, dekor og storleik ut frå faser og periodar har eg kunne vurdere endringar i materialet over tid. Dei fleste gjenstandane på Bryggen har lete seg datere ut frå brannlagskronologi. Medan ein gjenstand har vorte datert ut frå ei innskrift. Perlesamlinga på 49 perler gjer at udaterte funn frå Bryggen verker mange, men

det er ikkje tilfellet. Smykkematerialet frå London har vist gode dateringar, der berre 16 gjenstandar manglar datering. I tabell 5.1 har eg samanfatta alle smykketypane frå Bryggen i høve til datering.

Tabell 5.1. Samla kronologisk oversikt over materialet frå Bryggen. N=124

Periodar på Bryggen		3	4	5	6	7	8	Udatert	Sum
		(1170/ 71-1198)	(1198- 1248)	(1248- 1332)	(1332- 1413)	(1413- 1476)	Etter 1476		
Gr. I	Fingerringar		1	3		1	1		6
Gr. II	Fingerringar		1	6	1	2			10
Kjede						1			1
Perler					25	4		52	82
Anheng				1					1
Søljer		2	4	5	2	2	3	1	19
Pilegrimsmerke				3	2				5
Samla		2	6	18	30	10	4	53	124

Fingerringane både i gruppe I og II er representert frå periode 4-7 (ca.1198-1476). Medan ein ring er datert til byrjinga av 1500-talet. Kjede er datert til periode 7, medan perlene er berre representerte i periode 6 og 7 (1332-1476). Anhenget er datert til periode 5 (1248-1332), det er også fem av 19 søljer. Søljene er å finne i heile perioden, og tre av desse er datert til etter 1476, der den yngste som tidlegare har vorte datert til periodane 5, 6 og 7 (1248-1476) viste seg ut frå stempel å vere frå 1844, medan pilegrimsmerka er datert til periode 5 og 6 (1248-1413).

For å sjå om det er eit mønster i tidsspreiinga av smykka i dei to områda har eg laga ein tilsvarande tabell for London (tabell 5.2).

Tabell 5.2. Kronologisk fordeling av smykkematerialet frå London. N=327

Faser i London		6	7	8	9	10	11	12	Udatert	Sum
		(ca.1150- 1200)	(ca.1200- 1230)	(ca.1230- 1260)	(ca.1270- 1350)	(ca.1330- 1380)	(ca.1350- 1400)	(ca.1400- 1450)		
Gr. I	Fingerringar				1		1	5		7
Gr. II	Fingerringar	2	1	1	4		14	3	4	29
Kjede		1	1		3		2	3		10
Perler			1		19	4	19	3		46
Anheng			1		1		1	5		8
Søljer		3	5	8	19	1	17	17	2	72
Pilegrimsmerke		9			33		47	56	10	155
Sum		15	9	9	80	5	101	92	16	327

Fingerringane i gruppe I viser ei meir spreidd brukstid enn ein såg på Bryggen, medan ein ring er frå fase 9 (ca.1270-1350) er resten datert til fasene 11 og 12 (ca.1350-1450). Ringar i gruppe II er så og seie representerte gjennom heile perioden, der 17 ringar er datert til seinmellomalder (ca.1350-1450). Kjedene frå London viser ein bruksperiode frå ca.1150-1230, og r ca. 1270-1450. Anhenga viser nokolunde lik datering, men unntak av at det tidlegaste anhenget er datert til ca.1200-1230. I alt 45 av perlene er datert til fasene 9 til 12 (ca.1270-1450), medan berre ei perle er frå dei tidlegaste fasene (ca.1200-1230). Søljene er representerte gjennom heile perioden, men ein ser at fase 9, 11 og 12 er dei mest funnrrike. I alt 19 søljer er datert til ca 1270-1350., medan 34 søljer er frå fase 11 og 12 (ca.1350-1450). Det same mønsteret ser ein i pilegrimsmerka, der 136 av 155 merke er datert til fase 9, 11 og 12.

Når det fordeling av materiala over tid ser ein at fingerringen i begge områda har vore nytta gjennom heile den undersøkte perioden, noko som viser den viktige symbolverdien denne har hatt i europeisk tradisjon i mellomalderen. Kjedene frå Bryggen og London skil seg frå kvarandre i tal. Då det tidlegaste kjedet frå London er datert til 1200-talet fram til 1450, medan Brygge-kjedet er datert til 1400-talet. Perler ser ein tidlegast på Bryggen rundt ca.1250, medan dei fleste perlene er datert ti frå midten av 1200-talet til inn på 1300-talet. I London er perlene datert til omtrent same tida, men med ein noko lengre brukstid. Ein ser i begge byane at bruken av ravperler var desidert størst gjennom heile perioden. Ampullen frå Canterbury funnen på Bryggen, datert til 1248–1332, viser lite samsvar i datering med anhenga frå London, der berre eit av ti anheng er frå sein 1200-tal til midten av 1300-talet, men dei er av ein annan karakter enn den frå Bryggen, som kan hende heller er meir jamførbar med pilegrimsmerka med Canterbury-motiv.

I det neste kapitlet vil eg sjå nærare på smykka i deira respektive funnmiljø for å diskutere dei i ein sosial samanheng.

Kapittel 6 Smykka sine bruksmiljø

I dei tidlegare kapitla har eg analysert og datert smykketypane ut frå materiale, form og dekor for å kartlegge likskap og forskjellar mellom dei to områda. Eg vil no knyte desse opplysningane nærare opp til problemstillingane mine. I det fylgjande vil eg sjå på korleis smykkematerialet kan belyse stil og mote i høve til endring og dei ulike bruksmiljøa. Smykke kan som nemnd vise både ein estetisk og sosial bodskap, og ved å sjå på smykka sin kommunikative rolle i dei to bysamfunna vil eg sjå kva smykketypane frå Bryggen og London kan seie om brukar, då knytt til status, kjønn og gruppetilhøyrse. Sidan det berre er søljene og truleg òg kjeda som er direkte knytt til klesdrakt, vil fokus vere på smykka i seg sjølve og i mindre grad knytt til klesmotar, med unntak av desse smykketypane. For å sette smykka inn i sin brukskontekst, vil eg kort gjere greie for dei to miljøa undersøkingsområda dekkjer i ein tidssamanheng.

6.1 Handelsbyane Bergen og London

Både Bergen og London var som nemnd i innleiinga, viktige handelssenter i mellomalderen, rett nok hadde London ei mykje lengre historisk utvikling tilbake i tid. Det er vanskeleg å avgjere folketalet for Bergen sin del frå første fase i siste tiåra av 1000-talet til ca. 1450, som oppgåva dekker. Rundt 1300 er folketalet berekna til mellom 5000 og 10 000 innbyggjarar (Helle 1982:487 f), og kan då ha vore mellom dei største byane i Norden. Alt tidleg på 1100-talet er byen kjend som ein internasjonal handelsby, med innslag av mange folkegrupper i seglingsseasonen i sommarhalvåret. Bryggen utgjorde her sjølve handelsområdet for internasjonal handel, der ikkje minst tørrfisk frå Nord-Norge utgjorde den viktigaste eksportvara. Handelen og dagliglivet på Bryggen kjem fram både gjennom skriftlege og arkeologiske kjelder (m.a. godt dokumentert i Helle 1982; Hansen 2005). Handel med England er dokumentert alt frå 1100-talet både arkeologisk og historisk. På 1200-talet kom framande kjøpmenn, både frå England og tysk område, hit som vintersitjarar, dvs. dei var busette her heile året. Det dreier seg altså om eit internasjonalt miljø, der norske huseigarar likevel dominerte miljøet, også med sine hushald, der også kvinner og barn inngjekk (Helle 1982; Øye 1988; Mygland 2007). Med etableringa av det tyske Kontoret av det hanseatiske forbundet rundt 1360 vart Bryggen eit mannsdominert samfunn. Tyske handelsmenn kan ha utgjort rundt 900–1800 menn på Bryggen i løpet av 1400-talet, medan det i handelssesongen kan det ha vore så mange som 2000–3000 tyske handelsmenn i Bergen (Helle 1982:743 f).

I same tidsperiode var London mangedobla i storleik, med ca.80 000 innbyggjarar (Keene 1995:226). London var òg eit viktig internasjonalt handelssenter som også kontrollerte regionale områder. Eit tysk Kontor vart som tidlegare nemnd, også oppretta her, Steelyard, men fikk ikkje like stor innverknad på byen som på Bryggen og bysamfunnet rundt. Kor mange som heldt til i dette området, har eg ikkje funne opplysningar om; heller ikkje om det var like avgrensa i høve til hanseatar og om det var eit eksklusivt mannssamfunn.

Eit interessant spørsmål er difor å sjå på smykka i høve til både kjønn og status for å sjå om endringane i miljøa hadde innverknad på dette. Ei arkeologisk undersøking av tekstilreiskapar knytt til kvinnearbeid har vist ein stor nedgang av slike gjenstandsfunn etter brannen på Bryggen i 1332, og kan vere ei følgje av at Hansaen etablerte seg her (Øye 1988:133). Også andre studiar peiker i same lei, med få spor etter barn etter denne perioden (Mygland 2007)

6.2 Smykke og kjønn

Bryggen

I mitt materiale er det særleg fingerringar som kan belyse dette spørsmålet, men også nokre av dei andre smykka kan ha vore bore av begge kjønn. Mål i fingerringmateriala har gjort det mogleg på eit overordna nivå å fastslå kva ringar som kan ha vore kvinne- og mannsringar. På Bryggen ser ein at dei mest dekorative ringane ut ifrå store mål kan knytast til menn, medan to smale ringar med hovud kan ha vore kvinningerar. Vi skal ikkje gløyme at store ringar også kan ha vore brukt utanpå hanskar. Hanskar ser ein har i kome i bruk rundt 1200/1300-talet og vart i hovudsak nytta av høgare sosiale sjikt (Vedeler 2007). Nokre fingerringar i gruppe I med breie ringskinner kan ha vore nytta utanpå hanskar for t.d. å vise status. Av store ringar frå Bryggen er det fem som kan vere aktuell til slik bruk. I mellomalderen var det mest vanleg å ha ringen på den såkalla ringfingeren, men òg på andre fingrar, t.d. veslefingaren (Lindahl:1985:189). Små ringar kan difor i prinsippet ha vorte nytta av både menn og kvinner. Dersom dei små ringane var brukt av kvinner skriv desse seg frå 1200–1400-talet. Det er vanskeleg å observere nokon særleg forskjell i ringutforming og storleikar i seinmellomalderen i høve til tida før Det tyske kontor vart etablert på Bryggen. Av fingerringar er fire funne frå periode 7 (1413–1476). Tre av desse viser store mål, og har truleg vore mannsringar. Ein ring har mellomålet 18 mm, medan den siste måler 16 mm, som kan ha vore ein kvinninger. Det er difor mogleg at nokre av ringane funne på Bryggen frå denne perioden, kan ha vore i hanseatene sin eige.

Søljene skil seg frå det øvrige smykkematerialet ved at denne har ein funksjon i høve til drakt med eit spesielt dekorativt uttrykk. Søljer vart nytta på halsopninga av ein kjole eller skjorte, og kunne verte brukt av begge kjønn (Stenholm 1976:293). Skjortesøljene er representerte gjennom heile perioden. Desse varierer i storleik frå 19–40 mm og består av gull, sølv, bronse/messing, kopar og tinn. Dei fleste viser enkle former for dekor, som vist i kap 4.5, mellom anna tverrgåande riller, flettemønster og sirkelmønster. Tre søljer frå overgangen av høg- til seinmellomalder viser ulike dekor. Ei bronsesølje har dekor av rosetter og runeliknande teikn, medan to tinnsøljer har dekor av runde kuler og stiliserte dyr. Sidan ein samtidig ser dei tidlegare dekorformene, er det truleg ikkje snakk om ei stilendring i materialet. Kapper vart i mellomalderen nytta av begge kjønn. Dei vart festa anten ved hjelp av spenner, snorer eller knyteband (Noss:1974:59). Ikonografiske kjelder frå tidleg mellomalder til 1300-talet viser at kappa i stor grad var eit plagg knytt til overklassa (Nørlund 1941:47). *Kongespeilet* frå 1260 viser at kappa var eit plagg som ein ikkje skulle bere i nærvær av sine overmenn. Mellom anna i nærvær av kongen eller høvdingar skulle ein kaste kappa som teikn på underkasting (Nørlund 1941:26). Av søljene frå Bryggen er tre søljer ut ifrå storleik tolka som kappesøljer. Den eine av sølv har dekor av to gripande hender og ei innskrift som viser namna til dei tre heilage kongane. Ut ifrå form og motivet av gripande hender har denne vorte tolka som ei trulovingssølje (Deevy 1998:72; Molaug 1998:63). Alle kappesøljene er datert til seinmellomalder. Desse vart anten festa på mannen si høgre skulder, eller på kvinna sitt bryst. Dette gjer at både skjorte og kappesøljene i Brygge-materialet kan ha vore nytta av begge kjønn. Det vert difor umogleg å knyte dei til eitt kjønn i seg sjølv, men ut frå tid og kontekst har dei truleg vore på mannskapper.

Når det gjeld kjede er det berre eitt slikt frå Bryggen datert til 1400-talet. Dette kunne samsvare godt i tid med endringa som skjedde i kvinnedrakta på midten av 1300-talet. Kvinnekjortelen vart då meir lik ein kjole, og vart delt i to delar med eit trangt liv og vidt skjørt (Fossberg 1991:37). Livstykket med opning framme vart ofte snørt igjen. Slike kjeder nytta til å snøre kjolelivet ser ein først i bruk frå seinmellomalder (Berge 1975:427). Men sidan kjede også kan ha andre funksjonar, som nemnd i kap. 4.2, og skriv seg til seinmellomalderen, er det også relevant å vurdere det i høve til menn, ikkje minst på bakgrunn av tida og funnmiljøet, der funnet er i ein mannsdominert periode på Bryggen. Det har festeordningar i begge ender, og kan ha vore nytta som eit feste til personlege egedelar og hengd fast på beltet.

Eit perlekjede, truleg ein del av ein rosenkrans, og ei perlearmlenke frå Bryggen kan ha tilhøyrt ei kvinne. Desse er datert til 1332–1413, nett i den perioden Det tyske kontor på

Bryggen vart etablert. Det vert difor her berre spekulasjonar om kjønn i denne samanhengen. Rosenkransar, som var eit bønnekjede, vart brukt av både menn og kvinner. Om perlekonsentrasjonen som er sett saman som eit armband, også kan ha vore del av ein rosenkrans, er vanskeleg å avgjere.

Når det gjeld Canterbury- ampullen som er forma som eit anheng, kan denne likeins som pilegrimsmerka knytast til proveniens, men det er ikkje mogleg å avgjere om desse har vore eigd av geistlege eller nytta på geistleg klesdrakt (Molaug1998:38). Tre pilegrimsmerke frå Bryggen er datert til periode 5 (1248–1332), medan to er grovt datert til 1300-talet, dvs høgmellomalder. Alle merka har/hatt hemper slik at dei kunne syast på drakta, hattar eller vesker. Både menn og kvinner reiste på pilegrimsreise, der særleg reiser til utlandet i hovudsak må ha vorte utført av menneske frå høgare sosiale sjikt (Molaug 1998:59). Det er her ikkje mogleg å knyte pilegrimsmerka til eitt av kjønna.

Samla viser materialet frå Bryggen at det er få gjenstandar som sikkert kan knytast til eitt kjønn. I fingerringane vart det på eit meir overordna plan mogleg å sjå kjønn knytt til storleikar. Kjede, perler, anheng, søljer og pilegrimsmerke kan alle ha vore eigd av anten menn eller kvinner då dei i stor grad vart nytta av begge kjønn i mellomalderen. Likevel ser det ut til å vere ein mannsdominans i materialet.

6.2.1 London

Fingerringar frå London har fleire ringmål enn påvist på Bryggen, med ringar frå 11–21 mm. Berre tre ringar viser ein klar mannsstorleik, medan i alt elleve ringar har små mål og mest sannsynleg kan ha vore kvinneveringane. Ringane som kan knytast til menn, er å sjå frå rundt 1200 til 1450, medan kvinneveringane er representert frå midten av 1150–1450. Begge kjønn er altså representerte gjennom perioden, og noko tidlegare enn på Bryggen, der manns- og kvinneveringane tidlegast var datert frå midten av 1200-talet. I London er det i motsetnad til Bryggen funne fleire kjeder daterte tidleg frå midten av 1100- talet ut til til midten av 1400-talet. Alle er no fragmenterte, men estimert viser dei kortare lengder enn Brygge-kjeda. Nett kva slags funksjon desse har hatt, er usikkert, men dei kan til dømes ha vore nytta av begge kjønn, som feste i beltet til å henge personlege egedelar på. Ein del av ein rosenkrans av rav er funne i London og er datert til slutten av 1200 til midten av 1300-talet, men sidan desse vart nytta av begge kjønn vert det ikkje enkelt å fastsetje noko kjønn her. Anhenga frå London viser fleire former enn på Bryggen, mellom anna av blad og ein hane. Desse let seg heller ikkje så lett knyte til kjønn.

Søljematerialet frå London viser i stor grad dei same utformingane som på Bryggen, til å feste skjorte eller kappe. Fire søljer frå London kan ut frå storleik ha vore nytta som kappesøljer og skriv seg på 1200-talet til midten av 1400-talet. Det samsvarar nokså godt i tid med kappesøljene frå Bryggen. Då søljene vart nytta av begge kjønn, er det difor ikkje mogleg å avgjere kjønnet til beraren. Pilegrimsmerka kan som nemnt også ha vore nytta av begge kjønn. Samla viser smykka at begge kjønn ser ut til å vere jamnare representert.

6.3 Status og sosial identitet

Smykke saman med klesdrakt kan formidle brukaren sin sosiale status (Andersson 2006:17), ikkje berre kjønn. Ein kan også sjå på smykke som eit forsøk på å skape status og sosial gruppeidentitet. For å få ei kjensle av å høyre saman med ei gruppe menneske, kler ein seg etter tilrettelagde normer og skil seg dermed frå andre grupper. For å unngå at menneske frå lågare grupper kunne kle seg likt som folk av høgare rang, blei det til og med laga fleire regelverk for å unngå dette. Ei rettarbot utstedt av kong Håkon V i Bergen i 1306, viser at ein her prøvde å skilje prostituerte frå andre kvinner. Dei vart dermed ikkje sett på som verdige til å kunne smykke seg med edelt metall og rav, og måtte ikkje forvekslast med «danna kvinner» (Molaug 1998:54). Dei kunne rett nok smykke seg med forgylte gjenstandar. I Europa blei det i same tidsrommet laga fleire slike lover. Desse lovene skulle hindre lågare grupper frå å kle/smykke seg likt som høgare sosiale sjikt, dette i eit forsøk på å bevare det sosiale hierarkiet (Deevy 1998:65). Ein ville oppnå at folk frå ulike sosiale grupper ut frå klesmåten kunne identifiserast med den sosiale gruppa ein tilhørde (Baldwin 1926:10). Desse lovene viser i stor grad korleis sosial status kunne symboliserast gjennom brukaren sine gjenstandar (Molaug 1998:54). Lover viser også at edelt metall vart forsøkt halde innan aristokratiet (Deevy 1998:40).

6.3.1 Bryggen

Metallet smykket var laga av, var eit slik distingverande element, der gull var desidert dyrast, dinest sølv. I alt 14 gjenstandar frå Bryggen er av edelt metall. I mellomalderen var gull eit økonomisk verdiobjekt knytt til makt og rikdom. Ein ser at eitt øyre gull svarte til ein mark med sølv. Forholdet mellom desse to metalla var 1:8, medan det på 1300-talet vart 1:10 (KLN M V:570). Ni fingerringar av gull, ein av sølv, ei gullsølje og tre sølvsøljer frå Bryggen vitnar ut ifrå både materiale og dekorativ stil om at desse må ha hatt ei statusberande rolle. På Bryggen finn ein fleire kraftige gullringar med dekor som heilt klart må ha skild seg ut i samfunnet her. Storleiken på desse ringane kan tyde på at dei samtidig skulle vere godt synlege statussymbol. Bronse og messingringane frå Bryggen viser ei enkel utforming og i liten grad dekor, der alle har mista steinen, som difor ikkje let seg vurdere. Desse har difor truleg vore eigd av menneske

med lågare sosial status, også når ein ser på forskjellen i utforming og dekor. To sølvsøljer frå Bryggen har dekor av flettemønster, noko som kan tyde på at dette i denne periode var eit mønster nytta av ulike sosiale grupper, sidan ein også finn dette mønsteret på søljer av bronse/messing-legeringar og tinn i begge områda. Pilegrimsmerka uttrykker også indirekte sosial status. Andersson hevdar at det skjer eit skifte i den sosiale betydninga til desse merka gjennom mellomalderen. Før 1300-talet markerte merka i stor grad personleg status., i stor grad knytt til menneske av høg rang. Dette endra seg då velstående menneske ofte fekk folk frå kyrkja til å reise for seg (Andersson 1989:196 ff).

6.3.2 London

I London ser ein både kvantitativt og relativt færre gjenstandar av edelt metall, med berre sju slike gjenstandar, derav fem gullringar og to sølvsøljer. Gullringane er alle utstyrte med ei tynn ringskinne og edelsteinar. Då tre av ringane har ein almandingranat, har det vore diskutert kor vidt dette kan vise at desse steinane var populære og billige å skaffe. To sølvsøljer frå London har òg dekor av flettemønster, som på Bryggen. Også her finn ein dette mønsteret på søljer av bronse/messing-legeringar, i tillegg til tinn. Bronse og messingringane frå London har i likskap med Bryggen ei enkel utforming og i liten grad dekor. Her finst det også imiterte edelsteinar. Frå dei to områda viser søljer lik form og dekor. Ei sølje frå London er av bly-tinn og har same dyremotiv som ei tinnsølje frå Bryggen. Ut ifrå datering ser ein at sølja frå Bryggen er noko tidlegare (1248–1332), medan sølja frå London er datert til ca.1270–1350. Det er interessant at desse viser ein såpass nær bruksperiode. Materialet kan her tyde på at dei har vore eigd av lågare sosiale grupper, men samtidig er det noko med utforminga som får dei til å virke statusberande. Men dette er ikkje mogleg å seie med sikkerheit.

6.4 Materiell kultur og sosial identitet

I spørsmålet om sosial identitet må dette sjåast i lys av den kulturelle differensieringa mellom sosiale lag i dei to bysamfunna. Pierre Bourdieu har som nemnd i kapittel 3, prøvd å definere nett dette fenomenet, der han skil mellom økonomisk og kulturell kapital, som han meiner er med på å skape eit slags sosialt rom eller handlingsfelt, såkalla *habitus*. Materialet viser i liten grad distinksjon i høve til kjønn, men mellom anna i metallbruk ser ein at Bryggen har fleire ringar og søljer av edelt metall, og difor klarare kan knytast til høgare sosiale differensieringar. I London ser ein eit klarare utslag av eit anna fenomen; nye statusobjekt blir etterlikna i billigare materiale. Her er Veblen sin teori om prangande forbruk (*conspicuous consumption*) interessant i høve til materialbruk og dekorative stilar. Ønsket om å oppnå ein høgare rang ved å etterlikne smykke frå høgare sosiale sjikt er gjeldande i begge byar. Veblen meinte at når

vanlege folk fekk moglegheit, ønskte dei å etterape overklassa ved å skaffe seg like gjenstandar, for å få høgare status og omdømme i høve til andre sosiale grupper i næringsfunnet. Dette aspektet er også nært knytt til *mimicry*, herming (Bhabha 1994), der etteraping er eit fenomen som tydelegast kjem til uttrykk i lågare sosiale sjikt. For å bli godtekne av sine egne eller ei høgare sosial gruppe, blei elitesmykke etterlikna.

6.4.2 Bryggen

I tillegg til dei to søljene med dyremotiv er to ringar frå Bryggen eit godt døme på korleis uedle ringar etterlikna gullringar ved å nytte forgylling. Ein ring av sølv og ein av messing har begge blitt forgylte. Sølvringen har spiralsnurra ringskinne med ei religiøs innskrift, og har vorte tolka som ein amulett. Messingringen har fem innfatningar, men alle steinane er no borte. I søljematerialet frå Bryggen er det fleire mønster som går igjen på ulike materiale. Spørsmålet her er om dette er etterlikningar, eller om det er teikn på ein felles stilsmak. Det er vanlegvis slik at stilinstrykk først er å sjå i høgare sosiale sjikt og deretter beveger seg ned i samfunnet. Messingringen er datert til 1200/1300-talet, medan sølvringen er datert absolutt til 1501. Dette kan tyde på at slike etterlikningsteknikkar gjekk føre seg over ein lengre periode.

6.4.3 London

I London finn ein fleire ringar som kan ha etterlikna dyrare materiale. Desse er av ulike koparlegeringar og tinn. Særleg tinnmaterialet viser fleire dekorative stilar av ulike mønster og imiterte edelsteinar. Eit gjennomgåande trekk i ringmaterialet frå London er at desse i stor grad må ha tilhøyrt menneske av lågare sosial status.

6.4.4 Samla vurdering

I begge områda finn ein bruk av like dekormønster på søljematerialet; mellom anna flettemønster, tverrgåande riller, sirkeldekor og innskrifter er å finne på ulike materiale. Bruken av delt dekor, der øvre del er fletta og nedre er glatt, ser ein på søljer av bronse/messing/kopar og tinn både frå Bryggen og London. Dateringane viser også at desse er i bruk gjennom heile perioden. I London ser ein også to tinnsøljer der dekoren etterliknar steinar.

6.5 Stil og materiell kommunikasjon

Eg har tidlegare sett på smykka si rolle i høve til brukar, kjønn og sosial status. Her vil eg sjå på korleis smykka sin stil kan ha inngått i ein materiell kommunikasjon.

Som nemnd i kap. 3.1 har det sidan 1970-talet føregått ein lang stildebatt der mange har diskutert i kva grad stil kan vere kommunikativ. Stil har mellom anna av Martin Wobst blitt sett på som eit middel for sosial og kulturell kommunikasjon. Gjenstandar som best viser ein slik kommunikasjon, knyt han til den offentleg sfæren, i samanhengar der dei materielle uttrykka vert synlege for mange menneske, og for folk ein ikkje omgåast dagleg (Olsen 1997:184). Stil i mitt høve, er særleg knytt smykka sitt formuttrykk, som kan gi uttrykk for ulike stilimpulsar og motar i dei to områda, som kunne signalisere gruppetilhøyrse, sosialt, kulturelt og ideologisk . Stil kan slik ha hatt ei kommunikativ, men òg symbolsk rolle. Eg har her valt å snevre inn stilomgrepet for å kunne gjere det gjeldande for mitt materiale.

6.5.1 Stil og symbolbruk i Brygge-materialet

På Bryggen har ein funn av ni gjenstandar med religiøse motiv og innskrifter som kan gje uttrykk for og vere synlege markørar for religiøse haldningar. Seks av desse gjenstandane, fem pilegrimsmerke og eitt anheng, har motiv frå bibelen. Anhenget har eit bilete av erkebiskopen Thomas Beckett frå Canterbury. Fleire av desse vert tolka som amulettar, men er samtidig tydelege markørar utad. Sjølv om kristenretten åtvara menneske mot å nytte slike magiske gjenstandar, er dei å finne gjennom heile mellomalderen (KLNMI:130f). På denne måten vart religion uttrykt gjennom ulike stiluttrykk i den materielle kulturen. I tillegg til å vere sekundære relikviar, ser ein at pilegrimsmerka mellom anna har vore nytta for å beskytte seg mot sjukdom (Spencer 1988:34). Ei sølje har innskrift av namna til dei tre heilage kongane, der innskrifta hadde ein slik beskyttande funksjon (Deevy 1998:72). To fingerringar har religiøse innskrifter; gullringen med fem runer og majusklar viser til dei fire evangelistane, medan sølvringen med latinsk innskrift viser til to ulike bibelsitat, nemnd i kap.4.1. Perlene funne på Bryggen består hovudsakleg av rav. Magiske førestellingar vart knytt til edelsteinar og andre smykkesteinar, til dømes rav, som tradisjonelt har vorte sett på som lukkebringande (KLNMI:132). Fleirtalet av perlene funne på Bryggen, er av rav, der eit perlekjede kan ha vore ein rosenkrans. Dermed kan denne ut frå stil og utforming knytast til religiøs aktivitet.

Fingerringane på Bryggen viser ulike former for dekorativ stil. Mellom anna ser ein bruk av kraftige ringskinner. Ein finn både bruk av mønster og ei forseggjort fletta ringskinne. Dei to signetringane uttrykker ein eigen dekorativ stil, og var i stor grad knytt til menneske innan administrasjon (Hammervold 1997:12). Ut ifrå utforming og stil kan ein tydeleg sjå at desse ringane må ha hatt ei kommuniserande rolle for å signalisere status og sosial identitet i bysamfunnet. Åtte ringar i materialet frå Bryggen har hatt steinar, der dei fleste steinane no er gått tapt, men har opphavleg vore ein viktig del av det dekorative uttrykket. To gullringar har


framleis stein, og desse viser forskjellig stil. Medan den eine har ei tynn ringskinne og eit ovalt hovud, ser ein på den andre at denne har ei kraftigare utforming. I tillegg har den ein firkantslipt ametyst og palmettforma skuldrar. Ringen viser ein eineståande dekorativ stil i dei to områda. Kjedet har i liten grad dekor og viser ikkje stil på same måte som dei andre smykketypane. Dette har ei meir funksjonell utforming, om enn dekorativt. Søljene frå Bryggen har i stor grad like utformingar av dekor, også nytta mellom dei ulike metalla. Likskapen i utforming og dekor kan i stor grad tyde på sams formoppfatning, men det kan også vere at den dekorative stilen har blitt etterlikna av ulike sosiale grupper, slik eg har vist oppom.

6.5.2 Stil og symbolbruk i London-materialet

I London finn ein som eit gjennomgåande trekk billegare materiale som viser dekorativ stil av t.d. imiterte glassteinar. Dette føreligg på fingerringar og søljer. Gjenstandar tolka som amulettar er også få; ein messingring med glascameo av anten ei krabbe eller skorpion kan i følge Egan og Pritchard ha vore ein amulett. I fingerringane finn ein fem gullringar med edelsteinar. I tillegg til smykkesteinane si dekorative rolle, hadde dei også ein beskyttande funksjon. Fleirtalet av ringane frå London består av uedle metall, og viser i stor grad ein lik dekorativ stil. Desse består av enkle former med imiterte glassteinar og dekormønster. Stilen kan difor indikere at desse truleg har vorte masseproduserte i lågare sosiale sjikt. Kjeda har den same funksjonelle utforminga som kjedet frå Bryggen, og har difor ikkje nokon direkte dekorativ stil. Også i London er fleirtalet av perlene av rav. Rav vart tenkt å vere lukkebringande, og kan difor vere ein av grunnane til at utbreidsla er så stor. Her har ein også funn av åtte ravperler på ei silkesnor som kan knytast til ein rosenkrans. Når det gjeld anhenga, ser ein fleire former som avbildar dyr og planter. I tillegg til å vere dekorative kan desse også ha hatt ein symbolsk funksjon. Dei same motiva ser ein nytta på søljene frå London. Frå 1100-talet og fram til overgangen 1200/1300-talet viser søljene frå London i stor grad lik dekorativ stil med søljene frå Bryggen. På dette tidspunktet finn ein fleire figurative søljer, i stor grad av bly-tinn. Motiv som går igjen her er blomar, og då særleg *fleur de lis* (iris) og fiol. Heile ni søljer har dekor av den stiliserte irisen. Dette symbolet har i den katolske kyrkja vorte knytta til Jomfru Maria. Søljene kan difor ut frå bruken av dekorativ stil vise religiøs tilknytning. Fire søljer avbildar fiolar. Desse har mellom anna blitt tolka som kjærleiksgjenstandar (Jones 2002:229). Dekorativt element som viser ein hane, finn ein på fleire av søljene og eitt anheng. Hanen vert ofte tolka som eit symbol på begjær, utruskap (Spencer 1998:318; Jones 2002:49). Ei sølje frå London viser ein hane og ei høne i paringsakt; denne kan vere eit seksuelt symbol. Fleire søljer frå London har dette motivet, og har i stor grad blitt knytt til menn, då dette motivet også symboliserte

virilitet (Spencer 1998:318). Ei sølje har dekor utforma som ein griff, som er eit kjent dyr nytta i heraldikken. Den menneskeliknande sølja har ein fleire funn av i London; denne har ofte vorte tolka som ein ape, men er av Egan og Pritchard tolka som ein mann. Dette obskure motivet av ein naken mann som urinerer medan han rører med ei stampe, har vist seg å vere umogleg å tolke. Det er likevel tydeleg at den dekorativ stilen nytta her må ha vore omdiskutert også i samtidig tid. Desse symboluttrykka på ulike type smykke har tydelegvis vore forstått av folk som bar dei, folk som gav dei og folk som såg dei.

Pilegrimsmerka frå London er óg stilmessige og symbolske markørar og synlege teikn på religiøse handlingar av vidtrekkande tyding, som vart plassert godt synleg på drakt eller hovudplagg. Dei viser naturleg nok likskap i dekor og utforming med pilegrimsmerka frå Bryggen sidan merka var produsert på valfartsstadene. Merka frå London har også fleire utformingar og stiluttrykk knytt til dei vel to hundre gjenstandane som er funne her, mange frå engelsk område. Desse gjenstandane er dei som best markerer korleis dekorativ stil også kunne signalisere kristne haldningar og handlingar og synlege teikn på tilhøyrse.



Figur 5.1 Viser pilegrimer med ulike former for pilegrimsmerke sydd fast på drakta (Spencer 1998:2)

6.5.3 Bryggen og London

Samla har ein sett at bruken av dekorativ stil i dei to områda i særleg grad er mest lik i søljene og pilegrimsmerka. Fingerringane frå Bryggen viser ei form for dekorativ stil som tyder på at dei har vore ein del av markørane for både høgare og lågare sosiale sjikt, medan stilen i materialet frå London viser at det mest sannsynleg er snakk om masseproduserte former, som har tilhørt dei lågare sosiale sjikta i byen. Perlene av rav har i begge byane vore viktige

dekorelement, då truleg knytt til deira lukkeberande funksjon, men også religiøs bruk i rosenkransar. Kjede har vist seg å ikkje vere like enkle å knytte til dekorativ stil, medan anhenga ber preg av ulike stiluttrykk.

Stil og symbolbruk knytt til kristen tru finn ein i begge områda. I tillegg til pilegrimsmaterialet, som hadde ein religiøs funksjon, ser ein slike motiv og innskrifter nytta i fingerringar og søljer. I London ser ein også ei endring i dekorativ stil. Dei figurative søljene som dukkar opp på slutten av 1200-talet syner materiale som mellom anna kan knytast til kjærleik, begjær og virilitet. Ut ifrå stil har det vist seg at materiala i dei to områda i stor grad kan seie noko om materiell kommunikasjon. I dei høve ein har dekorativ stil som kan knytast til symbolbruk, ser ein at gjenstandane kan syne informasjon; mellom anna ser ein uttrykk for religiøs tru, beskyttelse mot sjukdommar, og døme som kjærleik og virilitet. Men der ein manglar symbol, som kan knytast til den dekorative stilen, vil det verte vanskeleg å skjønne stilen si kommuniserande rolle. Dette ser ein på ei sølje frå London som syner ein menneskeliknande figur, der det er vanskeleg å skjønne kvifor den har nett denne bruken av stil og utforming.

Kapittel 7 Avslutning

Temaet for denne oppgåva har vore ei komparativ analyse av smykkemateriale frå Bergen og London. Grunnen til at eg har valt å samanlikne desse to byane er mellom anna fordi begge byane var internasjonale handelsbyar, som også dreiv handel med kvarandre. I høgmellomalderen blei det også i begge byar oppretta såkalla kontor av den hanseatiske ligaen. Smykka eg har undersøkt, er fingerringar, kjeder, perler, anheng, søljer og pilegrimsmerke. I alt 124 smykke frå Bryggen og 327 frå Themsen-området. Hovudfokuset for den komparative analysen har vore å leite etter likskapar og skilnader for å sjå om det kan ha vore felles smykke i dei to byane. Då materiala i begge byane tidlegare har blitt klassifisert og datert, har dette late seg gjere. For Bryggen-materialet er det i hovudsak Sonja Molaug (1998) som har stått for dette, medan det i London er Egan & Pritchard (2002). Tidsavgrensinga har vore frå ca. 1150–1450. Ved å sjå etter likskapar og skilnader i begge materiala har eg prøvd å sjå om det har vore eit felles uttrykk når det gjeld materialet i ein tidssamanheng. Perspektiv nytta i oppgåva har særleg vore knytt til sosiale aspekt, som til dømes brukarperspektivet i høve til kjønn, sosial status og gruppetilhøyrse.

Undersøkinga har vist at det er mange likskaper i materialet når det gjeld smykkekategori og formuttrykk. Men ulikskapen er likevel større i materialbruk, form og kvantitet, der materialet frå London viser eit breiare spekter. Når det gjaldt spørsmålet om kjønn, viste det seg vanskeleg sikkert å kunne stadfeste tilknytning til kjønn i begge byane. Ut ifrå dei overordna måla var det berre i fingerringane eg kunne sjå teikn til kva som kunne ha vore manns- og kvinneverkingar. I ein tidssamanheng ser det likevel ut til å vere ein mannsdominans i materialet frå Bryggen. Dette er ikkje på same måten tydeleg i London-materialet. Når det gjeld spørsmålet om status, viste dette i Bryggen-materialet seg mellom anna i bruk av kraftige skinner med dekor, som utan tvil kan knytast til høgare sosiale sjikt, medan nokre ringar av bronse/messing viser enklare former, og truleg difor kan ha vore eigd av personar frå lågare sjikt. I London derimot er dei fleste ringane av uedelt materiale, og har truleg vore masseproduserte innan lågare sosiale sjikt. Materialbruk viser óg teikn på at smykke av billegare materiale har etterlikna smykkebruk i høgare sosiale sjikt.

Forgylling av billegare materiale tyder på at denne teknikken gjekk føre seg over ein lengre periode i begge område. Bruk av imiterte steinar og dekor som etterliknar steinar, finn ein både på ringane og på søljene. Dette ser ut til å ha vore vanlegare i materialet frå London enn på

Bryggen. Når det gjeld smykka sin dekorative stil, er denne også sterkt knytt til symbol og har ei kommuniserande rolle. Fleire av smykka frå Bryggen viser religiøse motiv og innskrifter som har vorte tolka som amulettar. Dekorformene som er nytta på søljer, viser likskap i dei to områda. Desse kan difor vere ei form for etterlikning, då ein mellom anna ser lik dekor nytta i edle og uedle metall. Men det kan også vere snakk om felles stilformer innan dei ulike metalla.

Når det gjeld gjenstandar som viser stor likskap i dei to områda, gjeld dette to søljer. Den eine er rund med fire sirkulære kuler, medan den andre viser to stiliserte dyr. Søljene viser også ganske lik datering. Pilegrimsmerka som var knytt til sine opphavsområde, har også vist likt utforma og dekorert materiale i dei to områda. Desse vart særleg knytt til menneske av høg sosial status.

Analysen av dei to områda har samla vist at Bryggen har fleire smykke av edelt metall. Dette er interessant sidan London var ein mykje større by enn Bergen. Brygge-materialet har vist smykke som utan tvil må ha tilhørt høgare sosiale sjikt, særleg i fingerringane og søljene. London har i større grad innslag av billigare materiale, som i fleire tilfelle kan ha etterlikna dyrare materiale, med materialgrupper i form av ulike legeringar og imiterte glassteinar. I London ser ein også eit aukande innslag av figurative søljer på slutten av 1200-talet, noko som kan tyde på at det her skjer ei stilendring, som ikkje kjem tydeleg fram i Bergen. Ei samla vurdering viser at av smykkematerialet frå Bryggen og London har fellestrekk innan mote og stil, men likevel er byane meir ulike enn like når det gjeld måten folk smykka seg på.

Summary

The subject of this master thesis is related to jewellery from two medieval cities Bergen and London. My aim has been to compare medieval jewellery from two trading centres and international environment namely Bryggen in Bergen and by the River Thames in London. The reason for choosing these two areas for a comparative study lies within their historical position as international trading centres in addition to these two cities being mutual traders. In the High Middle Ages Hanseatic so called Kontore within the Hanseatic League, were established in both cities. The jewellery I have examined is finger rings, chains, beads, pendants, brooches and pilgrim badges. The main focus has been to look for similarities and differences to identify if there have been a common development of jewellery within the two cities. I will in order to make such a comparison based my study on material from London and Bergen that previously has been both classified and dated. The classification and dating has been conducted by Sonja Molaug (1998) for the material in Bergen and by Egan & Pritchard (2002) for London. My questions and perspectives in this study have mainly been focusing on social aspects related to the jewellery. I have tried to find out what the jewellery can tell us about the user in relation to gender, social status and group affiliations and identity. I have also investigated how style can be used as material communication. Based on materials used I have tried to look for signs of jewellery made of cheaper materials that are mimicking jewellery from the higher social strata. To make the material comparable I have analysed the different kinds of jewellery based on material, shape and decor. By comparing modern ring sizes to the measurement of the rings. I have tried to relate them to the owner in the two areas. Brooches have also been measured to decide whether they have been used for shirts or cloaks. The study have revealed that Bryggen have more findings of jewellery made of precious metal compared to the material from London. This finding is interesting since London was a much larger city than Bergen. The material from Bryggen contains jewellery that undoubtedly has belonged to persons of higher social strata, and this is particularly evident in the finger rings and brooches. The material from London is characterised by usage of cheaper materials that mimic more expensive materials, and this is possible to see by the use of different materials and glass stone imitations. My comparative study has shown that although there are similarities in shape and decor, the findings in this study points to more differences than similarities between the materials from London and Bergen.

Litteratur

- Andersson, E I. 2006. *Kläderna och människan i medeltidens Sverige och Norge*. Historisk institutionen. Göteborg.
- Anderson, L. 1989. *Pilgrismärken och valfart. Medeltida pilgrimskultur i Skandinavia*. Kumla.
- Banta, M., Veblen, T. 2007. *The Theory of the Leisure Class/ T. Veblen; edited with an Introduction and notes by Martha Banta*. Oxford world's classics. New York.
- Baldwin, F. E. 1926. *Sumptuary legislation and personal regulation in England*. John Hopkins University, Baltimore.
- Berge, R. 1975. 1925. *Norsk bondesyv*. Oslo.
- Bhabha, H.K. 1994. *The Location of Culture*. Routledge. London.
- Campbell, M. 2009. *Medieval Jewellery in Europa 1100–1500*. Victoria and Albert Museum. London
- Cox, A. 1996. Post-medieval dress accessories from recent urban excavations in Scotland. *Tayside and Fife archaeological journal*. Vol 2, s. 52–60, Glenrothes.
- Damm, C. 2008. Fra form og stil til situert materialitet: Arkeologens dans med den materielle kultur. *Primitive tider 10*, s. 145–154.
- DeMarrias, E., Gosden, C., Renfrew, C. 2004. *Rethinking materiality – the engagement of minde with the material world*. 1–7. Cambridge.
- Deevy, K.R. 1998. *Medieval ring brooches in Ireland*. Wicklow.
- Dyson, T. 1989. *The Medieval London Waterfront*. Annual archaeology lecture. Museum of London 1987. London.
- Egan, G. & Pritchard, F. 2002. *Dress Accessories c.1150– c.1450. Medieval finds from excavations in London 3*. Museum of London.
- Fossberg, J. 1991. *Draktsølv*. Oslo
- Grieg, S. 1933. *Middelalderske byfund fra Bergen og Oslo*. Det norske videnskaps-akademi. Oslo.
- Gutarp, M.E. 2001. *Medieval Manner of Dress. Documents, Images and Surviving Examples of Northern Europe, Emphasizing Gotland in the Baltic Sea*. Gotlands Fornsals förlag. Visby.

Hansen, G. 2005. *Bergen c. 800- c.1170. The emergence of a town*, iThe Bryggen rs. Main Series 6, Bergen 2005

Hansen, G. 1998. The Bryggen chronology, new light upon the dating of the periods before fire V. *The Bryggen Papers, Supplementary Series No.6, Medieval fires in Bergen – revisited*. (red. I.Øye), Fagbokforlaget, Bergen

Hammervold, A.1997. *Fingerringe fra middelalderen i Norge. En undersøkelse av fingerringe fra middelalderen og ringe av middelaldertype*. Varia 40 Universitetets Oldsaksamling, Oslo

Helle, K. 1982, *Kongssete og kjøpstad Fra Opphavet til 1536. Bergen bys historie*, bd. 1, Universitetsforlaget. Bergen.

Helle, K.2006. *Norsk Byhistorie, urbanisering gjennom 1300 år*. Oslo.

Herteig, A.E. 1969. *Kongers havn og handels sete. Fra de arkeologiske undersøkelser på Bryggen i Bergen 1955–68*. Oslo.

Herteig, A.E. 1990. *The buildings at Bryggen. Their topographical and chronological development*. The Bryggen Papers, Main series vol 3, part I. Universitetsforlaget, Oslo. Bergen.

Hinton, D.A. 1982. *Medieval Jewellery from the eleventh to the fifteenth century*. Shire Archaeology, Aylesbury.

Immonen, Visa 2009. *Golden Moments: Artefacts of Precious Metals as Products of Luxury Consumption in Finland c. 1200–1600*. 2 vols. *Archaeologia Medii Aevi Finlandiae XVI*, Turku: Society for Medieval Archaeology in Finland,

Keene, D. 1995. Small towns and the metropolis. The experience of medieval England. In Duvosquel, J.M. & Thoen, E (eds.) *Peasants in Medieval Europe. Studies in Honour of Adriaan Verhulst*. Ghent

Kielland, T. 1927. *Norsk gullsmedkunst i middelalderen*. Oslo

KLNM= *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder – fra vikingtid til reformasjonstid*. 1956–1978. Oslo

Jones, M. 2002. *The Secret Middle Ages. Discovering the Real Medieval World*. Gloucestershire.

Liestøl, A. 1980. Norges innskrifter med de yngre runer. *Norsk historisk kjeldeskiftinstitutt. 6. bind, 1e hefte*. Oslo.

London Museum, 1940. *Medieval Catalogue*. London: Her Majesty's Stationery Office. London.

Molaug, S. 1998. *Smykker og draktutstyr fra middelalderens Bergen, en arkeologisk analyse i tid og rom*. Upublisert hovedfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.

Munksgaard, E. 1974. *Oldtidsdragter*. København.

Mygland, S.S. 2007. *Children in the medieval town of Bergen. An archaeological analysis of child-related objects*, The Bryggen Papers. Main Series 7, Bergen

NgL= Norges Gamle Love, utgitt av Keyser, R, Munch, P.A., Storm, G., Hertzberg, E., I–V, Christiania, 1846.

Nilsen, Vedeler, M. 1992. *Draktmateriale fra Guddal. Funksjon og visuell kommunikasjon*. Upublisert hovedfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.

Noss, Å. 1974. Draktutstyr og draktradisjon i det vestlandske området frå vikingtid til høgmellomalderen. *Viking. Tidsskrift for norrøn arkeologi*, bind XXXVIII, s.39–68. Oslo.

Nørlund, P. 1941. Klæderagt i oldtid og middelalder. *Nordisk Kultur XV B Dragt*. Stockholm.

Nøttveit, O.M. 2010. *Sheaths and Scabbards from Medieval Bergen*. The Bryggen Papers. Main Series No. 8. Fagbokforlaget, Bergen.

Olsen, B. 1997. *Frå ting til tekst. Teoretiske perspektiv i arkeologisk forskning*. Universitetsforlaget. Oslo.

Schiefloe, P.M 2003. *Mennesker og samfunn*. Fagbokforlaget. Bergen

Schofield, J. 2011. *London 1100 – 1600. The Archaeology of a Capital City*. Sheffield, England.

Scott, M. 2007. *Medieval dress and fashion*. British library. London.

Spencer, B. 1998. *Pilgrim Souvernirs and Secular badges. Medieval finds from excavations in London*: 7. The Stationery office. London.

Stenholm, L. 1976. Drakttilbehør och smycken. *Archaeologica Lundensia* 7, s.293–306, Lund.

Vedeler, M. 2007. *Klær og formspråk i norsk middelalder*. Universitetet i Oslo.

Viken, S. 2009. *Å smykke seg. Drakttilbehør og sosiale strategier belyst ved arkeologisk materiale fra middelalderens Trondheim*. Masteroppgave i profesjonsretta arkeologi. NTNU.

Wiessner, P. 1983. Style and social information in Kalahari San projectile points. *American Antiquity* 48. s 253–76.

Wobst, H.M. 1977. Stylistic behaviour and information exchange, I: Cleland, C.E. (ed.). *Papers for the Director. Research essays in honor for James B. Griffin*, vol. 61, *Anthropological papers*. Museum of Anthropology, University of Michigan.

Øye, I 1988. *Textile Equipment and its Working Environment, Bryggen in Bergen c. 1150-1500*. The Bryggen Papers. Main Series Vol. 2, Berge

Ågotnes, A. 1979. *En pryde for sin tid. Smykker fra forhistorisk tid og middelalder på Vestlandet*. Utstillingskatalog, Bryggens Museum. Bergen.

Nettkjelde

<http://www.kunstmuseene.no/?enhet=solvskatten&art=494&kat=455&sp=1> . Nedlasta 05.05.2012

Munnleg kjelde: Førstekonservator Trond Indahl, Bergen. 07.05.2012.

Appendiks I Susanne Busengdal vedlegg til masteroppgåva som gjeld Brygge- materialet.

I katalogen har gruppert materiale etter same rekkefølge som i teksten. Her viser eg til katalognummer, museumsnummer, materiale, funnlokalitet, og datering. Gjenstandar som har blitt målt og vegd er også oppført her. For kvar gjenstand har eg gitt eit lite samandrag av form og dekor på gjenstanden. Fingerringar er nummerert B1-16, kjede B17, perler, B18-28, anheng B29, søljer B30-48, og pilegrimsmerke B49-53.

Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B1	BRM 237/12070	Gull	I	22 mm.	6 gr.	Glatt avrunda ringskinne. Truleg ein mannsring ut frå storleik.	Øvre Dreggsal. 2-4	1200/1400-talet



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B2	BRM 0/68384	Gull	I	22 mm.	5 gr.	Amuletring med innskrifter av runer og latin.	Brygge-utgravingane	1413-1476



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B3	BRM 0/63766	Gull	I	Deformert	7 gr.	Konkave fasettar og punkselmerker.	Brygge-utgravingane	1198-1248



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B4	BRM 0/31524	Gull	I	23 mm.	4 gr.	Flettemønster med delvis deformert ringskinne.	Bryggetgravningane	1248-1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B5	BRM 0/3377	Gull	II	18 mm.	4 gr.	Palmeltforma skuldrer og firkantslipt ametyst	Bryggetgravningane	1413-1476



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B6	BRM 110/4000	Gull	II	18 mm.	2 gr.	Glatt ring med ovalt hovud og ein blå opak stein	Finnegården 3A	1248-1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B7	BRM 0/37595	Gull	II	17 mm.	2 gr.	Signetring med stjernedekor og diagonalt rutemønster.	Brygge- utgravingane	1248-1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B8	BRM 0/38081	Gull	II	20 mm.	3 gr.	Signetring med lothringenkross og diagonalt rutemønster.	Brygge- utgravingane	1248-1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B9	BRM 0/69968	Gull	II	16 mm.	<2 gr.	Glatt ring m/ rund hovud. Mista stein. Har hatt ein safir.	Brygge- utgravingane	1413-1476



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B10	BRM 0/70459	Sølv	I	19 mm.	5 gr.	Forgylla amuletring med spiralsnurringer og innskrift.	Brygge- utgravingane	1413-1476 Innskrift som viser til 1501.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnsted	Datering
B11	BRM 237/2546	Gull	I	20 mm.	2 gr.	Avrundaring med dekor av ein enkel strek langs skinna	Øvre Dreggsal. 2-4	1200/1400-talet



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B12	B 6242 k	Bronse	II	19 mm.	<2 gr.	Glatt ringsinne m/kvadratisk hovud. Mista stein	Tyskebryggen	1200/1300-talet.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B13	BRM 0/85872	Bronse	II	16 mm.	<2 gr.	Glatt ring m/ rundt hovud. Mista stein og truleg vorte brent.	Bryggetgravningane	1248-1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B14	BRM 83/4051	Forgylt messing	II	19 mm.	2 gr.	Glatt ring m/ rundt hovud og fire sylindforma fatningar. Mista stein	Dreggsal. nedkjøring til SAS hotellet.	1200/1300-talet.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B15	BRM 0/17518	Bronse/messing	II	19 mm.	2 gr.	Smal ringskinne med eit rundt hovud. Mista stein	Brygge-utgravingane	1198-1248



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Gruppe	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B16	B 6778	Messing	II	19 mm.	<2 gr.	Smal ringskinne m/sirkeldecor og rundt hovud. Mista stein.	Leppengården	1200/1300-talet.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form	Funnstad	Datering
B17	BRM 0/14277	Bronse/messing	304 mm..	S-forma ledd med ein ring i enden.	Bryggeutgravingane	1413-1476




Perler mangler bilde, same for B20,21 og 28

Kat.no	Museums nr.	Materiale	Antal	Funnstad	Datering
B18	BRM 110/858	Bein	4	Finnegården 3A	1413-1476



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Antal	Funnstad	Datering
B19	B6383 f	Bein	1	Tyskebyggen	Udatert



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Antal	Funnstad	Datering
B22-24	BRM 0/27404	Rav, glas	25	Bryggeutgravingane	1332 - 1413



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Antal	Funnstad	Datering
B25 - 27	BRM 0/95314	Rav, glas, tre	49	Bryggeutgravingane	Udatert




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Høgde	Vekt	Funnstad	Datering
B29	BRM 0/95070	Bly	93 mm	58 gr.	Bryggeutgravingane / Søndre Søstergård	1248 - 1332



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B30	B7097 a	Gull	16 mm.	2 gr.	Glatt med hamra torn.	Kjøpmannstuens grunn 2	1198-1248



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B31	BRM 39/1181	Sølv	30 mm.	4 gr.	Tosidig dekor: triangelmønster og kryssmønster på framside. Innskrift på baksida.	Sandbrugaten	1200 -talet.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B32	BRM 0/4146	Sølv	23 mm.	2 gr.	Flettemønster.	Bryggeutgravningane	1198 - 1248




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Vekt	Form/dekor	Funnstad	Datering
B33	BRM 0/95078	Sølv	51 mm.	21 gr.	Innskrift og utforming av to gripande hender.	Bryggeutgravningane	1413-1476



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B35	B 6386 a	Bronse	40 mm.	Dekor av ni rosetter og to variantar av rune-liknande teikn plasserte i mellom desse.	Tyske-bryggen	1300-talet



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B36, 37	BRM 0/859	Bronse/messing	19 mm, 2 mm.	To like søljer funne saman. Dekor av tverråande riller.	Brygge-utgravingane	1476 - 1702



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B38	BRM 0/24753	Bronse/messing	Ikkje målbar	Utydeleg dekor. Storleiken på fragmentet tyder på at den har vore ei kappesølje	Brygge-utgravingane	1413 - 1476




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B39	BRM 0/41663	Bronse/messing	34 mm.	Dekor av små og store sirkclar.	Bryggeutgravingane	1170/71- 1198



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B40	BRM 0/87652	Bronse/messing	12 mm.	Glatt/ utydeleg dekor	Bryggeutgravingane	1198 - 1248



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B41	BRM 76/8816	Bronse/messing	19 mm.	Flettemønster.	Rosenkrantz gate 4.	1248-1332




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B42	BRM 0/3150/01	Bronse/messing	22 mm.	Delt dekor. Øvre del fletta, nedre del glatt.	Brygge-utgravingane	1248 - 1332




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B43	BRM 237/2597	Bronse/messing	Ikkje målbar	Truleg ei kappesølje ut frå storleiken på den fragmenterte ramma.	Øvre Dreggsal. 2-4	Udatert



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B44	BRM 237/10951	Kopar	25 mm.	Dekor av små innhogde runde groper.	Øvre Dreggsal. 2-4	1170/71-1198.



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B45	B 6242 h	Bly	29 mm.	To runde rammer haldt saman av seks runde kuler.	Tyske-bryggen	1248-1332




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B46	BRM 0/40082	Tinn	35 x 35 mm.	Figurativ sølje med dekor av to stiliserte dyr. Lik sølje er funne i London.	Brygge-utgravingane	1248-1332




Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B47	BRM 110/1462	Tinn	21 mm.	Ramme med delt dekor. Flette-mønster på øvre del og glatt på nedre del.	Finnegården 3A	1393- 1413



Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B48	BRM 0/7719	Tinn	33 mm.	Glatt sølje med fire runde kuler. Lik sølje er funne i London.	Brygge- utgravingane	1248-1332
						

Kat.no	Museums nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B34	BRM 76/1478	Sølv/forgylt	35 mm.	Dekor av sju forgylte lauv og bogemønster.	Rosenkrantz- gate 4.	Tidlegare i (Molaug 1998) har denne blitt datert til brannlagene 1248-1476. Stempel på baksida viste derimot at sølja er laga i Bergen i 1844 av gardeinen Christen Hoff.
						

Kat.no	Museum s nr.	Materiale	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B49	BRM 0/50364	Bly	48 mm	Jesu på korset, frå Lucca i Italia	Gullskoen-graving 1964	1248 –1332
						

Kat.no	Museum s nr.	Material e	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B50	0/50365	Bly	49 mm	Maria, jesubarnet og dei tre heilage kongane. Frå Köln, Tyskland.	Gullskoen-graving 1964	1248 –1332
						

Kat.no	Museum s nr.	Material e	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B51	0/50366	Bly	40 mm	St Peter og Paulus. Frå Roma..	Gullskoen-graving 1964	1248 –1332
						

Kat.no	Museum s nr.	Material e	Storleik	Form/dekor	Funnstad	Datering
B52-53	B 6242 a Nr 7425	Bly	50 -55 mm	Blysegl med motiv av jomfru Maria og barnet. Det andre viser St Martin og tiggaren	Tyskebryggen, Finnegården	1300-talet
Manglar bilete. Nr 7425 er utstilt på St-Annen –Museum,						

Appendiks II

Katalog for London-materialet. Smykke er katalogisert i same rekkefølje som Bryggen-materialet. I alt er materialet frå kat.no L1-159.

Kat.no	Museumsnr	Type	Gruppe	Materiale	Storleik	Funnstad	Datering	Antal
L1	1610	Fingerring	Gruppe II	gull	17 mm	TL74	ca. 1350-1400	1
L2	1611	Fingerring	Gruppe II	gull	17 mm	BC72	ca. 1350-1400	1
L3	1612	Fingerring	Gruppe II	gull	17 mm	TL74	ca. 1350-1400	1
L4	1613	Fingerring	Gruppe II	gull	17 mm	TL74	ca. 1350-1400	1
L5	1614	Fingerring	Gruppe II	gull	18 mm	BWB83	ca. 1350-1400	1
L6	1625	Fingerring	Gruppe I	messing	16 mm	BWB83	ca.1400-1450	1
L7	1626	Fingerring	Gruppe I	messing	18 mm	SWA81	ca.1400-1450	1
L8	1628	Fingerring	Gruppe I	messing	15 mm	SWA81	ca.1400-1450	1
L9	1629	Fingerring	Gruppe I	messing	20 mm	SWA81	ca.1400-1450	1
L10	1624	Fingerring	Gruppe I	messing	19 mm	BWB83	ca. 1350-1400	1
L11	1622	Fingerring	Gruppe I	messing	15 mm	BWB83	ca.1270-1350	1
L12	1627	Fingerring	Gruppe I	bronselegering	17 mm	SWA81	ca.1400-1450	1
L13	1618	Fingerring	Gruppe II	messing	15 mm	SWA81	ca.1270-1350	1
L14	1619	Fingerring	Gruppe II	messing	17 mm	BWB83	ca. 1350-1400	1
L15	1620	Fingerring	Gruppe II	messing	18 mm	SWA81	ca. 1350-1400	1
L16	1609	Fingerring	Gruppe II	bronse	17 mm	SWA81	Udatert	1
L17	1616	Fingerring	Gruppe II	bronse	deformert	SWA81	Udatert	1
L18	1615	Fingerring	Gruppe II	bronselegering	18 mm	BIG82	ca.1150-1200	1
L19	1617	Fingerring	Gruppe II	koppar	17 mm	SWA81	Udatert	1
L20	1623	Fingerring	Gruppe II	koppar	11 mm	BIG82	ca.1150-1200	1

L47	1489	perle		Rav		BC72	ca. 1350-1400	1
L48	1490	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	8
L49	1491	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L50	1492	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L51	1493	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L52	1494	perle		Rav		BC72	ca.1330-1380	1
L53	1495	perle		Rav		BC72	ca.1330-1380	1
L54	1496	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	7
L55	1497	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L56	1498	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L57	1499	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L58	1500	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L59	1501	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L60	1502	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L61	1503	perle		Rav		BC72	ca.1330-1380	1
L62	1504	perle		Rav		BC72	ca. 1350-1400	2
L63	1505	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L64	1506	perle		Rav		TL74	ca. 1350-1400	1
L65	1507	perle		Rav		SWA81	ca.1270-1350	1
L66	1508	perle		Rav		BC72	ca.1330-1380	1
L67	1509	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L68	1510	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L69	1511	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L70	1512	perle		Rav		TL74	ca.1270-1350	1
L71	1513	perle		Rav		CUS73	ca.1270-1350	1
L72	1582	perle		bergkrystall		SWA81	ca.1270-1350	1
L73	1588	perle		bergkrystall		TL74	ca.1270-1350	1

L74	1583	perle		bergkrystall		TL74	ca. 1350-1400	1
L75	1584	perle		tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L76	1585	perle		tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L77	1586	perle		glas		BIG82	ca.1200-1230	1
L78	1587	perle		glas		TL74	ca.1400-1450	1
L79	1600	Anheng		forgylt koppar		BIG82	ca.1200-1230	1
L80	1601	Anheng		bly-tinn		BWB83	ca. 1350-1400	1
L81	1602	Anheng		bly-tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L82	1603	Anheng		bly-tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L83	1604	Anheng		bly-tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L84	1605	Anheng		tinn		SWA81	ca.1400-1450	1
L85	1606	Anheng		tinn		BWB83	ca.1270-1350	1
L86	1607	Anheng		messing		SWA81	ca.1400-1450	1

Kat.no	Type	Museumsnr.	Materiale	Storleik	Vekt	Funntstad	Datering
L87	Sølje	1334	sølv	16 mm	0.75 gr.	BIG82	ca.1200-1230
L88	Sølje	1337	sølv	25.5 mm	2.35 gr	BWB83	ca. 1350-1400
L89	Sølje	1303	koppar	14mm		BIG82	ca.1200-1230
L90	Sølje	1304	koppar	21mm		BIG82	ca. 1230-1260
L91	Sølje	1305	koppar	18 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L92	Sølje	1308	koppar	23.5 mm		BIG82	ca.1150-1200
L93	Sølje	1310	koppar	30 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L94	Sølje	1338	koppar	29.5 mm		SWA81	ca.1400-1450
L95	Sølje	1343	koppar	22 x 23 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L96	Sølje	1306	bronselegering	20 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L97	Sølje	1307	bronselegering	23 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L98	Sølje	1309	bronselegering	28mm		BIG82	ca. 1230-1260
L99	Sølje	1311	bronselegering	20 mm		SWA81	ca.1270- 1350

L100	Sølje	1313	bronselegering	30 mm		SH74	ca.1270- 1350
L101	Sølje	1314	bronselegering	37 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L102	Sølje	1315	bronselegering	28 mm		TL74	ca.1270- 1350
L103	Sølje	1317	bronselegering	18.5 mm		BWB83	ca.1270- 1350
L104	Sølje	1318	bronselegering	45.5 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L105	Sølje	1335	bronselegering	20 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L106	Sølje	1339	bronselegering	26 mm		BIG82	ca.1150-1200
L107	Sølje	1316	bronse	18 mm		BWB83	ca.1270- 1350
L108	Sølje	1319	bronse	35 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L109	Sølje	1340	bronse	24 x 22.5 mm		SWA81	ca.1150-1200
L110	Sølje	1342	bronse	22 x 23 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L111	Sølje	1341	messing	21 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L112	Sølje	1312	messing	31mm		SWA81	ca.1270- 1350
L113	Sølje	1320	tinn	21 mm		BIG82	ca.1150-1200
L114	Sølje	1321	tinn	19.5 mm		SWA81	ca.1200-1230
L115	Sølje	1322	tinn	17 mm		BIG82	ca.1200-1230
L116	Sølje	1323	tinn	19.5 mm		BIG82	ca.1200-1230
L117	Sølje	1324	tinn	20 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L118	Sølje	1325	tinn	16 mm		BWB83	ca.1270- 1350
L119	Sølje	1326	tinn	17 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L120	Sølje	1327	tinn	22.5 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L121	Sølje	1328	tinn	24 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L122	Sølje	1329	tinn	23 mm		BWB83	1350-380
L123	Sølje	1330	tinn	21 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L124	Sølje	1331	tinn	28.5 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L125	Sølje	1336	tinn	27.5 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L126	Sølje	1333	tinn	26 mm		SWA81	udatert
L127	Sølje	1344	tinn	36 x 36 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L128	Sølje	1345	tinn	38 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L129	Sølje	1346	tinn	27 x 25 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L130	Sølje	1347	tinn	Fragment		BWB83	udatert
L131	Sølje	1348	tinn	34 mm		BWB83	ca.1270- 1350
L132	Sølje	1349	tinn	34 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L133	Sølje	1350	tinn	85 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L134	Sølje	1332	bly-tinn	37 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L135	Sølje	1351	bly-tinn	20 mm		BIG82	ca. 1230-1260
L136	Sølje	1352	bly-tinn	37.5 mm		SWA81	ca.1270- 1350
L137	Sølje	1353	bly-tinn	21 mm		BWB83	ca.1270- 1350
L138	Sølje	1354	bly-tinn	30 mm		SWA81	ca. 1350-1400
L139	Sølje	1355	bly-tinn	27 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L140	Sølje	1356	bly-tinn	25.5 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L141	Sølje	1357	bly-tinn	25 mm		TL74	ca.1400-1450
L142	Sølje	1358	bly-tinn	28 x 22 mm		SWA81	ca.1400-1450
L143	Sølje	1359	bly-tinn	28 x 27 mm		SWA81	ca.1400-1450
L144	Sølje	1360	bly-tinn	18 x 25 mm		SWA81	ca.1400-1450

L145	Sølje	1361	bly-tinn	16 x 23 mm		SWA81	ca.1400-1450
L146	Sølje	1362	bly-tinn	13.5 x 16 mm		SWA81	ca.1400-1450
L147	Sølje	1363	bly-tinn	16.5 x 23 mm		SWA81	ca.1400-1450
L148	Sølje	1364	bly-tinn	34 x 30 mm		TL74	ca.1400-1450
L149	Sølje	1365	bly-tinn	Fragment		SWA81	ca.1400-1450
L150	Sølje	1366	bly-tinn	Fragment		SWA81	ca.1400-1450
L151	Sølje	1367	bly-tinn	Fragment		SWA81	ca.1400-1450
L152	Sølje	1368	lik 1366	27 x 21 mm		SWA81	ca.1400-1450
L153	Sølje	1369	bly-tinn	51 x 31 mm		BWB83	ca. 1350-1400
L154	Sølje	1370	bly-tinn	14 x 20 mm		BWB83	ca.1400-1450
L155	Sølje	1371	bly-tinn	18 x 17 mm		SWA81	ca.1400-1450
L156	Sølje	1372	bly-tinn	25 x 27 mm		SWA81	ca.1400-1450
L157	Sølje	1373	bly-tinn	29 x 33 mm		SWA81	ca.1400-1450
L158	Sølje	1374	bly-tinn	88 mm		SWA81	ca. 1350-1400
L159	Sølje	1375	bly-tinn	29 mm		BC72	ca. 1350-1400